2. Driftsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellen for «2020 - Resultatoppstilling» som ligg i rapporten, og fordeling per Kostra-tema i skjema 1B.
3. Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellane for «Status investering og finansieringa» og "Status investeringar" som ligg i rapporten.

23.09.2020, FSK- 075/20 Vedtak:

1. Rapporten for 2. tertial 2020 vert teken til vitande
2. Driftsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellen for «2020 - Resultatoppstilling» som

ligg i rapporten, og fordeling per Kostra-tema i skjema 1B.

3. Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellane for «Status investering og finansieringa» og "Status investeringar" som ligg i rapporten.

Saksordførar: Lisbeth Fredheim Oma, Krf

29.09.2020, HST- 102/20 Vedtak:

1. Rapporten for 2. tertial 2020 vert teken til vitande

2. Driftsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellen for «2020 - Resultatoppstilling» som ligg i rapporten, og fordeling per Kostra-tema i skjema 1B.

3. Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellane for «Status investering og finansieringa» og "Status investeringar" som ligg i rapporten.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Rapporten for 2. tertial 2020 vert teken til vitande

2. Driftsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellen for «2020 - Resultatoppstilling» som ligg i rapporten, og fordeling per Kostra-tema i skjema 1B.

3. Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellane for «Status investering og finansieringa» og "Status investeringar" som ligg i rapporten.

Samandrag:

Rådmannen legg fram rapport om den kommunale økonomien etter 2. tertial 2020.

Tertialen vert presentert i ei nettløysing, med ei rekkje tilleggsinformasjon, som bl.a. status per vedtak og detaljar frå dei ulike tenesteområda. I tillegg er det lagt ved eit dokument til sakspapira med utdrag frå nettinnhaldet som skal vera tilstrekkeleg til å gje innblikk i det mest sentrale i tertialrapporten. I sakspapira ligg og BCM sine tertialrapportar for plasseringar og gjeld, samt fondsoversikt.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
697995	2.tertialrapport 2020
697981	Obligasjonsrapport per 2. tertial 2020
697982	Gjeldsrapport per 2.tertial 2020
697980	Fondsoversikt 2.T 2020

21.09.2020 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart teke til vitande

RMNFE- 019/20 Vedtak:

1. Rapporten for 2. tertial 2020 vert teken til vitande

2. Driftsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellen for «2020 - Resultatoppstilling» som

ligg i rapporten, og fordeling per Kostra-tema i skjema 1B.

3. Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellane for «Status investering og finansieringa» og "Status investeringar" som ligg i rapporten.

21.09.2020 Kvam Ungdomsråd

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

URÅD- 028/20 Vedtak:

1. Rapporten for 2. tertial 2020 vert teken til vitande

2. Driftsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellen for «2020 - Resultatoppstilling» som ligg i rapporten, og fordeling per Kostra-tema i skjema 1B.

3. Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellane for «Status investering og finansieringa» og "Status investeringar" som ligg i rapporten.

23.09.2020 Kvam formannskap

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 9 røyster

FSK- 075/20 Vedtak:

1. Rapporten for 2. tertial 2020 vert teken til vitande

2. Driftsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellen for «2020 - Resultatoppstilling» som ligg i rapporten, og fordeling per Kostra-tema i skjema 1B.

3. Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellane for «Status investering og finansieringa» og "Status investeringar" som ligg i rapporten.

Saksordførar: Lisbeth Fredheim Oma, Krf

29.09.2020 Kvam heradsstyre

Røysting:

FSK si tilråding vart samrøystes vedteke med 27 røyster

HST- 102/20 Vedtak:

1. Rapporten for 2. tertial 2020 vert teken til vitande

2. Driftsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellen for «2020 - Resultatoppstilling» som ligg i rapporten, og fordeling per Kostra-tema i skjema 1B.

3. Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellane for «Status investering og finansieringa» og "Status investeringar" som ligg i rapporten.

Saksopplysningar:

x

Vurdering:

x

2.tertial 2020 Kvam herad

Innhold

Forord	3
Covid-19.....	5
Økonomiske rammer for Pleie og omsorg	8
Sal av kraft	9
Framlegg til endringer i 2. tertial 2020.....	11
2020 Resultatoppstilling (3)	15
2020 Status investering og finansiering (2A)	16
2020 Status investeringer (2B)	16
Del 3 Investeringer i aksjer og andeler.....	18
Del 4 Utlån	19
2020 Status drift for kommunen (1A)	19
2020 Status drift for tjenesteområdene (1B).....	20
Økonomiske hovudlinjer	21
Sentrale inntekter.....	24
Totaloversikt økonomi	24
Finansinntekter og -utgifter	25
Sykefravær.....	26
Tenesteområda i kommunen	27
Finans og fellespostar.....	27
Styring og kontrollverksemd	27
Administrasjon	28
Barnehagar	29
Grunnskuleopplæring.....	29
Kommunehelse.....	30
Pleie og omsorg	30
Barnevern	31
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	32
Plansak, byggesak, oppmåling, kulturminner, natur og nærmiljø	32
Kultur	33
Samferdsel.....	34

Bustad.....	34
Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft	35
Brann- og ulykkesvern	35
Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde.....	36

Forord

Lysglimta som kom til syne i 1. tertial, ser ut til å slå inn i 2. tertial. Pandemi, låge kraftinntekter og andre driftsutfordringar, gjev likevel kommunen eit stort negativt netto driftsresultat, og opprettheld behovet for å koma i gang med nye innsparingstiltak. På grunn av pandemien og alle kjente og ukjente, korte og langsiktige konsekvensar av denne, er prognosane for 2020 usikre, og risikoen for forverring i resultatet relativt stor.

Ved inngangen til 2020 stod Kvam herad framfor eit utfordrande år med eit stort budsjettunderskot på 15,6 mnok, som utgjorde 1,8 % av driftsinntektene. Tilsvarande utfordringar i resten av økonomiplanperioden tilsa at kommunen måtte i gang med nye innsparingstiltak for å få økonomien i balanse. Ikkje langt ut i 2020, vart den økonomiske situasjonen raskt forverra. Fyrst med rekordlåge kraftprisar, deretter koronapandemi, som igjen forverra kraftprisane. Netto budsjettert driftsresultat var raudt med eit overforbruk på 35,8 mnok (4,2%) i fyrste tertial. Det var likevel nokre lyspunkt i sikte, som meir pandemikompensasjon frå staten, midlar frå Havbruksfondet og mogleg betre netto finansresultat.

I 2. tertial er dette innarbeidd, sjølv om storleiken på havbruksfondet (11,7) ikkje er heilt avklara endå, og finansresultat og skatteinntekter ikkje er klare får året er omme. Prognosane peikar likevel i rett retning, og driftsinntektene auka med 13,6 mnok, og finansområdet med ei forbetring på 3 mnok.

Netto auke i driftsutgifter er "berre" på 1 mnok., men i nettoen skjuler det seg nokre større utfordringar. Den største er at vidare analyse og budsjettmodellar for pleie- og omsorgstenestene viser at rammene truleg er 6,2 mnok. for låge for inneverande år for utgiftene til helg- og høgtidstillegg, overtid og vikar. I tillegg har me fått nokre ressurskrevjande saker i barnehage og barnevern, som det ikkje er rom for å handtera innanfor dei ordinære rammene. Dette utgjør 1,3 mnok. Utgiftene aukar òg med heile 8,3 mnok direkte knytt til korona, i tillegg til auken i 1. tertial. I talet er det inkl. 4 mnok til "koronatiltak" til flaumsikring og vedlikehald. Dei to tiltaka er finansiert med tilsvarande tilskotssummar. Til reduksjon på driftsutgiftene kjem òg koronatiltaket med redusert arbeidsgjevaravgift i 3. termin, som utgjør 3 mnok, og sannsynleg reduksjon i lønsvest i høve budsjett, på 2,5 mnok. Prognosen så langt viser likevel at kommunen har udekkta netto resultat på minst 1,4 mnok så langt for "koronrekneskapan".

Samla sett er det ei kjærkomen resultatforbetring i 2. tertial på 17,7 mnok, men den økonomiske situasjonen er framleis alvorleg og usikker med eit netto driftsresultat på - 18,2 mnok, - 2,1%.

Som mange andre kommunar i landet, har Kvam òg ei potensiell ekstra utfordring i høve manglande mottak av flyktningar. Dersom kommunen ikkje får flyktningar i år, kan resultatet verta forverra med om lag 4 mnok.

Kommunen har hatt nokre gode år med avsetning til disposisjonsfond, men desse midlane vert brukt fort opp no, og arbeidet med innsparingstiltak må halda fram. Sjølv om kommunane er bedt om å oppretthalda mest mogleg av aktiviteten for m.a. at næringslivet skal ha tilgang på oppdrag, tilrår rådmannen å forskyva ei rekkje prosjekt, både ut frå den økonomiske situasjonen, og ut frå at pandemien legg beslag på mange administrative ressursar. Rådmannen tilrår likevel ikkje stillings- og innkjøpsstopp, då tidlegare erfaring med tilsvarande tiltak har vist at dette er veldig avgrensa kva som er mogleg og hensiktsmessig å stoppa, og at det ofte er snakk om tidsforskyvingar mellom år. Kommunen har likevel i lengre tid hatt ei nøye vurdering av stillingar før utlysing, og dette arbeidet og å vera restriktive på innkjøpssida, må halda fram. Heller enn innkjøps- og stillingsstopp i ein perioden, må kommunen nytta tida til å arbeida med andre, varige innsparingstiltak. Noko det vert høve til i det komande budsjett- og økonomiplanarbeidet, som no går inn i ein intensiv periode.

Til trass for økonomiske utfordringar og handtering av pandemi, leverer kommunen framleis gode tenester av høg kvalitet, og har òg fleire spennande prosjekt og utviklingsarbeid på gang. Rådmannen nytta høvet til å nemna at Kvam herad si plassering i Kommunebarometeret vart forbetra med 100 plassar frå 205. plass i 2019 til 105. plass i 2020, og at kommunen fekk 122.plass i NHO sitt Kommune-NM, tilsvarande som i 2019. Resultata vil verta gjennomgått i samband med budsjettarbeidet for 2021, men det er naturleg i samband med tertialen å retta ei stor takk til alle tilsette, politikarar, innbyggjarar og næringsliv for innsatsen som ligg til grunn for desse resultata.

Med helsing, rådmann Anita Hesthamar

Covid-19


Etter stor innsats for å hindra smittespreiing i starten av 2. tertial, fekk me ein realtivt roleg og smittefri sommar i Kvam. Effektane av pandemien har likevel omfattande og uoversiktlege konsekvensar på kort og lang sikt. I inngangen til 3. tertial har me ei ny bølge med smitte og realtivt store utbrot i enkelte områder, som i Bergen.

I 2. tertial er prognosane for dei økonomiske effektane av koronapandemien innarbeidd i budsjettet for 2020. Effektane påverkar dei fleste tenesteområda på ein eller annan måte, og mange av inntekts- og utgiftspostane. Kommunen har motteke fleire tilskot frå staten for å kompensera for auka utgifter og reduserte inntekter, men samla ser me at auken i utgifter og reduksjon i inntekter overstig kompensasjonane frå staten. Og dette reknestykket er utan effekten pandemien har hatt på kraftprisane, eller tek høgd for eventuell lokalt smitteutbrot i 3. tertial.

Sum i 1.000 kr	Kommentar
-7 703	Ekstra rammetilskot
-1 569	Kompensasjon redusert foreldrebetaling
-425	Tilskot til flaumsikring
-3 600	Ekstra vedlikehaldstilskot
-13 297	Auke i tilskot statlege tilskot
6 742	Tapte skatteinntekter, sannsynlevis knytt til korona
1 547	Tap foreldrebetaling
325	Tap kulturskuleinntekter
50	Redusert brukarbetaling helse
8 664	Tap kommunale inntekter
-3 000	Redusert arbeidsgjevaravgift - statleg kompensasjon
-2 500	Sannsynleg reduksjon i lønsoppgjer (lågare lønsvekst)
425	Bruk av flaumsikringsmidlar
3 600	Bruk av vedlikehaldstilskot (sjå eiga sak)
425	Luftvegslegevakt, justert i 2. tertial
304	Auka legeutgifter i 1. tertial
500	Auka frekvens av reinhald, justert i 1. tertial
1 574	Auke i lønskostnader i 1. tertial
1 070	Auke i driftsutgifter i 1. tertial
1 271	Resterande forbruk frå 1. tertial, innarbeidd i 2. tertial
595	Ekstra utgifter skule i 2. tertial
132	Ekstra utgifter teknisk i 2. tertial
40	Ekstra utgifter andre i 2. tertial
550	Estimat ytterlegare utgifter opvekst i 3. tertial
100	Estimat ytterlegare utgifter helse i 3. tertial
750	Estimat ytterlegare utgifter teknisk i 3. tertial
5 837	Netto auke i utgifter
1 204	Netto resultat

Det vil seia at Kvam truleg kjem til å bruka 1,2 mill.kr. meir enn me har fått kompensert. I tillegg kan det koma ein auke i pensjonsutgifter på 0,2 mill.kr. Største utfordringa i høve dei økonomiske utfordringane er likevel at, til trass for grundig gjennomgang, er mykje framleis usikkert. I etterkant av utarbeiding av tertialen, har kommunane fått beskjed frå fylkesmannen om å planleggja for at tiltak for å hindra og handtera smitte, må halda fram minst til sommaren 2021. Sjølv om det vert arbeidd mykje med å laga ein vaksine, vil det ta tid før denne er klar til bruk og til utbreiinga er stor nok til at pandemien er handtert. På grunn av det langvarige ekstraarbeidet i kommunane, må kommunane truleg rekna med å bruka ekstra ressursar, og fylkesmannen ynskjer at helseressursar vert brukt i minst mogleg grad til m.a. smittesporing.

Sjølv om me heldigvis fekk ein relativt roleg sommar i høve pandemien, var trykket på legetenster, og særleg legevakt og testing, høgt. Grafen under viser tal på tester per veka:



Eit av tiltaka mot smittespreiing, er at terskelen for testing skal vera lågare, og kommunen skal ha kapasitet til å kunne testa 5% av innbyggjarane. Rådmannen har difor sett seg nøydd til å oppretta luftvegsklinikk igjen, og auka kapasitet på testing.

Sjukefråværstala for hausten er endå ikkje klare, men erfaringa så langt tyder på at me kjem til å få ein auke her, både på grunn av at arbeidstakarane må halda seg heime ved relativt små symptom, i påvente av ev. testresultat, og tilsvarende for ev. born. Det kan medføra auka utgifter til vikar og overtid. Det som likevel ikkje kjem fram av tabellen ovanfor, er bruken av administrative ressursar og andre ressursar til bl.a. hygienetiltak, samt situasjonar der me ikkje tek inn vikarar. Alt dette påverkar kapasiteten i organisasjonen til å handtera anna drift og utviklingsarbeid. Både ut frå den usikre økonomiske situasjonen, arbeidskapasiteten og slitasjen frå å handtera pandemien gjev på organisasjonen, rår difor

rådmannen til m.a. å utsetja ei rekkje prosjekt i tertialen. Oppfølging av ein del politiske vedtak, vert òg forseinka.

Samstundes med at Kvam herad må handtera pandemien sjølv, har både næringsliv, lag og organisasjonar og enkeltindivid sine utfordringar, og forventningar om støtte frå kommunen. Det er òg forventning om at aktivitetane skal normaliserast mest mogleg, bl.a. fritidsaktivitetar som nyttar kommunale bygg. Det legg ekstra press på reinhaldskapasiteten til kommunen, særleg ved bruk av skule- og barnehagebygg på fritida, og krav til reinhald før born tek dei i bruk igjen. Her må truleg kommunen vera meir restriktiv i utlån av bygg, men det kan sjølvsagt verta uheldig for viktig arbeid i lag og organisasjonar. Her vert det utfordrande å finna ein god balanse mellom dei ulike omsyna.

Økonomiske rammer for Pleie og omsorg

Hausten 2018 vart det gjennomført ein analyse av tenesta i samarbeid med Agenda Kaupang. Bakgrunnen for analysen var fleire år med meirforbruk utover budsjett i tenesta og eit uløyst innsparingskrav. Arbeidet har foregått i 2019 og 2020 og ny organisering er implementert frå 1.april 2020. Delprosjekt er fortsatt aktive og fortsett for å få ei meir robust og framtidretta tenesteorganisering.

Analysen peikar på utfordringsbilde kommunen står overfor og kom med ei rekkje tilrådingar innan både praksis for tildeling av tenester, praksis for fordeling av ressursar og organisering. På bakgrunn av analysen vart utviklingsprosjektet «Eit godt liv der me bur- tenester for framtida, meistring og deltaking» oppretta. I tillegg til omorganisering og å utvikla tenester for framtida, vart det i vår utvikla ein budsjettmodell for fordeling av ressursar mellom dei ulike tenestetilboda. Modellen vart teke i bruk til fordeling av faste årsverk ut frå ein samansetning av m.a. pleiefaktor (årsverk per sengepost) for institusjonar og vedtakstimar (ATA - ansikt-til-ansikt-faktor) for heimetenester og omsorgsbustader. I tillegg var det eit krav til at modellen skulle løysa eit innsparingskrav på 5 mill.kr. som tenesta har hatt. Dette er baka inn, men sidan omorganiseringa ikkje vart gjennomført før i 2. kvartal, får me ikkje heilårsverknad i 2020, det vil seia at innsparinga vert på 3,7 mill.kr.

I etterkant av tildeling av faste årsverk, har det vorte arbeidd vidare med modellar og fordeling av dei andre hovudlønspostane i pleie- og omsorgstenesta, helg- og høgtidstillegg, ekstrahjelp, overtid og vikar. Postane har vore prega av overforbruk i høve budsjettrammene dei siste åra, med 14 mill.kr. i 2018 og 12,5 mill.kr. i 2019. Det har vore utfordrande å finna ut om det skuldast at totalrammene til tenesteområdet har vore for låge, intern skeivfordeling mellom avdelingar, nye, utvida oppgåver, dårleg styring av personal/økonomi eller andre grunnar. Ny modell sett opp mot rekneskap, noverande budsjettrammer og prognosar for 2020, viser at svaret er litt av alt, men i hovudsak at rammene har vore for låge til desse postane, då kommunen vil m.a. ha behov for ekstern vikar med riktig kompetanse under ferieavvikling, og nye ordningar for helg- og høgtidstillegg for helsepersonell medfører auke kommunen sine utgifter. Analyse og prognose for desse postane for 2020, viser at dei fleste postane allereie har eit overforbruk, og ut frå prognosen for resten av året, er det lagt inn følgjande auke i budsjettpostane for 2020 i 2. tertial:


Sum i 1.000 kr	Kommentar
2 750	Helg- og høgtidstillegg
1 700	Overtid
1 700	Vikar
6 150	Auke i budsjettrammer

Helg- og høgtidstillegg avheng av tal på årsverk og pris per time. Prisen per time avheng igjen kven som arbeider helg- og høgtidstillegg, og kor mykje dei har arbeidd i helg- og høgtid tidlegare i året. Det siste er ei endring frå 2018. Utgifter til overtid og vikar har ein del til felles med kostnadsdrivarar for helg- og høgtidstillegg. Men me ser at dersom me skal få ned helg- og høgtid, må me arbeida vidare med å ta ned årsverk. Me kan òg redusera på utgifta med å planleggja turnus betre for å få ned pris per time, og å vera medvitne på kva tilsette me nyttar. Alle gruppeleiarar i den nye organiseringa, skal i haust gjennomføra kurs i turnusplanlegging. Rådmannen trur at det er mogleg å få til noko innsparing i komande år, og vil koma attende til dette i samband med økonomiplanen. Me må likevel rekna med å auka rammene for dette tenesteområdet i komande budsjettår.

Sal av kraft

Kvam herad disponerer årleg ei kraftmengde på 167,5 GWh, av dette er 106,6 GWh heimfallskraft og 60,9 GWh konsesjonskraft. Kraftmengda gjev Kvam herad ei vesentleg ekstra inntekt som ein middels stor kraftkommune. Når kraftprisane i 2020 har vore på rekordlåge nivå, slår dette hardt inn i budsjett 2020.

Kvam herad disponerer ei fast mengde årleg kraft. Den vert forvalta etter månedsblokk-modellen, som gjev oss eit fast volum kvar måned, både for konsesjonskraft og heimfallskraft. Kvam herad sin uttaksprofil ser slik ut i Mwh:



Volumet er størst om vinteren når forbruket er høgast. Denne produksjonsprofilen er fast, og det er dermed kva salspris kommunen oppnår som er hovudvariabelen for kva inntekt me får. Sjølv om volumet er fast innanfor ein måned har den som sel krafta på vegne av kommunen fleksibilitet til å selja volumet innanfor kva tid på døgnet prisen er høgast og inngå fastprisavtalar i kortare eller lengre periodar. Strategi for sal av kraft som kraftforvaltar skal forhalda seg til er vedteke av heradsstyret.

I 2018 og 2019 var prisane særst høge og heradet fekk 65 mnok og 69 mnok i kraftinntetker. Kraftoverskotet vart 24 og 29 milionar kr. I 1.tertial 2020 vart inntektsprognosen redusert til 33 mnok og 8,3 mnok i overskot. På 2.tertial er dette ytterlegare redusert til 31,4 mnok i inntekter og 7,9 mnok i overskot på kraft. Resultatet på kraft er altså redusert med heile 21,7 mnok i budsjett 2020 i forhold til rekneskap 2019. Figuren under viser resultatet på kraft i 2018 og 2019 og forventa overskot i 2020.



Grunnrenteskatt og overskotsskatt på sal av heimfallskraft er også avhengig av prisnivået. Inntekta på kraft er redusert med 29 mnok, frå 60,3 mnok på opphavleg budsjett til 31,3 mnok på justert budsjett. Låge salsprisar har heldigvis ein motpost med redusert skattetrykk. Derfor er nedgangen i resultatet mindre enn sjølve reduksjonen i inntekt.

Kvam herad har i tillegg ei årleg inntekt på ca 4,4 millionar i form av konsesjonsavgift. Denne inntekta er eit fast årleg beløp som konsesjonærane betaler heradet, og midlane blir satt av på næringsfondet. Kvam herad eig også Kvam Kraftverk og har ein eigarandel i BKK. Utbytte frå 2019 vert utbetalt i 2020. Her er nivået redusert med 3 millionar i 2020 i forhold til opprinneleg budsjett. I sum er kraftrelatert inntekter kraftig redusert i 2020. Kommunen har tidlegare sett av midlar frå gode år til disposisjonsfond over fleire år, som no vert brukt til å kompensera for reduksjonen.

Framlegg til endringar i 2. tertial 2020

Obligatoriske tabellar og rådmannen sine framlegg til endringar per 2.tertial 2020.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtar følgjande:

1. Rapporten for 2. tertial 2020 vert teken til vitande
2. Driftsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellen for «2020 - Resultatoppstilling» som ligg i rapporten, og fordeling per Kostra-tema i skjema 1B.
3. Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellane for «Status investering og finansiering» og "Status investeringar" som ligg i rapporten.

Forklaring til framlegg endringar drift per 2. tertial

Etter budsjettjustering 2.tertial er netto driftsresultat fortsatt negativt, men det er forbetra med 17,6 mnok i forhold til justert budsjett 1.tertial. Årsakene til forbetringa er fleire, men i hovudsak at det er lagt inn 11,7 mnok i inntekt på Havbruksfond og at fleire driftsprosjekt er tidsforskyve til 2021. Sjølv om det er ei forbetring er me langt frå å oppnå TBU(Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi) si anbefaling på 1,75% av driftsinntektene. For å oppnå TBU si anbefaling må netto driftsresultat forbetrast med ytterlegare 33,4 mnok til 15,2 mnok.

Sum driftsinntekter er auka med 13,6 mnok. Det er lagt inn 11,7 mnok i inntekt frå Havbruksfondet i 2020. Kommunen har motteke 4,8 i ekstra rammetilskot relatert til Korona, der 3,6 mnok og 0,43 mnok er øyremarka vedlikehald og flaumsikring. Budsjett på eigedomsskatt er justert opp med 1 mnok i justert prognose. På den negative sida er kraftinntektene justert ned med 1,5 mnok. Siste prognose frå KS viser ein reduksjon i skatteinntekter på 0,7 mnok. Tidsforskyving av prosjekt har flytta inntekter over til 2021.

Sum driftsutgifter er redusert med 1 mnok. Helse og omsorg har fått auka rammene på 6,2 mnok for å dekke utgifter til overtid, helg- og høgtidstillegg og vikarbyrå. Oppvekst har fått ein rammeauke på 1,3 mnok i 2.tertial. Dette er knytt til spesielt ressurskrevjande saker i barnevern og barnehage. Vedtak om å auka tilskot til lag og organisasjonar medfører auke i kostander på 0,6 mnok. Budsjettet er også justert for utbetalingar til private frå kraftfondet på 1,3 mnok. Vedteke lån til Hardanger AKS aukar driftsutgiftene med 0,5 mnok. Kostnader direkte tilknytt Korona har ført til ein budsjettauke på 8,3 mnok. Dette er kostnader til lønn, drift, luftvegslegevakt og bruk av investerings- og flaumtilskotet. 5,5 mnok er dekkja av reduserte kostander på arbeidsgjevaravgift pga redusert sats på 3.termin og forventa lågare lønnsjustering i 2020. Lågare kraftinntekter fører til reduserte utgifter på 1,2 mnok, det vil sei ein nettoreduksjon på 0,35 mnok på kraft. I realiteten er det altså ein nokså stor auke i driftskostnader på 2.tertial, men tidsforskyving av ulike driftsprosjekt gjer at sum driftsutgifter likevel har ein netto reduksjon på 1 mnok.

Netto finansutgifter er redusert med 3 mnok. Renteinntekter og utbytte er justert opp med 1,5 mnok fordelt på renter på utlån og obligasjonar og auka utbytte frå BIR. Renteutgiftene er justert ned med 1,5 mnok etter at det oppnådd lågare fastrente på refinansierte lån i 2020.

Netto avsetjing til eller bruk av bundne driftsfond er auka med 5 mnok. Netto er det bruk av fond. Det er lagt inn 1,3 i bruk av kraftfondet til utbetalingar etter søknad .Lån til Hardanger AKS på 0,5 er dekket av næringsfondet. Opphavleg vedtak om å dekke dette av kapitalfond er ulovleg då utlånet må først i drift. Resten er knytt til tidsforskyvingar og noko bruk av øyremerka midlar inn i drift.

Netto avsetjing til eller bruk av disposisjonsfond er auka med 12,7 mnok. Netto er det avsetjing til fond. Inntekt på Havbruksfond på 11,7 mnok vert avsett. Tidsforskyvingar reduserer fondsbruken med 4,1 mnok. Medan det er auka bruk av fond for å dekke vedteke ekstra tilskot til lag og organisasjonar på 0,6 mnok og 2,6 mnok for å dekke netto rammeauke på 2.tertial.

Følgjande driftsprosjekt er endra i tertialen:

P19091 E-taksering (2019 – 2021) – 1,6 mnok er fordelt til 2021.

P19171 Hardangertunnelen – forskyvd prosjektramma til 2021.

P19190 Lean fase 3 – tidsforskyvd 0,4 mnok til 2021.

P37200 Produksjonskjøken – tidsforskyvd 1,0 mnok til 2021.

P61208 Saneringsplan for Ålvik – forskyvd prosjektramma på 0,1 mnok til 2021.

P71091 Kompensasjonsmidlar tettstadutvikling Ålvik – forskyvd restramma på 1,2 mnok til 2021.

P71181 Revisjon kommuneplan Kvamskogen – forskyvd 0,6 mnok til 2021.

P71182 Utvikling av Kvamskogen – forskyvd 0,3 mnok til 2021.

P71185 Reguleringsplan Skarpen – forskyvd 0,4 mnok til 2021.

P71200 Klima og energiplan – forskyvd 0,05 mnok til 2021.

P71201 Regulering gang og sykkelveg Ålvik – Vikedal - forskyvd restramma på 0,1 mnok til 2021.

P71202 Prosjekt Kvamsøy – forskyvd prosjektramma til 2021.

P80191 Områdeplan Øystese sentrum – forskyvd 0,2 mnok til 2021.

Forklaring til framlegg endringar investering per 2. tertial

P61203 Høgdebasseng Torpe - anlegget er estimert med ein totalkostnad på 5 mnok, og det er lagt inn auke på 1,3 mnok i 2. tertial. Oppstart skjer i 2020, og hovuddelen av arbeidet vil skje i 2021. Finansiert med bruk av sjølvfinansierande lån.

P61213 VA Sandvenhagen – Mo - prosjektet er ferdigstilt i 2020, men opphavleg budsjett på 0,7 mnok var for lågt estimert, då det kom tilleggsarbeid for å knyta saman VA-infrastuktur i Sandvenhagen. Det vert lagt inn auke på 0,8 mnok, slik at total budsjettramme er 1,5 mnok i 2020.

P62202 Oppgradering av varmeanlegg ved Mikkjelsflaten – det er funne andre løysingar som erstattar eksisterande varmeanlegg, og det er difor ikkje behov for eit nytt prosjekt. Prosjektet er teke ut av budsjettet og nullstilt.

Følgjande investeringsprosjekt er forskyvd framover i tid:

P16152 Velferdsteknologi – restramma på 1,5 mnok er forskyvd til 2021.

P19141 Hardangerbadet – forskyvd 0,35 mnok til 2021.

P19171 Hardangertunnelen – forskyvd prosjektramma til 2021.

P20200 Kommunikasjonsløysing skule/bhg – forskyvd prosjektramma til 2021.

P37162 Dagsenter Strandebarm – forskyvd restramma på 0,75 mnok til 2021.

P37163 Dagsenter Øystese – forskyvd restramma til 2021.

P60096 Komp.midlar veg-skjering, Bakka – tidsforskyvd restramma til 2021.

P60153 Ny vassleidning, Fosse – tidsforskyvd 1,7 mnok til 2021.

P60175 Digitalisering og samordning av adm. fagsystem – forskyvd restramma til 2021.

P60185 Oppgradering av VA-leidningskart – fordelt 1,0 mnok til 2021.

P60187 Utsifting av hovudvassleidning Skålheim - Mo i Øystese – forskyvd til 2021.

P60188 Tilfluktsrom/arkivrom - tidsforskyvd restramma til 2021.

P61073 Ny pumpestasjon P5, Tolo – prosjektering i 2020, forskyvd 1,3 mnok til 2021.

P61091 Felles slamavskiljar Vikøy - tidsforskyvd restramma til 2021.

P61118 Reserveforsyning vatn – forskyvd restramma på 1,4 mnok til 2021.

P61143 Veg Sandvenhagen/Sæland – forskyvd restramma på 3,9 mnok til 2021.

P61151 Kryss Tolo – Buspareklubben – overført prosjektramme til 2023.

P61159 VA-pumpestasjon ved Fartøyvernsenteret – forskyvd restramma på 0,7 mnok til 2021.

P61166 Utsifting til LED i veglys – forskyvd restramma på 0,2 mnok til 2021.

P61173 Rekkverk kommunale bruer – forskyvd restramma på 0,1 mnok til 2021.

P61185 Oppgradering av pumpestasjonar i Steinsdalen – forskyvd delar av prosjektramma til 2021.

P61188 Oppgradering av reduksjonskummar – forskyvd halve prosjektramma, 1,0 mnok, til 2021.

- P61193 Utbygging av Strandebarm Omsorg** – forskyvd 2,5 mnok til 2021 og 2,5 mnok til 2022.
- P61194 Rassikringstiltak** – forskyvd restsum på 1,0 mnok til 2021.
- P61197 VA-sanering ved rådhuset/Norheimsund skule** – forskyvd 0,8 mnok til 2021.
- P61198 VA-sanering i Skårdalsvegen i Øystese** – forskyvd 0,95 mnok til 2021.
- P61199 Oppgradering av kommunale kaiar** – prosjektering i 2020, forskyvd 1,0 mnok til 2021.
- P61201 VA-sanering Norheim del III** - forskyvd 13 mnok til 2021. Oppstart hausten 2020 og ferdigstilling 2021.
- P61211 Varmepumpe Strandebarm skule** – forskyvd prosjektramma på 0,6 mnok til 2022.
- P62183 Ombygging av Tolomarka barnehage** – forskyvd 0,8 mnok til 2021.
- P62203 Oppgradering varmpumpe ved Kvam ungdomsskule** – forskyvd prosjektramme på 1,5 mnok til 2021.
- P65180 Brannstasjon KVBR** – forskyvd prosjektramma til 2021. Ny brannstasjon kjem opp som eiga sak.
- P80200 Digitalisering eigedomsarkiv** – forskyvd restramma på 2,2 mnok til 2021.
- P91190 Norheimsund skule – uteområde** – forskyvd restramma på 0,3 mnok til 2021.
- P91191 Ombygging Øystese barneskule** – forskyvd restramma på 0,6 mnok til 2021.

2020 Resultatoppstilling (3)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Rekneskap 2019	Budsjett 1.tertial	Justering i 2.tertial
Rammetilskudd	-223 367	-319 357	-305 351	-296 357	-314 631	-4 726
Innteks- og formuesskatt	-146 192	-231 312	-238 049	-234 746	-232 054	742
Eiendomsskatt	-22 567	-42 878	-41 878	-41 025	-41 878	-1 000
Andre skatteinntekter	-37	-4 400	-4 400	-4 488	-4 400	0
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-17 813	-52 769	-64 986	-75 315	-42 469	-10 300
Overføringer og tilskudd fra andre	-47 271	-96 409	-93 817	-113 379	-97 900	1 491
Brukerbetalinger	-16 189	-25 985	-27 907	-29 434	-25 985	0
Salgs- og leieinntekter	-47 470	-93 696	-98 921	-97 194	-93 846	150
Sum driftsinntekter	-520 905	-866 806	-875 310	-891 938	-853 164	-13 643
Lønnsutgifter	298 919	476 698	464 281	455 956	473 433	3 265
Sosiale utgifter	92 799	122 012	126 441	126 002	124 564	-2 552
Kjøp av varer og tjenester	98 373	163 956	159 961	165 649	162 262	1 694
Overføringer og tilskudd til andre	41 473	75 490	95 420	91 292	78 890	-3 399
Avskrivninger	0	46 738	46 738	49 333	46 738	0
Sum driftsutgifter	531 564	884 894	892 841	888 231	885 887	-993
Brutto driftsresultat	10 659	18 088	17 531	-3 707	32 723	-14 635
Renteinntekter	-4 724	-4 780	-5 455	-8 355	-3 455	-1 325
Utbytter	-5 721	-12 800	-15 600	-15 541	-12 600	-200
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-220	200	200	-1 371	200	0
Renteutgifter	16 072	22 885	24 385	23 301	24 385	-1 500
Avdrag på lån	0	41 300	41 300	37 400	41 300	0
Netto finansutgifter	5 407	46 805	44 830	35 434	49 830	-3 025
Motpost avskrivninger	0	-46 738	-46 738	-49 333	-46 738	0
Netto driftsresultat	16 065	18 155	15 623	-17 606	35 815	-17 660
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	0	0	0	20	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-2 535	7 019	3 440	8 588	2 011	5 008
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	0	-25 174	-19 063	822	-37 827	12 653
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-2 535	-18 155	-15 623	9 429	-35 815	17 660
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	13 530	0	0	-8 177	0	0

Denne tabellen tilsvare Hovudoversikt drift frå gammal kommunelov, men er ikkje heilt lik.

2020 Status investering og finansiering (2A)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Budsjett 1.tertial	Justering i 2. tertial
Investeringer i varige driftsmidler	46 290	94 978	186 647	162 341	-67 363
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	2 145	2 500	3 000	3 000	-500
Utlån av egne midler	13 300	25 000	10 000	25 000	0
Avdrag på lån	1 597	2 500	2 500	2 500	0
Sum investeringsutgifter	63 333	124 978	202 147	192 841	-67 863
Kompensasjon for merverdiavgift	-6 705	-11 670	-26 054	-19 061	7 391
Tilskudd fra andre	-16 004	-4 364	-1 660	-5 424	1 060
Salg av varige driftsmidler	-584	-3 217	-5 600	-4 717	1 500
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-3 590	-2 200	-2 200	-2 200	0
Bruk av lån	-13 300	-88 885	-145 567	-143 916	55 031
Sum investeringsinntekter	-40 183	-110 336	-181 081	-175 318	64 982
Overføring fra drift	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	0	-6 444	-8 366	-7 394	950
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	5 072	-8 198	-12 700	-10 129	1 932
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	5 072	-14 642	-21 066	-17 523	2 882
Fremført til inndekning i senere år (udekket)	28 221	0	0	0	0

Tabellen syner det samla finansieringsbehovet til kommunen, og korleis investeringane er finansierte. Finansieringsbehovet er fordelt per prosjekt i skjema 2B.

2020 Status investeringer (2B)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Budsjett 1.tertial	Justering i 2. tertial
Andre investeringar	1 051	0	0	0	0
Offentleg toalett Norheimsund	218	328	328	328	0
Parkering Bjørketeigen	29	0	0	0	0
VA-sanering Øystese sentrum/vest	6	0	0	0	0
Sigevatn Tolomarka	484	0	0	0	0
VA-sanering Norheim del II	44	0	0	0	0
Fornyng av bilpark, teknisk eining	224	0	0	0	0
Barnehage - Øystese	12	0	0	0	0
Prosjekt mangler	2 159	0	0	0	0
Sum	4 226	328	328	328	0
Stab, rådmann og ordførar					
IT-investeringar 2020	473	1 800	1 800	1 800	0
0* Velferdsteknologi	566	625	2 500	2 500	-1 875
Hardangerbadet	288	700	700	700	0

Sum Stab, rådmann og ordfører	1 327	3 125	5 000	5 000	-1 875
Oppvekst					
IKT prosjekt i skule og barnehage	1 631	1 500	0	1 500	0
Kommunikasjonsløysing skule - foreldre	0	1	313	313	-313
Sakssystem PPT	125	125	125	125	0
Sum Oppvekst	1 756	1 626	438	1 938	-313
Helse og omsorg					
Dagsenter Strandebarm	0	0	750	750	-750
Dagsenter Øystese	0	1	13	13	-13
Sum Helse og omsorg	0	1	763	763	-763
Teknisk og informasjon					
Ny vassleidning, Fosse	0	200	1 900	1 900	-1 700
Utfylling i sjø - Øystese sentrum	5 009	5 000	5 000	5 000	0
Oppgradering av VA-leidningskart	30	300	1 000	1 000	-700
Ombygging og ny barriere Strandebarm vassverk	1 044	1 200	1 200	1 200	0
Utsifting av hovudvassleidning Skålheim - Mo i Øystese	0	0	2 200	2 200	-2 200
Tilfluksrom/arkivrom	0	113	438	438	-325
Infrastruktur ind.område Sandvenhagen del II	8 824	1 250	1 250	1 250	0
Asfaltering 2020	676	1 875	1 875	1 875	0
Fornyng teknisk utstyr 2020	532	625	625	625	0
0*Fornyng teknisk utstyr VAR 2020	500	500	500	500	0
Skifte av SD - anlegg i kommunale bygg	0	1 000	1 000	1 000	0
Ny pumpestasjon P5, Tolo	0	101	1 468	1 468	-1 368
Felles slamavskiljar Vikøy	0	0	1 300	1 300	-1 300
Oppgradering hovudrenseanlegg avløp	488	5 300	5 300	5 300	0
Oppgr. av eksisterande vassverk i Kvam	12	500	500	500	0
Reserveforsyning vatn	122	300	1 700	1 700	-1 400
Veg Sandvenhagen/Sæland	112	125	10 650	5 000	-4 875
Kryss Tolo - Buspareklubben	27	29	7 226	7 226	-7 198
VA-pumpestasjon ved Fartøyversenteret	9	9	750	750	-741
Kloakksanering Ålvik	127	450	450	450	0
Opning av dam på Solhaug	18	4 313	4 313	4 313	0
Utsifting til LED i veglys	101	101	1 250	1 250	-1 149
Rekkverk kommunale bruer	89	188	313	313	-125
Oppgradering av pumpestasjonar i Steinsdalen	0	1 500	4 950	4 950	-3 450
Oppgradering av kummar i heradet - avlaup	102	600	600	600	0
Oppgradering av kummar i heradet - vatn	91	1 500	1 500	1 500	0
Oppgradering av reduksjonskummar	2	1 137	2 187	2 187	-1 050
Utbygging av Strandebarm Omsorg	3 976	5 000	24 900	10 000	-5 000
Rassikringstiltak	533	800	1 875	1 875	-1 075
Trykkaukestasjon Løyning i Øystese	15	0	0	0	0
VA-sanering ved rådhuset/Norheimsund skule	0	200	1 000	1 000	-800
VA-sanering i Skårdalsvegen i Øystese	0	0	950	950	-950
Oppgradering av kommunale kaiar	0	375	8 750	625	-250
Pumpestasjon Evjo i Øystese	3 064	3 500	3 500	3 500	0
VA-sanering norheim del III	141	2 000	15 000	15 000	-13 000
Høgdebasseng Torpe	40	1 550	250	3 750	-2 200
Tolo reinseanlegg - byte av sil	284	1 160	1 160	1 160	0
Kjøp av liten og stor hjullastar	1 432	2 500	2 500	2 500	0
Drikkevassledning Tolo - Straumbrua	66	2 150	2 150	2 150	0
Rekkverk kommunale vegar	113	156	156	156	0

Varmepumpe Øystesehallen	878	938	938	938	0
Varmepumpe Strandebarm skule	0	0	625	625	-625
Spyle og sugevogn ettrdrift Tolomarka	1 985	1 385	1 385	1 385	0
VA- sanering Sandvenhagen - Mo	1 398	1 500	700	700	800
Utskifting glas og fasade rådhus	2 292	2 375	2 375	2 375	0
Oppgradering av brannvarslingsanlegg i kommunale bygg	0	950	950	950	0
Modulbustader til ROP	1 543	1 875	1 875	1 875	0
Ombygging av Tolomarka barnehage	487	8 165	100	7 165	1 000
Oppgradering bygg 2020	2 197	1 461	1 250	1 250	211
Oppgradering av varmeanlegg ved Mikkjelsflaten	0	0	750	750	-750
Oppgradering vamepumpe ved kvam ungdomsskule	0	0	1 500	1 500	-1 500
Modulbygg ved Kvam ungdomsskule	151	469	0	469	0
Forprosjekt KVBR	64	5 060	5 060	5 060	0
Brannstasjon KVBR	51	63	23 125	6 250	-6 188
Norheimsund skule - uteområde	0	125	500	500	-375
Ombygging Øystese barneskule	112	125	0	0	125
Sum Teknisk og informasjon	38 736	72 095	164 768	130 252	-58 157
Samfunn og utvikling					
Komp.midlar veg skjering Bakka	202	200	3 325	3 825	-3 625
Ny vidaregåande skule i Norheimsund	40	200	0	200	0
Komp.midlar veg , Odland-Lidarende	0	6 250	6 250	6 250	0
Kvam vgs-samlokaliasjon tenester	1	75	75	75	0
Dagsturhytte	0	1 000	1 000	1 000	0
Sum Samfunn og utvikling	243	7 725	10 650	11 350	-3 625
Plan og byggesak					
Digitalisering og samordning av adm. fagsystem	0	6	100	100	-94
Digitalisering eigedomsarkiv	0	313	2 500	2 500	-2 188
Sum Plan og byggesak	0	319	2 600	2 600	-2 281
Finans					
Dummy prosjekt - Andre investeringer	0	10	0	10	0
Bustader	1	10 100	2 100	10 100	0
Sum Finans	1	10 110	2 100	10 110	0
Sum 2B	46 290	95 328	186 647	162 341	-67 013

Del 3 Investeringer i aksjer og andeler

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Budsjett 1.tertial	Justering i 2. tertial
Eigenkapital KLP	2 145	2 500	2 500	2 500	0
0/1* Hardangertunnelen - frå ide til røyndom	0	0	500	500	-500
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	2 145	2 500	3 000	3 000	-500

Del 4 Utlån

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Budsjett 1.tertial	Justering i 2. tertial
Husbanklån	13 300	25 000	10 000	25 000	0
Utlån av egne midler	13 300	25 000	10 000	25 000	0

2020 Status drift for kommunen (1A)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Rev.bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Budsjett 1.tertial	Justering i 2.tertial
Rammetilskudd	-223 367	-319 357	-305 351	-314 631	-4 726
Inntekts- og formuesskatt	-146 192	-231 312	-238 049	-232 054	742
Eiendomsskatt	-22 567	-42 878	-41 878	-41 878	-1 000
Andre generelle driftsinntekter	-17 850	-56 919	-69 136	-46 619	-10 300
Sum generelle driftsinntekter	-409 975	-650 466	-654 414	-635 182	-15 284
Korrigert sum bevilgninger drift, netto	420 634	621 816	625 207	621 168	649
Avskrivninger	0	46 738	46 738	46 738	0
Sum netto driftsutgifter	420 634	668 554	671 945	667 906	649
Brutto driftsresultat	10 659	18 088	17 531	32 723	-14 635
Renteinntekter	-4 724	-4 780	-5 455	-3 455	-1 325
Utbytter	-5 721	-12 800	-15 600	-12 600	-200
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-220	200	200	200	0
Renteutgifter	16 072	22 885	24 385	24 385	-1 500
Avdrag på lån	0	41 300	41 300	41 300	0
Netto finansutgifter	5 407	46 805	44 830	49 830	-3 025
Motpost avskrivninger	0	-46 738	-46 738	-46 738	0
Netto driftsresultat	16 065	18 155	15 623	35 815	-17 660
Overføring til investering	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-2 535	7 019	3 440	2 011	5 008
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	0	-25 174	-19 063	-37 827	12 653
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-2 535	-18 155	-15 623	-35 815	17 660
Fremført til inndecking i senere år (merforbruk)	13 530	0	0	0	0

Tabellen syner inntektene og fondsdisponeringane til kommunen, som vert fordelt på dei ulike rammeområde (KOSTRA-tema) i skjema 1B. Tal i 1.000.

2020 Status drift for tjenesteområdene (1B)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Rekneskap 2019	Budsjett 1.tertial	Justering i 2.tertial
Manglende oppsett	0	0	0	0	0	0
Finans og fellespostar	2 906	-15 464	-20 548	-10 885	-15 322	-143
Styring og kontrollverksemd	3 196	5 142	5 188	6 289	5 169	-27
Administrasjon	26 651	46 040	43 230	40 362	42 791	3 250
Barnehagar	51 718	84 218	84 177	76 649	83 803	415
Grunnskuleopplæring	93 711	162 288	162 166	151 062	161 896	392
Kommunehelse	23 216	34 847	33 916	33 179	34 273	574
Pleie og omsorg	150 327	226 593	217 564	215 661	222 070	4 523
Sosialteneste	20 449	32 026	32 231	32 638	32 137	-111
Barnevern	11 956	19 942	19 423	19 736	19 318	625
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	-1 916	-6 289	-6 293	-5 530	-6 293	4
Plansak, byggesak, oppmåling, kulturminner, natur og nærmiljø	6 969	13 785	13 951	11 672	13 783	2
Kultur	11 828	25 049	24 999	26 261	25 160	-111
Kulturbygg	0	8	13	0	13	-5
Kyrkja	3 981	6 028	6 028	5 828	6 028	0
Samferdsel	5 375	12 775	12 336	13 241	12 403	373
Bustad	-4 903	-5 500	-4 397	-2 666	-5 090	-410
Kommunal næringsforvaltning og konesjonskraft	3 263	9 914	23 417	16 744	10 969	-1 055
Brann- og ulykkesvern	8 343	10 948	12 184	12 658	11 008	-60
Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	12	2 038	2 042	1 283	2 041	-3
Sum bevilgninger drift, netto	417 082	664 388	661 625	644 183	656 157	8 231
Herav:						
Avskrivinger	0	46 738	46 738	49 333	46 738	0
Netto renteutgifter og -inntekter	-980	230	555	261	555	-325
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-2 572	2 119	-960	3 407	-2 389	4 508
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	0	-6 515	-9 915	-7 443	-9 915	3 400
Korrigert sum bevilgninger drift, netto	420 634	621 816	625 207	598 626	621 168	649

Tabellane syner korleis midlane frå skjema 1A er fordelt på KOSTRA tema for Kvam herad. Normalforbruket per 2. tertial er 63,2% på fastløn og 66,7% for jamne utgifter. På grunn av at dei store utgiftene og inntektene ikkje kjem jamleg gjennom året, vil forbruksprosenten ofte avvika frå normalforbruket.

Økonomiske hovudlinjer

Risikomatrix for budsjettavvik, oversikt over sentrale inntekter, fordeling på tenesteområder, finansutgifter og detaljer om sjukefråvær på aggregert nivå i Kvam herad er inkludert i dette kapittelet.

Risiko for budsjettavvik

Når risikoen for dei ulike delene av driftsbudsjettet til kommunen vert gjennomgått, vert som regel risikoen for dei fleste områda lågare, då me har fått ein del avklaringar i løpet av våren som me ikkje hadde om hausten. I denne tertialen har risikoen for budsjettavvik auka for fleire av områda på grunn av pandemien.

	BUD-20	2T20	2T20	2T20	
Føresetnader og risiko for vesentleg meirforbruk utover rammer i budsjettåret	Risiko-nivå (0-9)	Sannsyn (0-3)	Konsekvens (0-3)	Risiko-nivå (0-9)	Avbøtande tiltak
Prisnivå brukarbetalingar/salsinntekter	6	1	3	3	
Statlege satsar på barnehageplass og HO-tenester					
Fastsett husleigeauke, % frå 1.5. (konsumprisindeks august - august)					
Satsar sjølvfinansierande tenester er fastsett v/bruk av sjølvkostprogram					
Sal konsesjonskraft basert på prognose frå kraftmeklar (CA 370 kr /Mwh)					Kraftprisane fortset å fell på 2.tertial. Budsjettet er justert ytterlegare litt ned. Per 2. tertial er estimert porteføljepreis 276,7 kr/Mwh.
Etterspurnad brukarbetalingar/salsinntekter	2	2	1	2	
Som regel stor etterspurnad etter alle kommunale tenester – heller avgrensa av kapasitet og regelverk enn underforbruk					
Refusjonsinntekter	4	2	2	4	
Inntektene er som regel forsiktig budsjettet. Det vil seia at dei fyrst vert lagt inn i budsjettet når dei er tildelt. Endringar i inntekta medfører som regel tilsvarande endring i utgifter som mva.kompensasjon					Passa på å tilpassa utgifter til endringar i refusjonsinntekter
Rammetilskot	6	1	3	3	
Kommunen nyttar KS sin prognosemodell					Siste prognose frå KS viser reduksjon på skatt og rammetilskot. I tillegg er det usikkert korleis inntektsutjamninga vil slå ut for kommunen.
Endring etter Stortinget si handsaming					
Endring etter folketal					

	BUD-20	2T20	2T20	2T20	
Føresetnader og risiko for vesentleg meirforbruk utover rammer i budsjettåret	Risiko-nivå (0-9)	Sannsynn (0-3)	Konsekvens (0-3)	Risiko-nivå (0-9)	Avbøtande tiltak
Andre statlege overføringar	6	2	2	4	
Sal heimfallskraft basert på prognose frå kraftmeklar (ca. 360 kr/Mwh)					Dei låge kraftprisane i 2020 slår hardt inn i Kvam herad sine estimat. Prisestimat 2020 er ytterlegare redusert på 2.tertial til 143,43 kr/Mw.
Andre statlege overføringar	4	2	2	4	
Vertskommunetilskot					Tilpassa utgifter viss fall i inntekter
Tilskot flyktningar – mottak fleire/færre					
Andre statlege overføringar	1	1	1	1	
Havbruksfond.					Foreløpig prognose viser at Kvam vil få 11,7 mnok frå Havbruksfondet i 2020.
Andre overføringar	4	2	2	4	Tilpassa utgifter viss fall i inntekter
Skatt på inntekt og formue	6	2	3	6	
Kommunen nyttar KS sin prognosemodell med vekst på 2,3 %					Skatteinntektene ytterlegare redusert på 2.tertial i tillegg til reduksjon på 1.tertial. RNB forutsett at dette dekkes opp av lågare pris og lønnsvekst.
Endring etter Stortinget si handsaming					
Endring i skatteinngang i løpet av året					
Eigedomsskatt	6	2	2	4	
Brukt 7 promille på næring					Eigedomsskatteordningane er under press, men inntil vidare ser det ikkje ut til å ha så store konsekvensar for Kvam i 2020. Bruker LVK til ivareta skattegrunnlaget for kraftverk.
Brukt 5 promille på bustader og hytter					
Takstar er kontorjustert med 10 %					
Botnfrådrag på 30 %					
Konsesjonsavgift	1	1	1	1	
Fastsett for 5 år om gangen, indeksregulering					
Lønsutgifter	6	2	3	6	
Lagt inn lønnsvekst på 2,5 %					Oppfølging/økonomistyring. Lønnsjusteringspotten er justert ned med 2,5 mnok på grunn av lågare forventa lønnsvekst i 2020.
Hovudforhandlingar med verknad frå 1.5.20					Resultat i frontfaga var ei ramme på 1,7 % lønnsvekst i 2020. Det er forventa at kommunesektoren må fohandle innanfor tilsvarande ramme.
Gjennomføra innsparingskrav					Risiko for overforbruk på lønn på grunn av ufortsette behov for ekstrahjelp i helse og oppvekst.
Sosiale utgifter	6	2	2	4	
Pensjon er i tråd med prognosar frå KLP og SPK (sjå eigen omtale)					Pensjonsutgiftene er forventa å verta redusert på grunn av lågare lønnsvekst. Høgare lønnskostnader medfører også auke i sosiale utgifter. Nye prognosar frå pensjonsselskapa er ikkje klare før justering av 2. tertial. Budsjettet er derfor ikkje justert.
Arbeidsgjevaravgift avheng av lønsutgifter og pensjonsstorleik					

	BUD-20	2T20	2T20	2T20	
Føresetnader og risiko for vesentleg meirforbruk utover rammer i budsjettåret	Risiko-nivå (0-9)	Sannsynn (0-3)	Konsekvens (0-3)	Risiko-nivå (0-9)	Avbøtande tiltak
Kjøp av varer/tenester I statsbudsjettet ligg det inne ein prisvekst på 3,1 % Utgiftene vert ikkje auka med ein generell vekst, men vert vurdert konkret i høve avtalar og liknande.	4	2	2	4	Oppfølging/økonomistyring
Overføringer Mva-kompensasjonsutgift er lik inntektene 1-1	1	1	1	1	
Overføringer Kjøp konsesjons- og heimfallskraft skjer til prisar som vert fastsett i januar, med unntak av energiledd	4	1	2	3	Justert i 2. tertial etter kjente prisar hittil i år. Prisprognosane resten av året er svært usikre. Usikkert anslag på energiavgift som er variabel. Portefølgjen på konsesjonskraft er prissikra 41% på 3K og 73% på 4K i 2020. det er ingen prissikring på heimfallsprisane.
Renteinntekter Avkastning på obligasjonar basert på erfaring og inkl. krav til ytterlegare avkastning	4	2	2	4	Aktiv forvaltning i tråd med reglement. Forventa lågare renteinntekter pga uoversiktleg rentemarked i 2020
Utbytte Nivå frå Kvam Kraftverk AS fastsett Nivå frå BKK AS signalisert	2	1	2	2	Utbytte er klart, men heile utbytte er per dags dato ikkje utbetalt. Utbytte vart til saman justert ned med 3 mill. på 1.tertial.
Renteutgifter Det er brukt rentenivå på eksisterande låneavtalar Nye lån budsjettert med 2 – 2,5 % Gjort fleire rentebindingar som reduserer risiko	4	1	2	2	Fastrentekontrakter er inngått på 1 lån på 3 år, og 12 mnd sertifikat på eit lån. Oppnådd lågare renter.
Avdragsutgifter Minstefrådrag i henhold til kommunelova	3	1	3	3	Kommunen betaler minimumsavdrag i henhold til KommuneLova, men Fylkesmannen anbefaler Kvam å betale meir enn minimumskrav for å redusere lånegjelda. Rådmannen finn likevel ikkje rammer til dette i 2020.
Budsjetteringsfeil	4	2	2	4	Kontroll og kompetanse
Innsparingstiltak Laga ny tiltaksplan	4	3	3	9	Store utfordringar i 2020. Nye utfordringar krev auke i ramme i staden for innsparing. Det er nødvendig i tenestenivå for å klare nødvendige innsparingar
Enkelt saker	4	2	2	4	Organisera tenester på ein slik måte at enkelt saker krev minst mogleg ressursar
Beredskapssituasjonar	3	1	3	3	Fullmakt til å bruk midlar i krisesituasjon og Beredskapsplan.

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Regnskap hiå. 2020	Oppr. bud.	Rev. bud. 2020	Budsjett 1. tertial	Justering i tertialet
Frie disponible inntekter					
Skatt på inntekt og formue	-146 192	-238 049	-231 312	-232 054	742
Ordinært rammetilskudd	-223 367	-305 351	-319 357	-314 631	-4 726
Skatt på eiendom	-22 567	-41 878	-42 878	-41 878	-1 000
Andre generelle statstilskudd	-11 324	-26 336	-38 036	-26 336	-11 700
Sum Frie disponible inntekter	-403 450	-611 614	-631 583	-614 899	-16 684

Sentrale inntekter består av rammetilskot, skatt på inntekt og formue, skatt på eidegom, og andre generelle statstilskot. Skattinntektene er redusert med 0,7 mnok etter justert prognose frå KS. Rammetilskot er auka med 4,8 mnok. På det ordinære rammetilskotet er det ein liten nedgang på 0,1 mnok, medan auken er knytt til Korona, der 3,6 mnok og 0,43 mnok er øymerka vedlikehald og flaumsikring. Eidegomsskatt er justert opp med 1 mnok. Auke på andre generelle statstilskot er inntekter på Havbruksfondet.

Totaloversikt økonomi

Dette betyr at det i kommunen sitt bevilgningsregnskap for ein gitt regnskapsperiode vil regnskapsførast eit forventa tap knytt til fordringsmassen kommunen har ved utgangen av perioden, samt estimatendring av tidligare anslått beløp. Endringar i estimat, dvs. forskjellen mellom et estimert beløp og tilsvarande estimat ein tidligare regnskapsperiode, skal regnskapsførast i den perioden der endringa vert gjennomført.

Som for urealisert tap for finansielle omløpsmidlar følgjer utgiftsføring av urealisert tap av forsiktighetsprinsippet. Regnskapsføringa av verdireduksjonen vert å anse som fremskutt i forhold til transaksjonstidspunktet.

Kommunen fører forskjellen mellom nytt estimert tap på fordringar og tidlegare estimert tap ved årsslutt. Med fordringar meines her kortsiktige fordringar som f.eks eigeidomsutgifter, foreldrebetaling, brukarbetaling, tekniske gebyr og husleige.

Når det gjelder avskriving av kortsiktige fordringar, skal belastninga (tapet) førast i den eininga inntekta tidligare er inntektsført og på ein egen utgiftsart.

I begrepet avskriving ligger at ein rekneskapsmessig avskriv beløpet, men at innfordringa ikkje vert avslutta. Dette med omsyn til at debitor sin økonomiske situasjon kan endra seg over tid. Fleire av desse sakene vert av den grunn overført til langtidsovervåking.

Nokon av krava kan, og må ein slette, eksempelvis ved gjeldsordning gjennom namsretten og der det synes heilt klart at debitor er varig ute av stand til å betene gjelda. Ved sletting vert beløpet avskrive og innfordringa vert avslutta. Debitor vert gjort kjent med dette.

Føresetnader for avskriving

Kortsiktige fordringar

Vert regulert av gjeldande budsjett- og regnskapsforskrifter.

Avskrivningar vert gjennomført ved rekneskapsavslutning kvart år.

Saker(ubetalte fordringar) som er forsøkt innfordra - Resultat avskrivning

Saker som er forsøkt innfordra utan resultat skal avskrivast. Ved avgjersle om avskrivning skal det visast til tiltak som er gjennomført. Ut frå skjønn/interne retningslinjer skal det besluttast om sak skal leggjast til overvaking.

Saker som ender opp med konkurs, akkord

Når konkurs er opna av skifteretten skal normalt heile beløpet kommunen har til gode, avskrivast. Innfordringa av beløpet skal ikkje stoppast, men følgjast opp. Same reglar skal gjelde når akkordforhandlingar vert innleia.

Rådmannen skal vere kommunen sin representant ovanfor namsretten når det gjeld kortsiktige fordringar. Kven som representerer vert avtalt i kvar sak.

Saker som er forelda

Med ein gong ei sak er forelda, skal den avskrivast og slettast. Dersom saka ikkje er forsøkt innfordra skal det forklarast kvifor.

Saker under gjeldsordningslova

I saker der det er innleia gjeldsforhandlingar ved Namsretten skal avskrivningar skje når forhandlingane er avslutta og kjennelse avsaft.

Rådmannen skal vere kommunen sin representant ovanfor namsretten når det gjeld kortsiktige fordringar. Rådmannen har ansvar for å følgja opp saker i tilfelle misleghald eller endring av gjeldsordninga.

Saker der det vert inngått avtale om delvis sletting av gjeld

Primært skal slike avtalar først inngås etter at kravet har vert forsøkt innfordra.

Saker som ikkje er forsøkt innfordra - Vurdering/skjønn

Hovudregel er at alle saker skal søkjast innfordra. Saker som blir overlatt til skjønn kan lett føre til ulik saksbehandling.

Regnskapsforskrifta § 3-3, 1. ledd opnar muligheit for å kunne avskrive fordringar i bevilgningsregnskapen utan at det er gjennomført tvangsinnfordring. Det skal leggjast eit strengt skjønn til grunn. Følgande eksemplar for avskrivning på dette grunnlag kan vere:

- Det har nyleg vore avhalde ein utleggsforretning hjå skyldnar med resultat «intet til utlegg»
- Det er innan ein periode på tre månader motteke saker frå inkasso med negativt resultat der saka vart foreslått avskrive
- Ved kunnskap om at skyldnar sin økonomi er svært vanskeleg, og at tidlegare saker har resultert i sosiallån eller bidrag
- Det er registrert betalingsanmerkingar på debitor siste 6 månader og krav fortsatt ikkje er oppgjort

Vedtak om avskrivning skal grunngjevast.

Vidareutlån

Vidareutlån forsøkt innfordra - Resultat avskrivning

Mislighalde låneterminar skal innfordrast.

Det er eit overordna mål for kommunen at låntakarane så langt som mulig skal kunne behalde bustadane sine. I dei tilfella tvangsinnfordring har vore forsøkt utan resultat, eller undersøkingar/oppsøk viser at det ikkje er økonomisk betjeningsevne verken på kort eller lang sikt, er avskrivning/overvåking anbefalt.

Vidareutlån som ender opp med konkurs, akkord

Når konkurs formelt er opna av skifteretten, skal normalt heile beløpet kommunen har til gode avskrivast. Innfordringa av beløpet skal ikkje stoppast, men følgjast opp.

Vidareutlån som er forelda

Straks eit lån eller ein restanse er forelda skal den avskrivast og slettast.

Dersom sak ikkje er forsøkt innfordra, skal dette grunngjevast.

Vidareutlån under gjeldsordningsloven

I lånesaker der det er innleia gjeldsforhandling ved namsretten, skal avskrivning skje når forhandlingane er avslutta og resultatet klart.

Rådmannen samordnar og representerer kommunen overfor namsretten.

Rådmannen har ansvar for å følgja opp saker i tilfelle mislighald eller endring av gjeldsordninga.

Vidareutlån i utanomrettslege gjeldsforhandlingar

Utanomrettslege gjeldsforhandlingar følgjer det vesentlegaste, prinsippa i gjeldsordningslova. Rådmannen må godta forholdsmessig dekning av sitt tilgodehavande, dividende.

Der dividende vert godkjent skal alle kreditorane vere omfatta av betalingsordninga.

Tilgodehavande som ikkje er dekkja av eit dividendeoppgjar, vert ikkje avskrive straks fordi det erfaringsmessig er endringar i slike avtalar. Tilgodehavande vert ført på «bak-konto» og skal ikkje renteberegnast. Rådmannen har ansvar for å følgje opp om avtalen vert overhalden.

Når avtalen er overhalden, vert tilgodehavande som det ikkje er dekning for sletta.

Vidareutlån der det vert inngått avtale om delvis sletting av gjeld

Som hovudregel skal slik avtale først inngås etter at saka har vert forsøkt innfordra.

Avtale skjer på grunnlag av økonomiske dokumenterte opplysningar og vurderingar, samt saksrelatert kjennskap til lånekundens øvrige forhold.

Avtale om delvis sletting av gjeld skal knytast til at avtalen vert overhalden. Det beløpet som vert avtalt sletta, vert ikkje avskrive fordi det erfaringsmessig er endringar i slike avtaler. Beløpet vert ført på «bak-konto» og beløpet vert ikkje renteberekna.

Rådmannen har ansvar for å følgja opp om avtalen vert overhalden. Når avtalar vert overhalde vert avtale beløp sletta.

Vidareutlån som ikkje er forsøkt innfordra - Vurdering/skjønn

Hovudregel er at lånesak som er misligheldt skal sendast til inkasso.

Det kan likevel avskrivast lån utan føregåande inkasso i visse typar saker der økonomisk status og prognose er synleggjort. Det skal leggjast strengt skjønn til grunn ved avskrivning på dette grunnlaget.

Unntak for beløpsavgrensingar er saker der:

- låntakar har emigrert
- låntakar er død
- det vert vurdert nødvendig at låntakar får bu i bustaden, f.eks. på grunn av ei funksjonshemming

Sosiallån

Hovudregel er at sakene vert sendt til innfordring for vurdering om inndrivning eller avskrivning.

Reglar for saker som kan avskrivast før tyngre innfordring vert iverksett

Avskrivning kan skje:

- I forbindelse med forhandlingar ved utenomrettslege gjeldsforhandlingar
- Låntakar er varig ute av stand til å betene lånet
- Når sosiale vurderingar i henhold til lov om sosiale tenester tilseier dette
- Saker under gjeldsordningslova der namsretten har avsagt ein kjennelse
- Avtalar med skyldnar om delvis sletting av gjeld
- Andre saker der tyngre innfordring er forsøkt.

Reglar for saker som kan avskrivast etter innfordring

Avskrivning kan skje:

- Etter same reglar som for dei fire første prikkpunkta ovanfor
- Det kan inngås nedbetalingsavtalar med låntakar. Dersom avtalen ikkje vert overhalden forfell heile lånet til betaling. Det vert vurdert om det er grunnlag for å gjennomføre ei dekning av kravet gjennom namsmannen. Om dette ikkje er tilfelle må heile lånebeløpet avskrivast

REGELVERK

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv. § 3-2, 1. ledd og § 3-3, 1. ledd regulerer nedskrivningsplikta (tap på utlån/fordringar klassifisert som anleggsmidlar og omløpsmidlar.

MYNDIGHEIT TIL Å GJENNOMFØRE NEDSKRIVNING FOR TAP

Rådmannen vert delegert myndigheit til:

Kortsiktige fordringar:

Område	Delegasjon
Saker som er konstatert uerholdelige - Forsøkt innfordra/tvangsinndrive	Rådmannen
Saker som endar opp med konkurs/Akkord	Konkurs: Rådmannen Akkord: Rådmannen si fullmakt til delvis avskrivning av kravet.
Saker som er forelda	Rådmannen. Dokumentasjon av årsak til forelding.
Saker under Gjeldsordningslova	Rådmannen
Saker der det vert inngått avtale om delvis sletting av gjelda	Rådmannen
Saker der tvangsinnfordring ikkje er gjennomført - Rådmannen si vurdering/skjønn	Hovudregel er at alle krav skal innfordrast. Rådmannen vert gjeven fullmakt til å avskrive.

Det vert vurdert avskrivningar minimum ein gong pr år, og gjennomførte avskrivningar vert rapportert.

Vidareutlån:

Område	Delegasjon
Saker som er konstatert uerholdelige - Forsøkt innfordra/tvangsinndrive	Rådmannen avskriv
Saker som er forelda	Rådmannen
Saker under Gjeldsordningslova	Samordna med bustadkontor. Avskrive av rådmannen.
Utanomrettslege gjeldsforhandlingar	Samordna med bustadkontor. Avskrive av rådmannen.
Saker der det vert inngått avtale om delvis sletting av gjelda	Samordna med bustadkontor. Avskrive av rådmannen.
Saker der tvangsinnfordring ikkje er gjennomført - Rådmannen si vurdering/skjønn	Avskrive av rådmannen.

Ettergjeving av påløpte renter og gebyr i forbindelse med innfordringa følgjer reglane for kortsiktige fordringar.

Det vert vurdert avskrivningar minimum ein gong pr år, og gjennomførte avskrivningar vert rapportert. Alle delegasjonar i tabellen er vidaredelegert til økonomisjefen.

Sosiallån:

Rådmannen har ansvar for følgjande:

- Avskrivning av lån

- Avtale om nye avbetalingsordningar

Ettergjeving av påløpte renter og gebyr i forbindelse med innfordring følger reglane for kortsiktige fordringar.

Det vert vurdert avskrivningar minimum ein gong pr år, og gjennomførte avskrivningar vert rapportert.

Reglement for disponeringsfullmakta

INNLEIING OG BAKGRUNN

Med disponeringsfullmakt er det meint myndigheit til å disponere løyvingane i årsbudsjettet.

Rådmannen har disponeringsfullmakt berre innanfor det heradsstyret har bestemt.

Disponeringsfullmakta omfattar såleis ikkje myndigheit til å gjere anskaffingar og utstede utbetalingsordre utover det som følgjer av årsbudsjettet. Unntak er dei fullmakter som er gjeve til beredskapssituasjonar. Disponeringsfullmakta er knytt berre til bruk av bevilga midlar. Eksempelvis vil sal av formuesverdiar falle utanfor den lovbestemte disponeringsfullmakta, dersom det ikkje lagt inn i årsbudsjettet eller eigne fullmakter.

REGELVERK

Myndigheita til å disponere løyvingane som er ført opp i årsbudsjettet (disponeringsfullmakta) ligg som utgangspunkt til Rådmannen i tråd med kommunelova § 14-5, 1. ledd, 1. punktum. Dette følgjer av rådmannen si iverksetjingsplikt i kommunelova § 13-1, 4. ledd, 1. punktum.

Etter kommunelova § 14-5, 1. ledd, 1. punktum vil ei løyving på driftsbudsjettet berre kunne brukas til driftsformål. Men 2. punktum opnar imidlertid for at heradsstyret gjev underordna organ myndigheit til å avgjere at deler av ein løyving i driftsbudsjettet skal overførast og nyttast til å finansiere utgifter som skal førast i investeringsrekneskapen. Derfor må det organ som har disponeringsfullmakt, normalt rådmannen, redusere driftsløyvingane og auka overføringsløyvinga til investeringsrekneskapen. I tillegg må investeringsløyvinga aukast og også auke overføringsløyvinga frå driftsrekneskapen.

Etter kommunelova § 14-5, 1. ledd, 3. punktum er budsjettet likevel ikkje bindande for betalingsforpliktelsar der det er ei rettsleg utbetalingsplikt for kommunen. Slike utbetalingar kan gjennomførast utan løyving i årsbudsjettet.

MYNDIGHEIT TIL Å OMDISPONERE LØYVINGANE I ÅRSBUDSJETTET

Rådmannen vert delegert myndigheit til å disponere dei løyvde midlane innanfor dei rammer som heradsstyret har bestemt. Delegeringa inneber også moglegheit til å bruke driftsmidlar til investeringsformål ved at driftsløyvinga vert redusert og at overføringsløyvinga til investeringsrekneskapen vert auka. I tillegg må investeringsløyvinga aukast og også auke overføringsløyvinga frå driftsrekneskapen.

Rådmannen har myndigheit til å omdisponere løyvingane innan eit rammeområde, både på utgiftssida og inntektssida.

Rådmannen har fullmakt til å foreta budsjettjusteringar innan eit prosjekt under føresetnad av at rammene og finansieringsplanen vert halden.

Styret for kommunale føretak har myndigheit til fritt å omdisponere midlar mellom budsjettformål innanfor føretakets budsjettamme.

Styret for kommunale føretak kan delegere myndigheit til dagleg leiar til å omdisponere bevilgningar innan eit budsjettformål, både på utgiftssida og inntektssida.

Reglement for avsetjing til og bruk av disposisjonsfond

INNLEIING OG BAKGRUNN

Heradsstyret kan gje underordna organ delegert myndigheit til å avsetje til og bruke av disposisjonsfond innanfor ramma av dei enkelte bevilgningar. Slik avsetjing og bruk kjem i tillegg til avsetjing og bruk som heradsstyret sjølv har budsjettert og vil ikkje komme fram av årsbudsjettet, men inngå i dei enkelte budsjetttrammene.

Dersom eit underordna organ for eksempel har fått fullmakt til å bruke av fond for å finansiere auka utgifter, vil dette som omtalt over, ikkje vere ein del av årsbudsjettet, men i reknskapen (alt anna likt) slå ut i eit lågare netto driftsresultat enn det som låg i årsbudsjettet.

REGELVERK

Bestemmelsen om at årsbudsjettet er bindande for underordna organ er tatt inn i kommunelova § 14-5, 1. ledd, 1. punktum. Dette inneber at løyvingane i årsbudsjettet ikkje kan fråvikast av underordna organ. Departementet legg samtidig til grunn at løyvingane fortsatt kan utformast slik at dei inneber fullmakt for underordna organ til å avsetje til eller bruke av fond, utover dei beløpa som går fram av årsbudsjettet. Dette vil for eksempel kunne vere tilfelle ved nettobevilgningar, der heradsstyret kan gje adgang til å finansiere utgifter med bruk av fond utover beløpet som er fastsett i budsjettvedtaket.

MYNDIGHEIT TIL Å DISPONERE LØYVINGANE I ÅRSBUDSJETTET

Rådmannen få delegert myndigheit til å avsetje til og bruke av disposisjonsfond innanfor ramma av dei enkelte løyvingane.

Reglement for strykingar

INNLEIING OG BAKGRUNN

Ved regnskapsavslutning skal det gjennomførast strykingar i driftsrekneskapen dersom eit førebels rekneskap viser meirforbruk, og tilsvarende skal det gjennomførast strykingar av disposisjonar i investeringsrekneskapen dersom det førebelse rekneskapen viser udekkja underskot. Desse forskriftsbaserte reglane vil overstyre budsjettvedtak for dei postene som vert berørt.

REGELVERK

Strykingsreglane er tatt inn i Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv. i kapittel 4.

Forskrifta inneheld ikkje uttømmende regler om i kva rekkefølge strykingar skal gjennomførast. Der forskrifta opnar for dette, må rekkefølga regulerast nærmare i et internt reglement. Kvam herad har førebels ikkje eit slikt reglement.

Så lenge meirforbruket er så stort at alle disposisjonane må strykast, er dette ein rein teknisk operasjon. Derfor vert dette gjort i samband med reknskapsavslutninga med heimel i budsjett- og rekneskapsforskrifta (forskrifta krev at disposisjonar vert revurdert).

Dersom strykingane inneber at berre overføringa til investeringsrekneskapen vert stroken (heilt eller delvis), er også dette ein rein teknisk operasjon.

Dersom strykinga delvis berører overføring til investeringsrekneskapet vedteke av underordna organ, kan det verta ei vurdering av kva overføringar som skal gjennomførast, og kva som ikkje skal gjennomførast. Slike tilfelle må i så fall regulerast i eit reglement.

Det er også føremålsteneleg at eit reglement gjev nærare retningslinjer for korleis delvis stryking av avsetning til disposisjonsfondet skal handterast.

KOMPETANSE TIL Å GJENNOMFØRE STRYKINGAR

Rådmannen får delegert myndigheit til å gjennomføre strykingar etter kapittel 4 i forskrifta.

Ved delvise strykingar får rådmannen delegert myndigheit til sjølv å avgjere rekkefølga innanfor bestemmelsane i kapittel 4 i forskrifta. Posten for overføring til investering vert redusert dersom det er nødvendig for å unngå at overføringa medfører avsetjing av løpande inntekter på investeringsfond. Blant anna er dette aktuelt dersom investeringsrekneskapen viser eit (førebels) udisponert beløp, og det dermed er spørsmål om kva finansieringskjelda, eksempelvis bruk av lån eller bruk av ubunde investeringsfond, som skal reduserast fyrst.

Reglement for låneopptak

INNLEIING OG BAKGRUNN

I kommunelova er det gjort tydeleg at kommunar ikkje kan inngå avtaler som inneber vesentleg finansiell risiko. Forbodet gjeld i prinsippet også låneavtalar.

Sjølv om låneavtalane i seg sjølv normalt ikkje vil utgjere vesentleg finansiell risiko, kan vesentleg finansiell risiko imidlertid oppstå på porteføljebasis dersom det er store låneforfall innanfor ein kort periode. Kvam herad har eit eige reglement for finans- og gjeldsforvaltning.

Kommunar

Nye lån:

- Vedtak om låneopptak, der maksimalt lånebeløp må vere gitt
- Vedtaket må innehalde ein kopling til formål (for eksempel § 14-15 første ledd)
- Fylkesmannen si godkjenning av låneopptak for kommunar på ROBEK

Samla lånebeløp for året må vedtakast i budsjettvedtaket og det skal dokumenterast kva formål lånet skal nyttast til. Dette kan enkelt løysast ved å vise til aktuell paragraf i lånevedtaket, som i de fleste tilfelle vil vere §14-15 første ledd, varige driftsmidlar.

Kommunane får plikt til å dokumentere lovlegheita av eit låneopptak. For å kunne gje eit lån må långjevar kontrollere denne dokumentasjonen.

Nytt låneopptak skal ikkje utgjere nokon vesentleg finansiell risiko og dette må kommunen kunne dokumentera.

For refinansiering:

Eit av følgjande dokument:

- Opphavleg lånevedtak
- Vedtak om refinansiering
- Revisorbekreftelse om at det føreligg gyldig vedtak om låneopptak
- Oversikt over uteståande låneportefølgje, framlagt heradsstyret som ein del av finansrapporteringa
- Avregningsoppgåve

Øvrige dokument:

Banken vil nok ha sist vedtekne/gjeldande:

- Finansreglement*
- Ved sertifikatlån må det vere opna for produktet og angitt ei ramme (for eksempel maks andel forfall neste 12 månader)
- Delegeringsreglement
- Fullmakter

*Sjølv om ny forskrift ikkje lenger regulerer kor ofte et finansreglement skal reviderast, er det tilrådd at nytt heradsstyre får saka til handsaming for sjølv å kunne gjøre sin vurdering av finansforvaltninga.

Kommunale føretak

Som for kommunane med tillegg av vedtekter eller selskapsavtale.

REGELVERK

Finansreglementet skal i henhold til kommunelova § 14-13, 1. ledd innehalde bestemmelsar som hindrar kommunen i å ta ein vesentleg finansiell risiko i finans- og gjeldsforvaltninga, og som sikrar at løpande betalingsforpliktelsar kan innfriast ved forfall.

Etter kommunelova § 14-1, 3. ledd skal kommunar innrette si økonomiforvaltning slik at kommunen kan dekke sine betalingsforpliktelsar ved forfall, herunder betalingsforpliktelsar som oppstår ved at lån utan avdrag forfell og må refinansierast.

MYNDIGHEIT TIL Å TA OPP LÅN

Rådmannen får delegert myndigheit til å effektuere låneopptak i henhold til vedtak i heradsstyret (inkluderer å inngå finansielle leigeavtalar og driftskreditt), og leggje ved den nødvendige dokumentasjon som bankar og kredittinstitusjonar krev i henhold til kommunelova. Delegeringa må gjerast innanfor dei rammer som kommunelova § 14-1, 3. ledd og § 14-13, 1. ledd set, og vera i tråd med kommunen sitt reglement for finans- og gjeldsforvaltning.

Rådmannen får også delegert myndigheit til å refinansiere lån.

Reglement for innkjøp

Alle anskaffingar i Kvam herad skal utførast i tråd med gjeldande lover, forskrifter, innkjøpsstrategi, retningslinjer og inngåtte innkjøpsavtalar. Kvam herad har vedteke ein eigen innkjøpsstrategi.

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	28.10.2020	105/20
Kvam heradsstyre	03.11.2020	123/20

Avgjerd av:	Arkiv: N-212.0	Arkivsaknr
Saksh.: Tolo, Inga Lill Jensen	Objekt:	20/1235 - 1

Tilstandsrapport for barnehage og skule 2019/2020

Behandling i politiske utval:

28.10.2020, FSK- 105/20 Vedtak:

Kvam heradsstyre ynskjer å vera ein aktiv skuleeigar gjennom dialogbasert styring av barnehagar og skular. Dette inneber dialog mellom heradsstyre og administrasjonen i samband med den årlege tilstandsrapporten for barnehage og skule. Kvam heradsstyre har drøfta «Tilstandsrapport for barnehage 2020» og «Tilstandsrapport skule 2020», og tek desse til vitande. Tema som er drøfta og omtala i rapporten, vert lagt til grunn for arbeid med budsjett og økonomiplan.

Saksordførar: Frode Nygård, Frp

03.11.2020, HST- 123/20 Vedtak:

Kvam heradsstyre ynskjer å vera ein aktiv skuleeigar gjennom dialogbasert styring av barnehagar og skular. Dette inneber dialog mellom heradsstyre og administrasjonen i samband med den årlege tilstandsrapporten for barnehage og skule. Kvam heradsstyre har drøfta «Tilstandsrapport for barnehage 2020» og «Tilstandsrapport skule 2020», og tek desse til vitande. Tema som er drøfta og omtala i rapporten, vert lagt til grunn for arbeid med budsjett og økonomiplan.

Kvam HST er særlig bekymra for den uheldige utviklinga innan feltet mobbing, og ber administrasjonen sjå særleg på dette

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre ynskjer å vera ein aktiv skuleeigar gjennom dialogbasert styring av

barnehagar og skular. Dette inneber dialog mellom heradsstyre og administrasjonen i samband med den årlege tilstandsrapporten for barnehage og skule. Kvam heradsstyre har drøfta «Tilstandsrapport for barnehage 2020» og «Tilstandsrapport skule 2020», og tek desse til vitande. Tema som er drøfta og omtala i rapporten, vert lagt til grunn for arbeid med budsjett og økonomiplan.

Samandrag:

Det er eit lovkrav at skuleadministrasjonen skal utarbeida ein tilstandsrapport for skule til skuleeigar, som er heradstyret. Dei siste åra har rapporten i Kvam hatt tittelen «Kvalitetsrapport», men det er no ynskjeleg å nytta «Tilstandsrapport» då det er det er slik den er omtala i lovkravet. Opplæringslova krev at rapporten skal drøftast i heradsstyret, slik at skuleeigar får høve til å vera ein aktiv skuleeigar, at dei har tilstrekkeleg informasjon og grunnlag før budsjetthandling. Det er ein føresetnad for heradsstyret som skuleeigar at ein har god kjennskap til skule for å kunna fatta rette vedtak. Skuleeigar må vita korleis tilhøva er, slik at ein også kan ta ansvar og følgja opp både skulen som organisasjon, skuleleiarar, lærarar og elevar.

Vidare er det forventa at skuleeigar har ambisjonar for Kvammaskulen, men også ansvar for å prioritera og avgrensa måla der det er naudsynt. Skuleeigar må ha fagleg kapasitet og ressursar til å gjennomføra måla og til å tenkja langsiktig. Tilstandsrapporten vil vera ein god peikepinn på korleis stoda er i skulen i dag.

Det vert lagt fram ein tilsvarande rapport for barnehage i tillegg til skule, sjølv om det ikkje er lovpålagt. Deltaking i KS-nettverket «Den gode barnehage-og skuleeigar» 2017-2018 sette fart på ynskje om å likestillta barnehage og skule i større grad. Med felles leiar for barnehage og skule, er det naturleg å arbeida på systemplan for begge fagområda. Tilstandsrapportane for barnehage og skule gjeld for skule- og barnehageåret 2019/2020. Rapportane som rådmannen legg fram, er utarbeidd av leiar for barnehage og skule, med god støtte frå rådgjevarane for skule og barnehage, innspel frå leiarane i barnehage og skule, stab oppvekst, leiar på PPT og Utdanningsforbundet. Tilstandsrapporten for skule skal som eit minimum

drøfta læringsresultat, læringsmiljø og fråfall, men kan utvidast med andre tema som skuleeigar meiner er tenleg ut frå lokale tilhøve. For skuleåret 2019/2020 har ein i tillegg lagt vekt på:

-Læring for alle og Skulen som kompetansesamfunn, samt eit lite innblikk i kvar einskild skule. Talgrunnlag/data i tilstandsrapporten er henta frå www.skoleporten.no, nasjonale prøvar 2019, GSI, elevundersøkinga 2019 og innspel frå skuleleiarane. Rapporten for barnehage har ikkje same krav til innhald sidan han ikkje er lovpålagt. Rapporten er ikkje uttømande, men gjev politikarane eit glimt inn i sektoren for å betre ivareta si oppgåve som barnehageeigar og få oversikt over det samla læringsløpet til born/unge.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
703242	Tilstandsrapport-Grunnskulen 2020
703244	Tilstandsrapport-Barnehage 2020

28.10.2020 Kvam formannskap

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 8 røyster.

FSK- 105/20 Vedtak:

Kvam heradsstyre ynskjer å vera ein aktiv skuleeigar gjennom dialogbasert styring av barnehagar og skular. Dette inneber dialog mellom heradsstyre og administrasjonen i samband med den årlege tilstandsrapporten for barnehage og skule. Kvam heradsstyre har drøfta «Tilstandsrapport for barnehage 2020» og «Tilstandsrapport skule 2020», og tek desse til vitande. Tema som er drøfta og omtala i rapporten, vert lagt til grunn for arbeid med budsjett og økonomiplan.

Saksordførar: Frode Nygård, Frp

03.11.2020 Kvam heradsstyre

Framlegg frå Bjørgulv Hauger, FrP: som FSK si tilråding med følgjande tillegg: Kvam HST er særlig bekymra for den uheldige utviklinga innan feltet mobbing, og ber administrasjonen sjå særleg på dette.

Røysting:

1. FSK si tilråding vart samrøystes vedteke med 27 røyster.
2. Bjørgulv Hauger, FrP stt framlegg vart samrøystes vedteke med 27 røyster

HST- 123/20 Vedtak:

Kvam heradsstyre ynskjer å vera ein aktiv skuleeigar gjennom dialogbasert styring av barnehagar og skular. Dette inneber dialog mellom heradsstyre og administrasjonen i samband med den årlege tilstandsrapporten for barnehage og skule. Kvam heradsstyre har drøfta «Tilstandsrapport for barnehage 2020» og «Tilstandsrapport skule 2020», og tek desse til vitande. Tema som er drøfta og omtala i rapporten, vert lagt til grunn for arbeid med budsjett og økonomiplan.

Kvam HST er særlig bekymra for den uheldige utviklinga innan feltet mobbing, og ber administrasjonen sjå særleg på dette

Saksopplysningar:

Viser til vedlagt rapport.

Vurdering:**Tilstandsrapport barnehage:**

Barnehagelova seier ikkje noko om at det er lovpålagt å utarbeida ein årleg rapport for barnehage slik som for skule. Det er likevel viktig at det vert utarbeidd ein årleg rapport om tilstanden i sektoren, både for å få fram faktakunnskap og for å utvikla sektoren på ein god måte, og sjå heilskapen frå 0-16 år. Deltaking i KS-nettverket «Den gode barnehage-og skuleeigar» 2017-2019 har sett fart på ynskje om å likestillta barnehage og skule i større grad.

Gjennom å laga ein slik rapport, vil det gje heradsstyret større høve til å påverka prosessar og satsingar i barnehagane i Kvam.

Tilstandsrapporten for barnehage gjev informasjon om kvar enkelt barnehage, nasjonale og lokale satsingar og tankar om vidare utvikling av tenestetilbodet. Informasjon og synleggjering av barnehagane som kvalitativt gode pedagogiske verksemder er viktig for merkevarebygging. Me ynskjer aukande fokus på synleggjering av barnehagetilboda våre. Bruk av sosiale medier kan vera eit av verkemidla for å nå nye brukarar, unge foreldre og innbyggjarane elles, samt til rekrutteringsarbeidet vårt. Informasjonskanalar som vert nytta dag er Kvam herad si heimeside, barnehagane sine egne heimesider og oppvekst si felles Facebook-side: «Barn og unge i Kvam». Våren 2020 vart det jobba med å få på plass MyKid-app som kan nyttast til mellom anna dagleg kontakt med føresette. MyKid vart teken i bruk august 2020.

Barnehagane i Kvam har fleire støttetiltak for å sikra TIDLEG INNSATS; at barn får den hjelpa dei treng tidlegast mogleg. I tillegg har barnehagane samarbeid med andre tenester for barn og unge i kommunen.

Det er fleire fleirspråklege barn i barnehage i Kvam samanlikna med tilsvarande kommunar. For å sikra god språkutvikling og integrering av desse borna får dei det pedagogiske språktiltaket «språkkista» og dei får så langt det let seg gjera morsmålsassistent dei fyrste månadene i barnehagen for å gje ein best mogleg start. Borna startar no like tidleg i barnehage som norske barn.

Barnehagen har og utfordringar som må jobbast vidare med. Det handlar mellom anna om vikarbruk. Vikartrongen i barnehagen er større enn det ramma tilseier, noko som kan opplevast som utfordrande for styrarane. Det kan og til tider vera utfordrande å få tak i kvalifiserte vikarar. I samband med Covid 19, har det vore meir bruk for vikarar som følgje av strenge smittevernreglar.

Bemanningsnorma med 3 vaksne pr 6.einingar er også ei utfordring med tanke på at ho ikkje tek høgde for at opningstida i barnehagen er lengre enn arbeidstida til personalet. Lovpålagt plantid, pausar og møte medfører at bemanningsnorma er mindre enn 3 vaksne pr. 6 einingar deler av dagen. Grunnbemanninga dekkar til saman 3,5 av 9 timar pr. dag.

Barnehagesektoren ynskjer å ha fokus på fyljande område framover, der ein mellom anna skal få på plass endå betre system som er felles for alle dei kommunale barnehagane.

- Vidare satsing og implementering av Leikbasert læring og «Ver med meg»
- Arbeida vidare med å utvikla felles system for alle kommunale barnehagar(malar,skjema og liknande)
- Sikra barnehagane våre deltaking i Regional ordning for kompetanseutvikling. «REKOMP»
- Vidareføra internt kurstilbod frå KFL til barnehagetilsette
- Oppretthalda tilbodet om rettleiing til nyutdanna barnehagelærarar.
- Aukande fokus på synleggjering av barnehagetilboda våre.
- Sikra ivaretaking av endringar i barnehagelova- 1.januar 2021 - tydlegare reglar som skal sikre at alle barn har det trygt og godt i barnehagen.
- Digitalisering – digitalt utstyr, kompetanse og lisensar som samsvarar med behovet og rammeplanen.

Kvart av punkta er i seg sjølv omfattande og har mange underpunkt. I tillegg til å utarbeida system, skal det implementeast i alle nivå.

Alle barn skal oppleva livsglede og få gode barndomsminner frå barnehagekvardagen, samtidig som alle opplever eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei skal kjenna meistring og at dei tilsette, barn og føresette skal kjenna den kommunale barnehagen som ei eining.

Tilstandsrapport skule:

Opplæringslova seier at den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar. Meininga er å få ein open dialog om innhaldet i skulen, og å leggja grunnlag for ei felles forståing av måla og utfordringane, slik at heradsstyret kan vera ein aktiv skuleeigar på feltet. Gjennom vedtekne satsingsområde skal heradsstyret påverka kva prosessar og fokus skulane i Kvam skal prioritera framover. Tilstandsrapporten gjev informasjon om tiltak som er sett i verk for å få betra resultat både fagleg og sosialt. Brukaren i rapporten er eleven, og den enkelte elev si oppleving av meistring er det viktigaste av alt. Korleis elev og foreldre vert møtt og kva verdi undervisninga og læringsmiljøet har for eleven si faglege og personlege utvikling, er avgjerande.

Rapporten viser at grunnskulepoenga er stabilt høge, men at det for 2020 likevel er lågare enn nasjonalt. Resultata nasjonalt har auka noko frå 2019 til 2020. Dette kan ha samband med at det ikkje vart gjennomført eksamen våren 2020. Ser ein på resultata frå nasjonale prøvar, syner dei mellom anna at det er færre elevar på meistringsnivå ein. Dette er positivt. Samstundes er det for få elevar som vert løfta frå nivå to og vidare oppover. Det må arbeidast med at ein får ut læringspotensiale hos alle elvane uavhengig av kva nivå dei er på. Kvam har god gjennomføringsprosent i vidaregåande skule noko som indikerer eit godt grunnlag frå grunnskulen. Det er generelt god trivsel i skulane i Kvam, men det har vore auke i talet på elevar som kjenner seg mobba. Dette er tal som me tek på høgste alvor, og skuleeigar ynskjer at det vert arbeidd endå grundigare med å få eit endå betre systemarbeid kring dette viktige feltet. Det vert jobba med trygt og godt skulemiljø, samt rutinar for gjennomføring og oppfølging av nasjonale prøvar og elevundersøkinga. Eit stort ynskje for komande skuleår, er at ein får ro til å arbeida med å få på plass eit felles system for alle skulane i Kvam, og vidareføra arbeidet med vurdering for læring, læringsmiljø og pedagogisk analyse, samt arbeidet med «born er ikkje vanskelege, dei har det vanskeleg».

Forsking om endring og utvikling viser at systematisk og strukturert arbeid over tid er naudsynt for å oppnå resultat. Skulen vert aldri betre enn slik eleven opplever han, difor er systematisk arbeid med trivsel og mobbing eit overordna tema i alt arbeid i skulen. Skulesektoren ynskjer å ha fokus på fylgjande område i tida som kjem, der ein mellom anna skal få på plass gode system som er felles for skulane i Kvam:

- § 9A Trygt og godt skulemiljø
- Styrka den ordinære opplæringa
- Kunnskapsløftet 2020 – Fagfornyninga
- Vidareutvikla støttesystemet ved skulane
- Digitalisering

Kvart av punkta er i seg sjølv omfattande og har mange underpunkt. Det inneber store løft som det krev tid til å arbeida med. I tillegg til å utarbeida system, skal det implementeast i alle nivå. Målet vårt er at alle tilsette, elevar, føresette og innbyggjarar skal kjenna Kvammaskulen som ei eining.

Tilstandsrapport for grunnskulen 2020

Lovkravet

Det er fastsett i opplæringslova at skuleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld. nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. av heradsstyret, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.

Innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skuleeigaren kan omtala andre resultat og bruka andre data ut frå lokale behov. Når det vert gjort vurderingar av tilstanden, er det viktig å synleggjere kva for målsetjingar hos skuleeigaren og skulane som ligg til grunn for vurderinga.

Tidleg innsats er vesentleg for å betre elevane sine ferdigheiter og den faglege utviklinga. Kartlegging av elevane sitt ferdigheitsnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral.

Kvalitetsvurderingssystemet

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsvurderingssystemet. Kvalitetsvurdering er å samanstill informasjon og data som grunnlag for å drøfte kvaliteten på opplæringa internt på ein skule eller i ein kommune.

Det generelle systemkravet

Skuleeigarane si plikt til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i grunnopplæringa er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.

Personvern

Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan være teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1.

Kvalitetsrapporten er på nynorsk. Uttrekk av innhald frå Skoleporten kan likevel vere på bokmål.

Innhald

1.	Samandrag	4
2.	Hovudområder og indikatorar	5
2.1.	Elevar og undervisningspersonale	5
2.1.1.	Talet på elevar og lærarårsverk.....	5
2.1.2.	Lærartettleik.....	6
2.1.3.	Elevundersøkinga	8
2.1.4.	Mobbing på skulen.....	10
2.2.	Resultat.....	11
2.2.1.	Nasjonale prøvar 5. steget	12
2.2.2.	Nasjonale prøvar ungdomssteg	14
2.2.3.	Karakterar - matematikk, norsk og engelsk.....	21
2.2.4.	Grunnskulepoeng	23
2.3.	Gjennomføring.....	24
2.3.1.	Overgang frå grunnskule til VGO	25
3.	System for oppfølging.....	26
3.1.	Læring for alle	26
3.1.1.	Søttesystem og spesialundervisning.....	26
3.1.2.	Særskild norskopplæring.....	27
3.1.3.	Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)	27
3.1.4.	SFO.....	28
3.1.5.	Trygt og godt skulemiljø	Feil! Bokmerke er ikke definert.
3.1.6.	Covid 19	30
3.2.	Skulen som kompetansesamfunn.....	31
3.2.1.	Fagfornyng -Kunnskapsløftet 2020.....	31
3.2.2.	Vidareutdanning	31
3.2.3.	Ekstern vurdering- dekomp	32
3.2.4.	Entreprenørskap i Kvammaskulen- Forskarskulen.....	32
3.2.5.	Digitalisering	33
3.3.	Innblikk kvar skule.....	33
3.3.1.	Vaksenopplæringa	33
3.3.2.	Strandebarm skule	35
3.3.3.	Tørvikbygd skule	35
3.3.4.	Norheimsund skule	36
3.3.5.	Øystese skule	36
3.3.6.	Ålvik skule.....	37
3.3.7.	Kvam ungdomsskule	38

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

3.3.8.	Kommunebarometeret.....	39
4.	Konklusjon.....	41

1. Samandrag

For å samanlikna kommunar har SSB gruppert kommunane etter innbyggjartal, bundne kostnader og frie inntekter. Kvam tilhøyrer kommunegruppe 11. Tal henta frå GSI (Grunnskulen sitt informasjonssystem)

- Kvammaskulane har 1024 elevar
- 72,74 årsverk til ordinær undervisning
- 13,93 årsverk til assistentar i skulen
- 27,12 årsverk til spesialundervisning
- 11,7 årsverk er til administrative og pedagogiske leiaroppgåver

Rapporten viser at grunnskulepoenga er stabilt høge, men at det for 2020 er likevel er lågare enn nasjonalt. Resultata nasjonalt har auka noko frå 2019 til 2020. Dette kan ha samband med at det ikkje vart gjennomført eksamen våren 2020. Ser ein på resultata frå nasjonale prøvar, syner dei mellom anna at det er færre elevar på meistringsnivå ein. Dette er positivt, og har vore eit mål for skulane i Kvam over mange år. Samstundes er det for få elevar som vert løfta frå nivå to og vidare oppover. Det må arbeidast med at ein får ut læringspotensiale hos alle elvane, uavhengig av kva nivå dei er på. Resultata viser at me i Kvam har færre høgt presterande elevar samanlikna med landet elles. I samband med nasjonale prøvar treng me å skjerpa rutine og bruka felles rutinar for arbeidet i etterkant.

Kvam har god gjennomføringsprosent i vidaregåande skule, noko som indikerer eit godt grunnlag frå grunnskulen. Det er generelt god trivsel i skulane i Kvam, men det har vore auke i talet på elevar som kjenner seg mobba. Dette er tal som me tek på høgste alvor, og skuleeigar vurderer at det er behov for at det vert arbeidd endå grundigare med å få eit betre systemarbeid kring dette viktige feltet. Det vert jobba med trygt og godt skulemiljø, samt rutinar for gjennomføring og oppfølging av elevundersøkinga.

Eit stort ynskje for komande skuleår, er at ein får ro til å arbeida med å få på plass eit felles system for alle skulane i Kvam, og vidareføra arbeidet med vurdering for læring, læringsmiljø og pedagogisk analyse, samt arbeidet med «born er ikkje vanskelege, dei har det vanskeleg».

Forskning om endring og utvikling viser at systematisk og strukturert arbeid over tid er naudsynt for å oppnå resultat. Skulen vert aldri betre enn slik eleven opplever han, difor er systematisk arbeid med fagleg og sosial trivsel og mobbing eit overordna tema i alt arbeid i skulen.

2. Hovudområder og indikatorar

2.1. Elevar og undervisningspersonale

2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk

Talet på elevar

Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskular per 1. oktober det aktuelle skuleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskuleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskule. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskuleopplæring.

Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning. Årsverka er berekna ved å dividere årstimar på årsramma. Det er brukt 741 timar på barnesteget og 656 timar på ungdomssteget. I denne indikatoren høyrer følgjande delskår med: Årsverk til undervisning.

Del av årstimar gitt av personale med godkjend utdanning

Indikatoren viser kor stor del av årstimane som er gjennomførte av undervisningspersonale med godkjend utdanning i dei fag og trinn dei underviser i.

Lokale mål

Skulane har utdanna og godkjend undervisningspersonale.

Alle lærarane har godkjenning i faga dei underviser i, i samsvar med krava som gjeld til kompetanse.

Dei som i dag gjer seg nytte av overgangsordningane som gjeld til 2025, har godkjent utdanning i faga dei underviser i når overgangsperioden er over.

Kvam kommune skuleeigar

Indikator og nøkkeltal	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020
Talet på elevar	1 029	1 031	1 059	1 041	1018	1024
Talet på skular	6	6	6	6	6	6
Tal lærarar med kontaktlærafunksjon	64	67	72	70	68	67
Talet på lærarar	140	137	144	140	130	132
Årsverk for undervisningspersonale				107,2	105,9	108,7
Årsverk undervisningspersonale med godkjent utdanning				98,1	97,8	99,6

Skuleeigar si vurdering

Me er nøgde med å ha eit godt utdanna undervisningspersonale. Når det gjeld tal for kontaktlærarar, ser me at dette ligg på 67 inneverander år som i 2014/15, sjølv om elevtalet då var høgare. Det kan skuldast ulike elevtal på dei ulike trinna som igjen har ført til klassedeling, eller at det har vore vanskeleg å få tak i kontaktlærarar i 14/15, og difor berre vore ein kontaktlærar i ein klasse kor det skulle vore to.

2.1.2. Lærartettleik


Lærartettleik 1.-7. steget og 8.-10. steget

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1. - 7. steget ned på skulenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

Lærartettleik i ordinær undervisning

Lærartettleik i ordinær undervisning er ein indikasjon på tal på elevar per lærar i ordinær undervisning, der ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskild språkopplæring ikkje vert medrekna. I andre samanhengar vert dette målet kalla gruppestorleik 2. Mål på lærartettleik er hefta med usikkerheit. Dette kjem av at nokre kommunar fører lærarressursar på kommunen sentralt, mens andre kommunar fører dei på skulen i GSI. Dette kan til dømes vere timar til spesialundervisning eller til særskild norskopplæring.

Kvam kommune skuleeigar. Samanlikna geografisk



Kvam kommune skuleeier, Grunnskole, Lærertetthet, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skuleeigar si vurdering

Tala viser at me framleis har færre elevar pr. lærar i Kvam enn nasjonalt. Forskjellen mellom Kvam og nasjonalt, er mindre når me går ut i frå ordinær undervisning. Me ser og at omfanget av spesialundervisninga er større pr. elev i Kvam samanlikna nasjonalt. Skulestrukturen med skular med få elevar kan vera ein viktig faktor i kvifor Kvam ligg over nasjonalt når det gjeld lærartettleik.

Læringsmiljø

Lokale mål

Målet for Kvam er å liggja på landsgjennomsnittet eller betre.

Elevane i Kvam opplever og melder om eit godt skulemiljø. Tilsette i skulen samarbeider for å utvikla og oppretthalda eit godt læringsmiljø (kollektive kapasitet).

- styrka ordinær undervisning for alle
- styrka tilpassa undervisning i klassane
- alle skal oppleva meistring
- utvikla støttesystema
- spesialundervisning som har effekt

2.1.3. Elevundersøkinga

Alle elevar skal inkluderast og oppleva meistring. Det er obligatorisk for skuleeigarar og skuleleiarar å gjennomføra Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. steget. Ein del av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som blir viste i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:


- Støtte frå lærarane: Indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane.
- Vurdering for læring: Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring.
- Læringskultur: Indeksen viser om elevane opplever at skulearbeidet er viktig for klassen, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.
- Meistring: Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skulen.
- Elevdemokrati og medverknad: Indeksen viser elevane si oppleving av om det er mogleg å medverke i arbeidet med faga, og om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeid.
- Andel elevar som har blitt mobba (prosent): Sjå eige diagram.

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat. Unntak er andel mobba som er i prosent.

Lokale mål:

Elevane frå Kvam skårar på landsgjennomsnitt eller betre. Særleg på området elevdemokrati og elevmedverknad skal me verta betre.


Kvam kommune skuleeigar -samanlikna geografisk



Kvam kommune skuleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2019-2020, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Kvam kommune skuleeigar -samanlikna geografisk



Kvam kommune skuleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2019-2020, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skuleeigar si vurdering

Me ser at det kan vera store variasjonar frå eit år til eit anna. Me har hatt låg skår over fleire år på særleg elevdemokrati og medverknad, men og vurdering for læring. Dette vil difor vert jobba med på skulane i Kvam framover, særleg gjennom arbeidet med Fagfornyninga, kor dette også er eit viktig tema.

Skuleeigar og skuleleiinga må få til ei god oppfølging av elevundersøkinga kvart år. Me fekk ikkje denne gjennomgangen våren 2020 slik me ønskjer å ha det.

2.1.4. Mobbing på skulen

Mobbing på skulen viser prosentdelen elevar som svarer at dei blir mobba av medelevar, mobba digitalt (på skulen) og/eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare.


Prosentdelen elevar som opplever mobbing på skulen er summen av den prosentdelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i månaden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Prosentdelen elevar som har blitt mobba på skulen seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.

Lokale mål:

Elevar og føresette skal oppleve at skulane har nulltoleranse for mobbing.

Elevane skårer på eller betre enn landsgjennomsnittet i elevundersøkinga.


Kvam kommune skuleeigar -samanlikna geografisk



Kvam kommune skuleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, 2019–2020, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Kvam kommune skuleeigar -samanlikna geografisk



Kvam kommune skuleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, 2019–2020, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skuleeigar si vurdering

Kvammaskulen har fått høge tal for mobbing siste året. Me plar ha ein skår på gjennomsnittet eller betre. Grunna stoda med Covid 19, har me ikkje fått jobba nok med oppfølginga av resultatata. Frå skuleeigar si side er me opptekne av å ha eit godt og tydeleg system for korleis me skal løysa mobbesaker. Dette jobbar me med som ein del av oppfølginga av forvaltningsrapporten. Sjå punkt 3.1.6 Trygt og godt skulemiljø.

2.2. Resultat

Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal meistra grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

2.2.1. Nasjonale prøvar 5. steget

Om lesing

Nasjonale prøvar i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dei nasjonale prøvane i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal vise at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Om rekning

Nasjonale prøvar i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøvar i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvane i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvane i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvane tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:


- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytta til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylene viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultatata til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

Lokale mål nasjonale prøvar;

Større fokus på å utfordra elevar fagleg både i lesing, rekning og engelsk, slik at me har fleire elevar som skårar på meistringsnivå 3 på barneskulen og 4 og 5 på ungdomsskulen.


Kvam kommune skuleeigar. Samanlikna geografisk - Lesing



Kvam kommune skuleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Lesing, Offentlig, 2019–2020, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Kvam kommune skuleeigar. Samanlikna geografisk - Rekning



Kvam kommune skuleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Regning, Offentlig, 2019–2020, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Kvam kommune skuleeigar. Samanlikna geografisk - Engelsk



Kvam kommune skuleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Engelsk, Offentlig, 2019–2020, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skuleeiegar si vurdering

Om me ser på resultatane over tid, minkar tal elevar som skårer på mestringsnivå ein. Dette er gledeleg, men me ser ikkje tilsvarende auke frå nivå to til tre på barneskulen. På ungdomsskulen er det særleg utfordrande å få fleire elevar opp på nivå fire og fem. Dette gjeld alle områda, lesing, rekning og engelsk, jf. under.

Gjennom samarbeid mellom skuleeigar og skulane, må me jobba systematisk med resultatane me får på nasjonale prøvar. Det skal verta teke i bruk eigen mal for korleis alle skulane jobbar med nasjonale prøvar, og dette heng godt saman med arbeidet med Fagfornyinga med fokus på fagsamarbeid, framovermeldingar og vurdering for læring.

2.2.2. Nasjonale prøvar ungdomssteg

Om lesing

Nasjonale prøvar i lesing skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med måla for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøvar i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget.

Dei nasjonale prøvane i lesing omfattar tre aspekt ved lesing. Elevane viser at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Om rekning

Nasjonale prøvar i rekning kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøvar i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning


Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylene viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultata til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.


Kvam kommune skuleeigar. Samanlikna geografisk - Regning



Kvam kommune skuleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Regning, Offentlig, 2019-2020, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Kvam kommune skuleeigar. Samanlikna geografisk. - Lesing



Kvam kommune skuleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Lesing, Offentlig, 2019-2020, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Kvam kommune skuleeigar. Samanlikna geografisk - Engelsk




Kvam kommune skuleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Engelsk, Offentlig, 2019-2020, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Kvam kommune skuleeigar. Samanlikna geografisk – Rekning

Rekning: Ved samanlikning av resultatata for 8. trinn i 2018/19 med resultatata for dei same elevane i 9. trinn i 2019/20 får me fram utviklinga til elevane. Me gler oss over at fleire elevar kjem opp på nivå fem enn fjoråret, og at færre elevar er på nivå og ein og to til saman. 34,9 % skåra nivå ein og to, mot 28,9 % skåra nivå ein og to inneverande år. Vidare auka vart det ein auke i elevar som skåra til nivå fem frå året før; 9, 2 til 14%.

Kan inneholde data under publiseringsgrense.




Kvam kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Regning, Offentlig, 2019-2020, Trinn 9, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Kvam kommune skuleeigar. Samanlikna geografisk – Lesing

Ved samanlikning av resultatata for 8 trinn i 2018/19 med resultatata for 9 trinn i 2019/20 får me fram utviklinga til elevane. I 2018/19 låg 24,3 % av desse elevane på nivå fire og fem, medan dei same elevane inneverande år skårer 36,9 % på nivå fire og fem. Likevel ligg me lågare enn nasjonal skår på mestringsnivå fire og fem.



Kvam kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Lesing, Offentlig, 2019-2020, Trinn 9, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skuleeigar si vurdering

Om nasjonale prøver for 8. trinn:

Samla skår for Kvam varierer ein del frå år til år så det kan vera vanskeleg å sjå tendensar som står seg over tid.

Ein generell kommentar (ikkje ulik den for 5. trinn.), er at over tid har me litt fleire elevar enn nasjonalt på meistringsnivå ein og to, og ein tendens til at elevane samla skårer litt under nasjonalt på meistringsnivåa fire og fem.

Om nasjonale prøver for 9. trinn:

Me ser av resultatata at 9. trinn skårar betre enn 8. trinn. Dei har like prøver på begge trinna. Men elles ser me den same tendensen som for 8. trinn, i høve til nasjonalt med fleire på meistringsnivå ein og to, og færre på nivå fire og fem.

Oppfølginga av dette vert som for barneskulane: Gjennom samarbeid mellom skuleeigar og skulane, må me jobba systematisk med å få fleire elevar på nivå fire og fem. Etter planen som ligg klar til arbeidet med nasjonale prøvar hausten 2020, er dette ein del av oppfølginga etter gjennomførte nasjonale prøvar:

- Refleksjon i leiarteamet kring resultatet og planlegg prosess i personalet etter tips på udir.
- Refleksjon over resultat i personalgruppa på kvar einsskilde skule:

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

- o Kva er bra, kvifor, kva kan me læra av det?
- o Kva er utfordringane, kvifor, kva gjer me?
- Elevråd – gjennomgang og refleksjon i elevrådet, elevrådsrepresentantane i klassane.
- Foreldra vert orientert i skulen sine rådsorgan i første moglege møte.
- Samandrag/evaluering av gjennomføring og resultat skal sendast skuleeigar innan 1. Februar.

2.2.3. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk

Standpunktkarakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen utgjør sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Våren 2020 vart det ikkje gjennomført eksamen på 10.trinn på grunn av Covid19.


Lokale mål

Elevane skal nå eit resultat som er betre enn landsgjennomsnittet i norsk, matematikk og engelsk.


Kvam kommune skuleeigar. Samanlikna geografisk

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Kan inneholde data under publiseringsgrense.



Kan inneholde data under publiseringsgrense.



Skuleeigar si vurdering

Standpunkt karakterane for elevane våre varierer frå år til år. I 2019/20 går dei litt ned i høve til tidlegare. Men me må sjå tendensen over fleire år før me kan snakka om ei varig endring.

2.2.4. Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skule. Grunnskulepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10.

Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven


Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Grunnskulepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

Lokale mål

Elevane skal få ta ut læringspotensialet sitt. Elevane i Kvam skal nå eit resultat som er betre enn landsgjennomsnittet.

Kvam kommune skuleeigar. Samanlikna geografisk



Kvam kommune skuleeier, Grunnskole, Grunnskulepoeng, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skuleeigar si vurdering

Me har til vanleg hatt noko høgare grunnskulepoeng enn fylket og nasjonalt. Her ser me ei lita endring for siste året, men det heng saman med karakterane som vart gjevne våren 2020. Det er verd å merka seg at snittet nasjonalt og på fylkesnivå har gått mykje opp. Noko av grunnen kan vera at det ikkje er gjennomført eksamen våren 2020.

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

2.3. Gjennomføring

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikra dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet. Utdanningsdirektoratet tilrår at skuleeigarane tek med denne indikatoren: Overgang frå GS til VGO

2.3.1. Overgang frå grunnskule til VGO

Prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskolen.

Lokale mål

Alle grunnskuleelevar i Kvam startar direkte på vidaregåande skule.

Kvam kommune skuleeier. Samanlikna geografisk.

Indikator og nøkkeltall	2017	2018	2019
Elever (16 år) som er registrert i vidaregåande opplæring samme år som avsluttet grunnskole			
Kvam kommune skuleeier	99,2	99,2	100,0
Vestland fylke			
Nasjonalt	98,1	98	98

Kvam kommune skuleeier, Grunnskole, Overgangen fra grunnskole til VGO, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Skuleeiegar si vurdering

Elevane frå Kvam herad har over mange år kome godt ut på denne tabellen, og det held fram i same lei for siste året. Det er eit godt resultat for Kvam, kor samla innsats gjev resultat.

3. System for oppfølging

3.1. Læring for alle

Hovudmål: Alle elevar skal ha god ordinær opplæring. Ho skal inkludera alle, og bidra til å redusera behovet for spesialundervisning, samt leggja til rette for god støtte til elevar med særskilde behov og tilpassingar.

3.1.1. Søttesystem og spesialundervisning

Prosent av elevar med vedtak om spesialundervisning, utvikling 6 siste åra:

13/14	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20
15,9 %	7,8 %	7,6 %	8 %	8,6%	8,7%	10,15%

Nøkkeltall 2019	Kvam	Hordaland	Kostragruppe 11	Landet
Årstimar til spesialundervisning pr. elev	158,6	143,0	148,7	138,8

(Denne tabellen er henta frå Kostra.)

I desember 2012 vart det gjort eit vedtak i Kvam heradsstyre om at dei ynskte fokus på tidleg innsats for å få ned spesialundervisninga. Skuleåret 13/14 vart det på grunnlag av heradsstyrevedtaket sett eit politisk mål om at spesialundervisninga skulle ned, og støttesystemet i Kvam vart innført som resultat av dette. Skulane beholdt ressursane i skulen for å byggja opp eit fleksibelt støttesystem, kor støttelærarar var inne i klassen og gav støtte til elevar som hadde bruk for tilrettelegging, men likevel kunne følgja ordinær undervisning. Det vart laga system, kurs og rutinar for oppfølging av elevar med blant anna dysleksi. Spesialundervisninga ser me gjekk ned i åra etterpå. Pr. i dag har me framleis eit støttesystem, men ikkje i same grad ressursar til støttelærarar som før etter innsparingskrav i budsjettet. Frå 2013-2019 har innsparinga på skule vore 5,5 millionar kroner. Det at me ikkje har same ressursane til støttesystemet, meiner me er ein viktig faktor når det gjeld auke av spesialundervisninga. Me må i det vidare arbeidet vårt i skule vidareutvikla støttesystemet vårt, slik at det er implementert som ein del av den ordinære undervisninga, utan å vera ressurskrevjande. Målet er at støttesystemet skal vera tydeleg i organisering av ordinær undervisning, gjennom auka kompetanse og eit sterkt fokus på inkluderande læringsmiljø for alle. Faren me må vera merksame på, er at brukar me mindre ressursar på støttesystemet, aukar spesialundervisninga.

Det kom i april 2018 ein ny nasjonal rapport frå Ekspertutvalget leia av Thomas Nordahl: [Inkluderande fellesskap for barn og unge](#). Rapporten konkluderer blant anna med at alle skular i Norge bør få støttesystem slik at elevane kan få betre fleksibel undervisning ved behov, enn fastlåst spesialundervisning som viser mindre effekt. Dette gjer at me må halda fast ved og vidareutvikla støttesystemet i framtida. Rapporten dannar også grunnlaget for Meld.St. 6 (2019-2020): [Tett på- tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO](#). Her vert støttesystem på alle skular trekt fram som noko som må satsast på i norsk skule.

3.1.2. Særskild norskopplæring

Tabellen under viser tal timar til særskilt norskopplæring kvar elev får. Når det gjeld særskilt norsk, meiner me talet for Kvam viser at me har eit heller lågt timetal pr elev. Me meiner (sjølv om det ikkje viser her) at me har mange elevar med i ordninga, og at det derfor ikkje vert så mange timar pr. elev.

Nøkkeltall 2019	Kvam	Hordaland	Kostragruppe 11	Landet
Årstimar til særskilt norskopplæring pr elev	35,0	33,1	53,0	31,5

(Denne tabellen er henta frå Kostra.)

Me ynskjer å betra systemet vårt når det gjeld kontroll av elevane si faglege utvikling. Me nyttar i dag ein prøve utarbeidd av Udir. Me må sikra oss at testar som viser kva nivå ein elev oppnår på barneskulen, vert gjort tilgjengelege for lærar på ungdomsskule.

Mormålsassistent: Ordninga med mormålsassistent er vidareført frå tidlegare år.

Introskule: Me har denne ordninga framleis, men den har ikkje vore i bruk siste året (?).

Morsmålsopplæring: Me har laga til kurs i morsmål når det har vore mange nok søkjarar. Me hadde ei gruppe med tigrinja hausten/vinteren 2019/20. Denne ville vi ha forlenga utover våren, men Corona-pandimien stoppa det. Det var søkt og me hadde godkjenning for ei gruppe i arabisk, men det kom ikkje i gang pga. mangel på lærar (og så kom Covid 19).

Tospråkleg fagopplæring: Me har ikkje brukt denne ordninga i Kvam.

3.1.3. Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

PPT har fast rådgjevar på alle skular, og er den instansen som avgjer gjennom sakkunnig vurdering om elevar har behov for spesialundervisning etter § 5.1. i opplæringslova. PPT har sidan 2014 delteke aktivt i initiering og implementering av støttesystemet i Kvam.

PPT skal ha fokus på den individuelle retten alle som ikkje gjer seg nytte av ordinær undervisning har. Dei er samtidig aktive bidragsytarar i utvikling av organisasjonen skule/barnehage for å styrka det allmenne og ordinære tilbodet til borna/elevane. Eit trygt og godt læringsmiljø for alle, vil redusera behovet for spesialundervisning. Dette er i tråd med nasjonale føringar om tidleg innsats og eit tydeleg mandat gjennom Meld.St.6 og forskrifter til ny opplæringslov.

PPT har eit sterkt tverrfagleg fokus, og deltek i tverrfaglege utviklingsarbeid. I tillegg til støttesystemet på skulane og lågterskel barnehage, så er PPT dette året aktive bidragsytarar i COS-grupper **og "Ver med meg" kurs** til foreldre og tilsette i barnehagen. Foreldrekurs i Emosjonsfokusert tilnærming startar opp for foreldre denne hausten. Dette er bidrag gjennom Kvam familie- og læringscenter(KFL), der PPT er ein av fleire som tilbyr viktige tenester inn mot barn og unge.

3.1.4. SFO

Alle elevar i Kvam hadde tilbod om SFO dette skuleåret, men det har vore noko skilnad på innhald og organisering. Dei største skulane har sjølvsagt fleire elevar, og dermed større personalressurs, noko som gjer at planlegging og tilrettelegging kan vera lettare. Innhaldet i skulefritidsordninga skal ta utgangspunkt i borna sin trong for omsorg og leik, og skal fremja sosial læring.

SFO-dagen inneheld ulike aktivitetar som mellom anna uteleik, frileik, lekserabeid, aktivitet i gymsal, kunst og handverk-aktivitetar og ulike konstruksjonsleikar. Ved Tøvikbygd skule har ein hatt SFO i samarbeid med barnehagen. Dette er i tråd med gjeldande retningslinjer og samarbeidet har fungert, men det er ikkje ei optimal løysing for elevane.

Nasjonale rammeplan for SFO

Det vert no utvikla ein nasjonal rammeplan for SFO for å sikra at det vert eit likeverdig tilbod for alle. Rammeplanen skal leggja til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar, i tillegg til å gje borna omsorg og tilsyn. Planen skal ut på høyring mot slutten av 2020 og skal takast i bruk frå hausten 2021.

Det vil vera naturleg at vedtektene for SFO i Kvam vert revidert i samband med ny rammeplan.

3.1.5. Trygt og godt skulemiljø

Alle barn og unge skal oppleve eit trygt og godt skulemiljø, jamfør Opplæringslova § 9A. Skuleeigar skal sjå til at det er eit forsvarleg system som fangar opp og handterer saker der det viser seg at elevar opplever det utrygt på skulen. Etter forvaltningsrevisjonen 2019 vert det jobba med å få betre rutingar og felles forståing og handtering av aktivitetsplika som gjeld alle som jobbar med og rundt elevar. Målet er å utarbeida ein ny overordna plan for trygt og godt skulemiljø, der det er felles rutinar for alle i kvammaskulen.

Sjølv om me ikkje er i mål med oppfylgginga av forvaltningsrapporten, ser me at skulane inneverande skuleår er vorte betre til å fanga opp meldingar om manglande trygt og godt skulemiljø, og er vorte betre på å laga konkrete aktivitetsplanar og bruka Kvam sin fråversplan. Skulane deler erfaringar, og er vorte betre på å jobba tverrfagleg med tenestene rundt kring desse sakene. Me er også vorte meir medvitne på elevane sjølve si stemme i arbeidet vårt.

Skulane har fokus på førebygging, og mykje vert gjort, sjølv om me ikkje er systematiske nok, eller har same system for alle skulane i Kvam. Vil difor nemna noko av det skulane gjer, men presiserer at aktivitetane og tilboda/ fokus er ulike:

- Miljøterapeutar ute i friminuttar med aktivitetar og er tilgjengeleg for samtale
- Helsesjukepleiarar og utekontakt er tilgjengelege til faste tider – og politi på besøk
- Skulefrukostar
- Fokus på inne- og uteområdet; opphaldsrom for elevar i friminutt; sofaer, bordtennisrom
- TL- leikar, miljøagentar, skulevertar
- Felles utedagar for fleire barneskular
- Undervisning om nettmobbing/ språkbruk
- Vekentlege samlingar av alle elevar ved skular, elevkveldar, skuleball, kveldsskule, juleframsyning og skulekor.
- **Arbeid med elevsyn: "Born er ikkje vanskelege- dei har det vanskeleg"**

Siste tal for mobbing er me ikkje nøgde med for skulen i Kvam. Når me har gått inn i tala, er ikkje resultatet noko me kan sjå er ein trend, og det er store skilnader på resultatata for dei ulike skulane. Dei

skulane kor det har vore høgare grad av mobbing, har det anten vore iverksett tiltak før ein gjennomførte elevundersøkinga, fordi skulen visste om problemstillingane, eller at lærarane har undersøkt kva klassetrinn det hovudsakleg er mobbing på, slik at lærarane har gått systematisk i verk for å finna ut kven det gjeld på individnivå. Tiltak har vore å jobba med nettmobbing, rasisme, samtalar med elevar, miljøterapeut inn i arbeidet, auka vakthald i friminutt og kontakta føresette, og samarbeidspartar som har hjelpt til.

Meir langsiktig jobbing med resultatata har det vorte lite av grunna Covid 19 og heimeundervisning.

Oppfølgjing og rutinar- skulemiljø

Systematikk. Grunnskulen i Kvam har gjennomført elevundersøkinga etter plan, og i tillegg fått svar frå LP- undersøkinga for korleis tilstanden på dette området har vore. No når LP- undersøking ikkje lenger finn stad, ser me at me treng større systematikk på kartleggingane me gjer, både når me gjennomfører, og ei sams oppfatning om korleis me fylgjer opp svara me får i elevundersøkinga.

Førebyggjande program. I tillegg manglar skulane ei felles systematisk førebygging av mobbing, rusbruk, psykisk helse, livsmeistring og negativ åtferd/ haldningar, til dømes dårleg språkbruk. Me er difor glade for at den rusførebyggjande planen til heradet slår fast at skulane skal ha eit rusførebyggjande program, då desse programma ivaretek systematikk kring alle områda nemnt ovanfor.

Dette skuleåret har **Tøvikbygd og Ålvik skule prøvd ut det rusførebyggjande programmet "Mitt val"**. Formell evaluering er ikkje gjort enno, men elevar og tilsette kjem med gode tilbakemeldingar på **opplegget. Norheimsund og Øystese barneskule har systematisk jobba med "Link til Livet" og synest det er gode opplegg.** Dette har også vorte prøvd ut på ungdomsskulane, med varierende tilbakemeldingar om kor bra det har vore tilrettelagt for ungdommar. Hausten 2020 jobbar ei tverrfagleg gruppe med å vurdere kva førebyggjandeprogram/systematisk arbeid som kan vera nyttig å setja i verk i skulane i heradet.

Barn er ikkje vanskeleg, dei har det vanskeleg. Kompetanseheving innan feltet åtferd og psykososiale utfordringar, har vore på dagsorden i Kvam sidan august 2017. «Born er ikkje vanskelege, dei har det vanskeleg», har vore ein raud tråd i arbeidet med å forstå kva utfordrande åtferda hjå elevar er eit uttrykk for. Åtferda er ofte eit uttrykk for utrygghet, skam, tristheit, redsle eller skyld. Dette kan gjelda elevar som ikkje «passar inn» i det teoretiske skuleløpet, elevar med utviklingsforstyringar, eller elevar som har det uroleg eller utrygt på heimebane. Det kan gjelda vanskar som ikkje har sitt utspring i skulen, men som skulen må handtera. Skulane har nytta analyseverktøy frå LP (Læringsmiljø og Pedagogisk analyse) til dette arbeidet, og jobba tett saman med PPT. I samarbeid med alle tenestene i KFL er det laga minikurs til tilsette innan ulike aktuelle tema. Rektorar og avdelingsleiarar melder om at det er i ferd med å skje ei endring hjå dei tilsette i høve elevar som opplevest utfordrande. Ein ordlegg seg annleis og ser i større grad at det ikkje er «feil» med eleven, men at eleven strir med noko og det kjem til uttrykk gjennom destruktiv åtferd. Det er framleis for mange elevar som opplever svært vanskelege skulekvardagar, og tilsette som rapporterer om tøffe situasjonar i møte med einskilelevar. I samband med fokus på eleven, ser me at skuleeigar i større grad må sjå på tilsette sin arbeidssituasjon. Det kan vera særskilt krevjande for tilsette å vera i ein arbeidssituasjon med utagering, sjølv om ein forstår borna sin åtferd. Hausten 2020 vil skuleeigar arbeida for å laga eit betre system for korleis me ivaretek tilsette i møte med utagering. Leiinga må ha eit fagleg trygt og tydeleg fokus på skulen sitt systemrette arbeid for på redusere destruktiv åtferd, og for å tryggja skulekvardagen for både elevar og tilsette. Kvam har og deltek i ei nasjonal kompetansegruppe som har mål om å redusere «vald og truslar» i skulen. Grunna Korona, har det nasjonale arbeidet stogga opp enn så lenge.

Sosialfagleg kompetanse. Hausten 2019 vart det lyst ut etter sosialfaglege kompetanse til skulane i Kvam for å styrkja kompetansen til skulane i møte med elevar som har det vanskeleg. Fem personar fekk stillingane, og skulane har gitt gode tilbakemeldingar på at dei har fått inn kompetansen deira.

Det var ikkje økonomisk rom for nyoppretta stillingar, ein omgjorde i hovudsak assistentstillingar til fagstillingar. Det betydde at det ikkje var rom for å ha desse stillingane «på topp» av ordinær bemanning, dei måtte overta oppgåver som assistentar hadde hatt.

I og med at det ikkje vart lagt inn ekstra ressursar for å tilsetja personar i desse stillingane, har arbeidet til dei ulike personane i stillingane vore særskilte. Nokre har jobba tett på individnivå, medan andre har hatt friare stillingar som har kunna jobba inn mot grupper og einskilte elevar etter behov. Hausten 2019 var gruppa med sosialfagleg kompetanse til Os for å lytta til erfaringane dei har med sitt team, då dei har vore lenger i drift. Etter dette møtet er det eit ynskje frå dei tilsette i stillingane å ha meir samarbeid på tvers av skulane. Det er oppretta eit nettverk for dei sosialfaglege stillingane som vert leia av familieterapeut på familiseret. Erfaringar frå skuleåret 19/20 tilseier ei vidareutvikling av systemet dei sosialfaglege tilsette er ein del av. Dei opplevde sjølve at dei i for liten grad vart nytta på systemnivå, medan dei vart nytta mykje kring einskildelevar. Lite fokus på deira sosialfagleg kompetanse i høve å skapa endringar. Leiinga har generelt opplevd tiltaket som positivt, dei ser at dei sosialfagleg tilsette har mykje å bidra med både i einskildsaker og på systemnivå.

Dette året må skuleeigar saman med rektorane sjå nærare på organisering og tid til samarbeid for dei sosialfaglege stillingane. Det er behov for:

- Vidareutvikla felles plattform/mål og arbeidsmetodikk for stillingane
- Fastsetja planleggingstid og samarbeidstid med lærarane og leiinga
- Vidareutvikla nettverk/rettleiing med fokus på sosialfagleg kompetanse og korleis byggje gode system kring med elevar som har det vanskeleg i skulen.
- Leiinga i skulen ynskjer 2 miljøterapeuter på dei store skulane

3.1.6. Covid 19

12. mars 2020 vil for dei aller fleste festa seg som ein dato som førte med seg store endringar. Slik var det også for skulane i Kvam. Frå ein trygg arena i klasserommet fekk mange, både elevar, lærarar og skuleleiingar kjensla av å verta kasta ut på djupt vatn. Mykje var nytt i høve til korleis ein skal driva skule og det var ei veldig omstilling over til digitale løysingar. Ein ting kan ein iallfall stå fast i etterkant, det er både endringsvilje og endringskapasitet i skulen.

I starten var det mykje informasjon og mange kjende seg utrygge i ein ny og ukjent situasjon. Trass i dette, var evne til omstilling rask. All møteverksemd vart gjort digitalt og det vart mange treffpunkt gjennom veka for å tryggja alle i organisasjonen. Tilsette i skulen gjorde ein framifrå jobb denne perioden. Den digitale plattformen Teams var frå å vera nærast ukjend, til å verta eit heilt nødvendig reiskap for kommunikasjon og undervisning.

Undervisninga og oppfølging av elevar gjekk etter kvart føre seg digitalt. Elevane fekk arbeidsplanar og oppgåver dei skulle jobba med. Det var noko variasjon i kor mykje kontakt den enkelte lærar hadde med kvar elev. Dette kunne vera ulikt frå klasse til klasse og frå skule til skule. Skulane jobba seg fram ulike system, og lærte av kvarandre. Likevel vart det ein del variasjon;

- Ulik digital kunnskap og ferdigheiter mellom lærarar og elevar
- Få elevar og tilsette med kunnskap om Teams
- Ingen hadde undervist på denne måten før
- Ulik tilgang på pc for elevane
- Lærarar med små born heime skulle samstundes undervisa elevar

Etter kvart fann ein felles former, og skulen vart opna opp for elevar med særskilde behov og dei som hadde føresette som hadde samfunnskritiske funksjonar. Undervegs var det i tillegg opna opp for elevane å koma tilbake til skulen, men med smittevernreglar som skulle førebuast og gjennomførast og skaffast utstyr til, samt utfordringar med skulen sitt areal og skyssbehov. Smittevernreglar vart endra, og situasjon og planlegging vart endra med meir eller mindre smitte i Kvam. Det var store organisatoriske og pedagogiske utfordringar kring Covid 19, både kring gjennomføring av undervisning, karaktersetting, gjennomføring av utviklingssamtalar, skuleavsluttingar osv.

Skuleeigar hadde ein stor jobb med å leia skulane gjennom utfordringane via Teams i denne perioden. Vidare følgde skuleleiinga ved dei ulike skulane godt opp med å organisera og tryggja sine tilsette Tilsette

gjennomførte undervisninga på ein sær god måte med tanke på situasjonen som oppstod. I tillegg vart det gjort ein formidabel innsats frå elevar og heimane si side. Både tilsette og elevar har lært mykje av situasjonen, og kan ta med seg nyttig lærdom både om undervisningsmetodar, Teams som digitalt verktøy, samarbeid på tvers av skular og fag, skulen som lærande organisasjon og ikkje minst, uteskule og alternative undervisningsformer.

I tillegg er det viktig for skuleeigar (å formidla til politikarane at det er mykje som ikkje vart jobba med grunna Covid 19. Mange oppgåver vart sett på vent, undervisning som ikkje kunne gjennomførast, planar som ikkje vart jobba med, og ikkje minst; Kvammaskulen ligg etter med innføringa av Fagfornyinga.

3.2. Skulen som kompetansesamfunn

3.2.1. Fagfornyning -Kunnskapsløftet 2020

Fagfornyinga er namnet på prosessen med å fornya læreplanane i Kunnskapsløftet. I grunnskulen er faga dei same, men delar av innhaldet er endra. Innføringa av nye læreplanar gjeld for 1.-9. trinn 1. august 2020. For 10. trinn gjeld endringa frå skuleåret 2021/22.

Samfunnet og arbeidslivet endrar seg med ny teknologi, ny kunnskap og nye utfordringar, det er difor heilt avgjerande at innhaldet i faga endrar seg. Dei store temaa i Kunnskapsløftet 2020 er berekraftig utvikling, demokrati og medborgarskap og folkehelse og livsmestring. Naturlege emne i skulen kan vera at eleven lærer meir om personleg økonomi, psykisk helse og korleis me skal ta vare på jorda til komande generasjonar. Elevane skal også få opplæring i refleksjon, kritisk tenking, kjeldekritikk og programmering. Programmering er ikkje eit eige fag i Kunnskapsløftet 2020, men lagt inn som kompetansemål i fleire fag. Dette og fleire av dei andre områda vil krevja både utstyr og kompetanse hos dei tilsette.

Kunnskapsløftet 2020 vil også leggja opp til nye måtar å læra på. Djupnelæring er eit nytt omgrep og kan definerast som det å gradvis utvikla kunnskap og forståing av omgrep, metodar og samahengar i fag og mellom fagområde. Det er viktig å leggja til rette for djupnelæring for at elevane skal utvikla kompetansen dei treng i ei framtid som er i rask endring.

Tilsette i kvammaskulen har gjennom skuleåret 2019/20 førebudd seg til å ta i bruk det nye læreplanverket mellom anna ved å arbeida med kompetansepakkar i regi av Utdanningsdirektoratet. Arbeidet har vore grundig og tidkrevjande, og på grunna av Covid 19 er det litt ulikt kor langt skulane er komne i arbeidet. Uansett vert dette noko me må ha fokus på i tida som kjem. Det tek tid å implementera ein ny læreplan. Det er viktig at ein brukar tid på det grunnleggjande, slik at alle kjenner planen godt og at ein veit kva endringar dette fører til i undervisninga og for den enkelte elev. Ved å arbeida saman som profesjon slik ein har gjort med kompetansepakkane frå Utdanningsdirektoratet, gjev det mange nyttige og gode refleksjonar. Det vil òg vera lettare å skapa eit felles plattform der alle har ei felles forståing for planane. Skuleleiarane melder om ei positivt innstilling til dei nye læreplanane ute i skulen. Kompetansemåla er vorte færre og dei nye måtane å læra på er i tråd med slik ein opplever kva og korleis elevane bør læra.

Nye læreplanar krev ein del nye lærebøker. Det er sett av midlar til noko av dette i 2020, men det er ikkje gjort innkjøp. Det er fleire grunnar til at ein har avventa innkjøpa, men det viktigaste er at ein må ha ein grundig gjennomgang av om ein skal halda fram med tradisjonelle lærebøker eller om ein skal gå over til digitale løysingar. Covid 19 har gjort til at desse vurderingane ikkje er ferdige.

3.2.2. Vidareutdanning

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Stortinget vedtok i 2015 å auka kompetansekrava for å kunna undervisa i grunnskulen. På barnetrinnet er krava 30 studiepoeng for faga norsk, matematikk og engelsk. For ungdomstrinnet er kravet 60 studiepoeng for dei same faga, medan det for andre fag er 30 studiepoeng. Det kan gjevast dispensasjon frå kravet i 10 år. Det er eit kommunalt ansvar å sikra rett og naudsynt kompetanse i skulen. Tabellen under viser tal lærarar som har teke vidareutdanning gjennom Udir si vidareutdanningsordning. Det har vore aukande tal søkjarar til dei ulike vidareutdanningane. Skuleeigar må prioritera ut frå søknadane som kjem inn, medan det er Udir som avgjer kven som får plass.

	Norsk	Engelsk	Spes.ped	Andrespråks- pedagogikk	Musikk	Karriererettleiing	Profesjonsfaglig digital kompetanse	Etterutdanning skuleleiar	Rektorutdanning
Studieår									
2019/ 20 Kva er rett årstal?	1	3	1	1	1	1	1	1	3

Ordningane omfattar vikarordning (2 dagar fri med løn i eit studieår) og stipendordning (kr 115 000 utbetalt). Rektorutdanninga har ikkje vikar- eller stipendordning, men rett til fri ved studiesamlingar.

I tillegg til utdanninga gjennom Udir, er det tilsette som tek vidareutdanning på eige initiativ der kommunen gjev tilskot i samsvar med AMU-vedtak 015/00.

Frå 2018 er den ordinære lærarutdanninga i Noreg 5-årig master, og stønadsordninga til kommunen må vurderast i høve til dette for å sikra at me opprettheld nødvendig kompetanse i skulen.

3.2.3. Ekstern vurdering- dekomp

Desentralisert kompetanseutvikling er ei ordning der statlege midlar skal byggja opp om skuleeigar sitt ansvar for kvalitetsutvikling. Ordninga har som mål og presmiss at samarbeidet mellom lærarutdanningane skal styrkast. Skuleeigar sine prioriteringar skal byggja på tilstandsvurderingar og analysar. Det er dei regionale kompetansenettverka som har ansvar for fordelinga av midlar og rammeverk knytt til ordninga. I Voss- og Hardanger kompetanseregion har ein knytt ordninga saman med ekstern vurdering. Dette vil sei at det er det i forkant av kompetanseutviklinga skal gjennomførast ekstern vurdering ved kvar skule.

I Kvam herad er Ålvik i gang med ordninga. Ålvik har si kompetanseutvikling innan digitalisering, medan Strandebar, som skal starta hausten 2020, skal ha emnet djupnelæring.

3.2.4. Entreprenørskap i Kvammaskulen- Forskarskulen

Ungt entreprenørskap (UE) er ein landsomfattande organisasjon som i samspel med utdanningsystemet/ næringslivet jobbar for å utvikla barn si skaparglede, kreativitet og tru på seg

sjølv. Det dei lærer på skulen kan brukast i kvardagen og i framtidig utdanning, yrke eller samfunnsliv. Hardangerkommunane har samarbeidsavtale med UE, som tilbyr skulane ulike program som dekkjer mål i læreplanane:

- 4. trinn på programmet. «Vårt lokalsamfunn»_ Elevane lærer om lokalsamfunnet og får innblikk i arbeids- og næringslivet si betydning for velferd og trivsel. Programmet lærer også elevane om ansvar og moglegheiter kvar enkelt har for å bidra til at lokalsamfunnet blir ein god stad for alle.
- 6. trinn SMART(are) Energi. Programmet inspirerer lysta til å tenkja fritt/kreativt. Gjennom ein prosess skal dei avdekka, utvikla og realisera idear/løysingar andre kan gjera seg nytte av: entreprenørskap i praksis! Dei beste oppgåvene frå kvar skule går vidare til ein kommunefinale, ang forslag til korleis løysa berekraftig fiskefor. Vinnaren lokalt og Fylkesnivå var 3 elevar på Norheimsund skule. Dei skal presentera oppgåva si på Hardangerkonferansen i Ulvik nov.18.
- 9. trinn: programmet « Ungt entreprenørskap» dekkjer kompetansemål i norsk, samfunnsfag, kunst og handverk, naturfag og utdanningsval. Elevane skal læra om verdien av entreprenørskap i samfunnet, få entreprenørkompetanse og høve til å reflektera over eigne dugleikar, verdiar og interesser. Ofte er det ei lokal bedrift som gjev elevane ei oppgåve dei skal løysa. Dette vert ikkje gjort inneverande år.
- « Forskarsommarskule» . Sommaren 2019 og 2020 fekk 26-26 elevar 4.-6.klasse i Kvam delta på forskarsommarskule. Finansiering: kr.30.000 frå Kvam Herad, foreldrebetaling kr.1200,- og støtte frå næringslivet. Særs vellukka og inspirasjon til vidare arbeid i med t.d. ferieklubben.

3.2.5. Digitalisering

Den digitale kvardagen vart utfordra då skulane stengde i mars. For mange, både tilsette og elevar vart det ei bratt læringskurve. Alle tok lange, viktige steg inn i ein framtidsretta og digitalisert skule, men utgangspunktet var ulikt , kor tilsette og elevar av ulike årsaker nytta digitale verkty og læremiddel i større og mindre grad. Dette har gjerne ført til at gapet kjem tydelegare fram no enn før tida med fjernundervisning. På same tid har ein jobba med resultatata etter forvaltningsrevisjonen som omhandla digitalisering. Etter ei samla vurdering har skuleeigar kome fram til at det er særleg tre hovudområde det må lagast planar for:

1. Digital kompetanse tilsette i skulen: Kva kompetanse treng tilsette? Oversikt over kva tilsette treng av kurs/opplæring. Korleis sikrar skuleeigar lik kompetanseheving for alle tilsette i skulane i Kvam?
2. Digital kompetanse elevar: Plan for digital kompetanse hjå elevar frå 1.-10. trinn som samsvarar med kompetansemåla i Kunnskapsløftet 2020. Plan for opplæring og gjennomføring.
3. Digital infrastruktur og utstyr: Sikra at nettverk og maskinvare er oppdatert og i samsvar med behov, samt avgjera kva læringsplattformer, lisensar osb. skulane i Kvam herad skal ha.

Skuleeigar må byggja opp eit system og ta det i bruk.

Pc og tavler er og vert ein sær s viktig del av systemet me byggjer opp. Det er viktig at politikarane veit at it- utstyr er eit vedvarande behov i skulen. Det er stadig utvikling, og det er få år mellom oppdateringar og nye system. Til dømes har me no mange ulike variantar av pc- ar og tavler, nye og gamle, kor ikkje alltid systema snakkar saman. Me er glade for at mange av elevane no endeleg har ein til ein pc, men samstundes er ein del av dei eldste pc- ane utdaterte.

3.3. Innblikk kvar skule

3.3.1. Vaksenopplæringa

Dette skuleåret har det vore 11 tilsette på skulen vår. I tillegg til rektor og ni lærarar, har me også hatt ein elevassistent i eit engasjement våren 2020.

Tenestetilbudet til Vaksenopplæringa er delt inn i 3 avdelingar.

- 1) Grunnskuleopplæring for vaksne etter *Opplæringslova § 4 A-1*
- 2) Spesialundervisning for vaksne etter *Opplæringslova § 4 A-2*.
- 3) Norsk og samfunnsfag for vaksne innvandrarak etter *Introduksjonslova, kapittel 4, § 17*.

Skulen vår gjennomfører også etter søknad, realkompetansevurdering på grunnskulen sitt område. Dette er eit kommunalt ansvar etter *Opplæringslova, regulert i forskrifta § 4-13*. Vaksenopplæringa i Kvam deltek i det regionale nettverkssamarbeidet i regi av Hardanger/Voss kompetanseregion og samarbeider på fleire område med dei andre vaksenopplæringane i regionen.

1. Grunnskuleopplæring for vaksne:
Opplæring i vitnemålsfag, deler av eit eller fleire fag, eller opplæring i ein eller fleire av dei grunnleggjande dugleikane i Læreplanverket. Vitnemålsfaga er: Norsk, engelsk, matematikk, samt to av faga: samfunnsfag, naturfag og RLE. Skuleåret 2019/20 deltok ni elevar, tre menn og seks kvinner, alle med minoritetsbakgrunn i alderen 18 -44 år. Våren 2020 avslutta to deltakarar grunnskuleopplæringa med sluttvurdering og avsluttande vitnemål.
2. Spesialundervisning for vaksne på grunnskulen sitt område:
Dei fleste deltakarane med spesialundervisning etter § 4 A-2, er i alderen 20-50 år. Det kjem årleg til nye deltakarar som er ferdig med vidaregåande opplæring og som i livssituasjonen sin har særlege opplæringsbehov. Skuleåret 2019/20 fekk to nye søkjarar i alderen 25-30 år vedtak om spesialundervisning etter sakkunnig vurdering frå PPT. Totalt har 20 elevar vedtak etter § 4A-2 skuleåret 2019/20.
3. Grunnleggjande opplæring i norsk og samfunnskunnskap:
Deltakarane er flyktningar, familiesameinte med desse og familiesameinte med norske statsborgarar med rett/plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. I tillegg får også arbeidsinnvandrarak innanfor og utanfor EØS-området tilbod om opplæring. Desse har ikkje rett til gratis norskundervisning. Skuleåret 2019/20 fekk 50 vaksne norskopplæring med samfunnsfag. 12 av desse fekk undervisning på kveldstid. Talet stig vanlegvis utover skuleåret etterkvart som fleire i målgruppa flyttar til Kvam. Skulen arrangerte skriftleg og munnleg norskprøve fire gongar dette skuleåret. Prøveperiodane samsvarar med dei nasjonale prøveperiodane, bestemt av *Kompetanse Norge*. Våren 2020 arrangerte me 50 timar samfunnsfagkurs for dei som har rett/plikt til denne opplæringa etter lova.

Prosjekt: Vaksenopplæringa starta hausten 2019 eit prosjekt i lag med kulturskulen som me kallar «*Norsk med musikalsk vri*». Dette er eit samarbeid mellom norsklærarane og kulturskulelærarar der elevane gjennom song og rørsle får erfara ein annan måte å bli kjent med det norske språket på. Elevane har mellom anna delteke med musikalske innslag på «Bornas verdsdag» hausten 2019.

3.3.2. Strandebarm skule

Skuleåret 2019/20:

Tilsette: Det har vore ein del skifte i personalet dei siste åra. Det positive inneverande år er at det er mange gode kvalifiserte søkjarar og fleire som ynskjer å jobba i Strandebarm. Skulen ligg i ytterkanten av kommunen, dette har me merka på den måten at lærarar som er busette i Norheimsund og Øystese blir på skulen i kortare periodar grunna lang reiseveg. Dette vert sårbart for skulen over tid. Skulen har fagleg dyktige assistentar og fagarbeidarar. To av assistentane er i gang med vidareutdanning. Dette skuleåret har me hatt ein miljøterapeut som har jobba tett mot nokre av våre mest sårbare elevar som har det vanskeleg i skulekvardagen.

Prosjekt: Av prosjekt dette skuleåret vil me ta fram markeringa av Jon Fosse. Skulen har litt markering av forfattaren kvart skuleår, men dette året vart litt ekstra då han fylte 60 år 29. september 2019. Mellomtrinnet sende bursdagshelsing til han, og dei fekk brev tilbake frå jubilanten. I tillegg vart fjellturen denne hausten til Haukåsfjellet.

Psykososialt miljø: Me har hatt veldig fokus på elevane sitt psykososiale miljø. Skjerpinga av aktivitetsplikten i paragraf 9A har utfordra oss til å jobbe meir systematisk. Skulen har hatt fleire mobbesaker der det har blitt utarbeida aktivitetsplan. I dette arbeidet har me erfart at skulen sine rutinar ikkje var tydelege nok og me var ikkje gode nok på undersøkingar og på fram eleven si stemme i mobbesakene. No er det på plass betre rutinar som er skriftlege og gjort kjent i personalet. Me har god erfaring med å gå raskt inn, og har tydeleg rutine på kva me skal gjera når me får melding om noko som gjeld skulemiljø, og er meir merksame på elevane si stemme. Ved å jobba meir systematisk opplever me at fleire saker vert løyst på eit tidleg stadium. Førsette og elevar gjev gode tilbakemeldingar på at dei vert høyrte og at det som vert meldt vert gripe fatt i.

Fysiske tilhøve/ utstyr: Dei fysiske tilhøva på skulen er gode. Me har gode klasserom og spesialrom. Det er i periodar behov for fleire grupperom slik at me kunne organisert oss meir fleksibelt. Då alle elevane kom tilbake til skulen i vår etter nedstenging, måtte me nytta eit treningsrom til undervisningslokale. Dersom me må tilbake til raudt nivå, bør rommet forbetrast i høve lyd og utstyr.

Digitalt utstyr: Me har hatt over ein periode hatt god pc-dekning med ein til ein på ungdomstrinnet. På mellomtrinnet har det vore fleire elevar pr pc, men i vår fekk me nye slik at det er 1:1 også her. Klasseromma har activeboard, men nokre av desse er det snart på tide å byta ut. Me slit med dårleg nett på skulen. Me har fått lovnad om at det skal utbetrast, men det kjem stadig nye utsettingar.

Elevrådet: Me har hatt eit aktivt elevråd som er oppteken av korleis elevane har det på skulen. Skulemiljø og trivsel har vore eit gjennomgåande tema, og det har kome mange gode forslag frå elevane om korleis ein kan jobba med dette. Etter ynskje frå elevane og med midlar frå FAU er det kjøpt inn nye sofaer på ungdomstrinnet. På barnetrinnet har sakene som har kome frå klassane ofte handla om kva ein ynskjer å kjøpa inn. Med god rettleiing, har representantane gjennom skuleåret klart å få fram andre saker, og det har kome saker frå elevrådet som skal diskutertast i klassane.

FAU: Det har vore eit aktivt FAU dette skuleåret. Dei har vore engasjerte i skuleturen for 10. trinn som er endra frå å vera ein tur som i stor grad har vore arrangert av føresette, til ein tur arrangert som skuletur arrangert av skulen både når det gjeld turmål, innhald og betaling. FAU har jobba godt med saker som har kome frå skulen, og har kome med gode og reflekterte tilbakemeldingar. FAU har vore oppteken av skulefrukost.

3.3.3. Tørvikbygd skule

Tilsette: Sju tilsette lærarar med godkjend utdanning, og ein fagarbeidar.

Prosjekt: Uteskule. Heile skulen har hatt fokus på å ha faste uteskuledagar annakvar veke. 1.-4. trinn og 5.-7.trinn har vore i lag. Me har hatt gode undervisningsopplegg frå mange ulike fag, ikkje berre naturfag. Elevane har etter kvart vorte gode på både å kle seg og jobba

med skuleoppgåver ute. Skulen har ein fast gapahuk i skogen bortom skulen. **Det er vårt "klasserom"** ute. Elles har me brukt stølar, fjører og andre grøntområde rundt skulen.

Psykososialt miljø: Me hadde kurs saman med Ålvik skule om "Mitt val". Nokre av lærarane hadde allereie brukt opplegget ei stund. Mitt val er eit oppæringsprogram om sosial og emosjonell læring. Både Ålvik og Tørvikbygd skule var samla i Ålvik og hadde ein svært lærerik planleggingsdag saman med kursinstruktør Mette Leistad frå "Mitt val" sentralt. Alle klassane tok i bruk programmet. Mange likar opplegget og får gode tilbakemeldingar frå elevane. Oppfølgingskurs og foreldremøte kjem i skuleåret 2020/2021.

Fysiske tilhøve/ utstyr: Me er få elevar på skulen og har god plass rundt oss. Både ute og inne.

Digitalt utstyr: Me har digitale tavler i alle klasserom. 1.kl har nettbrett, resten av elevane har pc.

Elevrådet: Elevrådet hadde ulike sosiale tilstellingar, mellom anna karneval. Dei jobba med ulike elevrådssaker, der dei fekk vera med og bestemma elevaktivitetar som fremja det sosiale miljøet på skulen.

Fau: FAU arrangerte to skulelunsjar for alle elevane og ein servering av julegraut saman med elevane og besteforeldra. Dei har også jobba med spørsmålet som kom frå rådmannen om nedlegging av Tørvikbygd skule. Eit lesarinnlegg har stått på prent i Hordaland Folkeblad.

3.3.4. Norheimsund skule

Skuleåret 2019/20:

Tilsette: Skulen har tilsett kvalifiserte pedagogar, fagarbeidarar og assistentar. Me har og ein miljøterapeut. Samla er det 52 tilsette på skulen pluss to lærlingar. Berre seks av dei tilsette er menn.

Prosjekt: Norheimsund skule har dette året brukt Orrehaugen aktivt til uteskule. Første og andre trinn har ein fast dag kvar veka i Orrehaugen. FAU har vore aktive for å skaffa midlar til å få på plass to gapahukar slik at elevane kan ha eit samlingspunkt under tak. Planen var at første gapahuken skulle koma på plass i vår, men grunna koronasituasjonen vart ikkje dette gjennomført.

Psykososialt miljø: Elevundersøkinga 19/20 viser at 5.-7. trinn samla ligg likt med nasjonalt nivå når det gjeld trivsel på skulen. Likevel ser me at me har elevar som strevar i skulekvardagen. Det er difor god bruk for miljøterapeut som me har hatt dette skuleåret.

Fysiske tilhøve/ utstyr: Heilt frå skulen var ny har me slite med at det er mykje gjenklang på personalrommet. Mange har ikkje nytta rommet i det heile fordi det har vore for mykje støy. Dette året fekk me litt midlar slik at me kunne kjøpa inn gardiner, grønne planter og lydabsorbentiar i taket. Me kan vel ikkje seia at det tok vekk heile lydproblematikken, men det vart mykje betre.

Digitalt utstyr: Elevane på 6. og 7. trinn har skuleåret 19/20 tilgang på kvar sin PC. Me ser at dette fungerer mykje betre enn ved deling. Innlogging og oppstart går no greit og ein slepp å venta ti minuttar før maskina er klar til bruk. Neste år må også 4. og 5. trinn få tilgang på kvar sin PC. Dette skuleåret er også trådløst nett fornya slik at ein no har betre dekning og kapasitet.

Elevrådet: Elevrådet er aktivt og har møte kvar månad. Leiar og nestleiar i elevrådet er og medlemmer i skulemiljøutvalet. Elevrådet arrangerar elevkveldar og har kantine for elevane på 5.-7. trinn nokre gonger i halvåret.

FAU: Skulen har eit svært engasjert og aktivt FAU. Dei har det siste året lagt ned eit stort arbeid med dugnader i Orrehaugen. Dei har skaffa teikningar og midlar til to gapahukar og fått grusa opp gangveggar slik at det ikkje vert så sølete på stien inn i området.

3.3.5. Øystese skule

Skuleåret 2019/20:

Tilsette: Dette skuleåret har me hatt kvalifiserte medarbeidarar i alle pedagogiske stillingar. Grunna sjukefråvære, har me måtta bruka vikarar som er under utdanning. På assistentsida har dei fleste utdanning som fagarbeidar. Alle har god realkompetanse for arbeidet sitt. Nytt av året er stillinga som miljøterapeut, og her ser me mange positive ringverknader for elevar og tilsette. Skulen vår har god fordeling i personalet, både når det gjeld alder og kjønn.

Prosjekt: I haust gjennomførte me ei aktivitetsveke, «Venskapsveka», på tvers av alle trinna på skulen. Det overordna temaet var positiv samhandling og venskap. Det vart arrangert mange ulike gruppeaktivitetar, og eit handfast resultat er eit kunstverk som alle elevane har bidrege til. Dette heng godt synleg i ein av korridorane våre. Fleire av dei yngste klassane har fast utedag, der læringsarenaen er skog og mark i nærområdet vårt. Då elevane kom attende til skulen etter koronastenginga i vår, nytta alle trinna mykje tid ute.

Psykososialt miljø: Elevundersøkinga fortel at dei fleste er nøgde med å vera elevar ved Øystese skule. Likevel, når me har ein del som melder at dei tidvis vert mobba, så har me eit arbeid å gjera. Me arbeider målretta med dette, og på nokre av trinna ser me ei betring. Avdelingsleiarane arbeider tett saman med lærarane på trinna, og det psykososiale miljøet er eit tema på alle trinnmøta kvar veke. Inspeksjonen (tilsyn i friminuttane) er styrka, fordi me har avdekket at konfliktane startar ofte ute. Ein strategi er å ha gode fellesaktivitetar. Nokre gonger i året er det fellessamlingar i aktivitetssalen. Tema er gjerne aspekt kring det psykososiale miljøet.

Fysiske tilhøve/ utstyr: Øystese skule har mangel på høvelege rom; både ein del spesialrom, møterom, og grupperom. Inneverande år har deler av undervisninga føregått utanfor eigen skule, og mat og helse-undervisninga skjer på Kvam ungdomsskule. Det er planlagt utbygging ved skulen, og me helsar denne velkomen.

Digitalt utstyr: Klasseromma har elektroniske tavler, og me har fått PC til fleire elevar gjennom året. 7. trinn har hatt eigen maskin sidan januar, og me har datarom til dei yngre elevane. I tillegg brukar desse trinna nettbrett til mange læringsaktivitetar.

Elevrådet: Elevrådet har jamlege møte, om lag kvar 3. veke. Utanom å vera med å påverka, er ei viktig oppgåve for elevrådet å arrangera elevkveldar.

FAU: Skulen har eit engasjert FAU. Det siste som har engasjert er omfang av symjeopplæringa og planar om nytt skulekjøken/kantine. Elles engasjerer vedlikehald av skulen.

3.3.6. Ålvik skule

Skuleåret 2019/20:

Tilsette: Skulen har tilsett kvalifiserte pedagogar og fagarbeidarar, to av desse er menn. Me har også ein sosialfagleg stilling i 50% som er nytt av dette skuleåret. Til vikarar nyttar me kvalifisert personell så langt det går. Men også ufaglærte er vikarar.

Prosjekt: Me har mange kreative tilsette. 6. klasse har hatt prosjekt på mat og helse og lage adventskafe for bygdefolket ein dag i desember. Her møttest born, foreldre, naboar og sambygdingar til ein god prat og god mat. Julebaksten kunne ein også kjøpa her. Til Bornas Verdsdag la 5. og 6. klasse ned mykje flott arbeid. Uteskule har me jevnleg. Dei yngste elevane nyttar mykje Auganesfjæra. Der får me låna Saga som pensjonistane i bygda har restaurert, slik at me tak over hovudet og nyt nista i tørre forhold. Dei eldste elevane er flinke med utfluktar i skog og stolar i bygda. Særleg etter opning av skulen etter stenginga grunna Covid 19, nytta alle klassar 1- 2 timar med uteskule dagleg.

Psykososialt miljø: I fjor starta me med felles sosiale mål for alle elevane på skulen. Desse vart utarbeidd av elevrådet og tilsette, som såg dei i samheng med fagfornyninga, Mitt Val og faga elles. Me har eit hovedmål for seks veker om gongen. Det går mykje på korleis kvar enkelt skal oppføra seg for at me saman skal få eit godt skulemiljø. Desse måla synleggjer me på vekeplanane, i klasseromma, i

felles atrie, på personalrommet og ved SFO inngang. Kontaktlærer har ansvar for ein time kvar veke der ein arbeider med det psykososiale måla i klasserommet.

Fysiske tilhøve/ utstyr: Ålvik skule stod ferdig i nytt modulbygg for tre år sidan. Me har gode rom, inneklima og toalett- tilhøve. Arbeidsforholda for både elevar og tilsette er bra. Me har ein mangel på fleksible rom me kan utvida, med til dømes skuvedør. Gymsalen frå 1960 er dårleg; vindauge og foringar trengst bytast, fasaden er fuktig med gamle, vassstrekte betongveggar og lekkasje i taket, som igjen har øydelagt golvet. Der treng me ei oppussing og eit ventilasjonsanlegg.

Digitalt utstyr: Dei siste tre åra har Ålvik skule satsa mykje på innkjøp av digitale hjelpemiddel. Me fekk eit løft ved opning av ny skule då alle klasseromma fekk digitale tavler. Alle tilsette som driv undervisning har eigen PC i Kvammaskulen. I tillegg har Ålvik skule redusert innkjøp av arbeidsbøker i papirform og brukt meir pengar på PC og nettbrett. Pr. dags dato har 1.-4. trinn egne nettbrett 1:1. og 5.-7. trinn eigen PC 1:1.

Elevrådet: Elevrådet ved Ålvik skule er aktive, har mange idear og gjennomfører mykje. I år har dei også hatt tre elevkveldar og to skulejogg- løp til inntekt for Unicef. Det er elevar frå 4.-7. trinn som sit i elevrådet. Elevrådet lagar til 2 veker i året med fokus på trivsel. Då gjer dei kjekke ting saman; dans, utkledding og aktivitetar som baking og filmstund i klassane.

FAU: Me har eit aktivt FAU. I fjor arrangerte dei to dugnader for vedlikehald av skuleplassen vår. Me hadde fleire møte både haust og vinter. I mai var planen å introdusere Mitt Val, eit program som har fokus på den psykososiale helsa til eleven, på foreldremøte for heile skulen. Pga. pandemien vert det utsett til hausten.

3.3.7. Kvam ungdomsskule

Skuleåret 2019/20:

Tilsette: Skulen har tilsett kvalifiserte pedagogar, fagarbeidarar/ assistentar, samt at me dette året også har auka merkantil ressurs og fått miljøterapeut på skulen. Tilsette er einige om at dei saknar fleire menn!

Prosjekt: Kvam ungdomsskule har mange lærarar som brenn for god undervisning og lagar spennande opplegg for elevane. I fjor starta 9. trinn eit prosjekt kor elevane mellom anna fekk vera med på å slakta sau. Inneverande år vart dette prosjektet vidareutvikla, slik at det vart ei veke med fokus på berekraft i eit tverrfagleg opplegg for 9. trinn. Denne veka var berekraft tema i alle fag, og elevane fekk vera med på slakting av sau, klebytedag, prosjekt med gjenbruk og besøk til Lingalaks.

Psykososialt miljø: Me ser at me har ulik trivsel på skulen vår, og elevar som vegrar seg for å gå på skulen. Dette året er den kommunale fråværsplanen for ungdomsskulen teke meir regelmessig i bruk, og me har god hjelp av den og samarbeid med hjelpetenestene våre. Det har også vorte meir fokus og bruk av aktivitetsplan for brot på §9- a. Miljøterapeuten har hatt sitt fyrste år på skulen, og bruker tida si på samtalar med einskildelevar, tid i klassane, aktiviteter og har ansvar for elevrådet. Skulen ser at me treng å jobba meir systematisk med mobbing/ språk/rasisme og rusførebygging.

Fysiske tilhøve/ utstyr: Kvam ungdomsskule har fått mange oppgraderingar på skulen inneverande år; nytt tak og golv i gymsalen, samt lydemping. Dette gjev oss moglegheit til å bruka gymsalen på ein heilt annan måte. Samstundes er utstysrom og treningsrom vorte utbetra med ny organisering og innreiing, slik at det vert triveleg for elevane å trenast der, og orden i utstyr for interne og eksterne brukarar av gymsalen. Idrettshallen har fått nytt lydanlegg, som gjev reduserte kostnader når skulen mellom anna har Vinterfest. Skulen har også fått nytt kantinekjøkken som på sikt gjev større moglegheiter for større utval i kantina.

Digitalt utstyr: Dette året har elevane endeleg fått ein til ein tilgang på pc. Dette er viktig med tanke på skule- og heimearbeid på pc og ved evt. nye utbrot av covid- 19. Utfordringa er at mange av pc- ane våre no er utdaterte, og dette betyr at det stadig vil verta behov for fleire pc- ar. I samband med at tilsette får nyare pc- ar, vert det også behov for utskiftingar av digitale tavler.

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Elevrådet: Har møte ein gong i månaden der miljøterapeuten på skulen er med i desse møta. Dei driv elevkantina, og arrangerer førjulskos for alle elevane og årleg utkleddingsveke .

Fau: Det var planlagt eit foreldremøte pr. trinn med tema rus, nettvett og psykisk helse, men dette vart diverre ikkje gjennomført pga. Covid 19. Dette vert vidareført til dette skuleåret.

3.3.8. Kommenterarar til Kommunebarometeret og Kostratal

Kommunebarometeret, Kvam kommune

Tabeller: Grunnskole

Rangering

	2015	2016	2017	2018	2019
GSK01 Snitt grunnskolepoeng, siste fire år	66	69	78	87	90
GSK02 Snitt grunnskolepoeng (10. trinn) siste år	66	86	84	125	99
GSK03 Andel elever fra kommunen som har fullført og bestått videregående Innen fem år ¹					70
GSK04 Andel elever på laveste mestringsnivå, 5. trinn, snitt siste fire år	245	183	190	188	118
GSK05 Andel elever på laveste mestringsnivå, 8. trinn, snitt siste fire år	68	55	150	135	178
GSK06 Andel elever på laveste mestringsnivå, 9. trinn, snitt siste fire år	109	131	113	235	270
GSK07 Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 1.-7. trinn	34	176	135	208	78
GSK08 Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 8.-10. trinn	62	64	81	213	125
GSK09 Andel lærere som oppfyller kravene til undervisning, 1.-7. trinn	126	92	128	152	93
GSK10 Andel lærere som oppfyller kravene til undervisning, 8.-10. trinn	291	193	189	158	1
GSK11 Trivsel, 7. trinn, snitt siste fem år	235	234	249	191	106
GSK12 Trivsel, 10. trinn, snitt siste fem år	181	36	54	85	69
GSK13 Fysisk aktivitet, 5.-7. trinn	285	235	277	247	152
GSK14 Andel elever med spesialundervisning 1.-4. trinn, snitt siste fire år	70	102	129	153	254
GSK15 Andel elever med spesialundervisning 5.-7. trinn, snitt siste fire år	158	142	139	149	149
GSK16 Andel elever med spesialundervisning 8.-10. trinn, snitt siste fire år	112	124	186	183	236
GSK17 Andel elever som får leksehjelp, 1.-4. trinn	327	322	325	333	324
GSK18 Andel elever som får leksehjelp, 5.-7. trinn	182	174	154	161	151
GSK19 Andel elever som får leksehjelp, 8.-10. trinn	177	192	202	206	216

Kommunebarometer resultatata viser mellom anna:

- plass: Kvam herad grunnskule kom på 64.plass i kommunebarometeret for 2020.

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

- Fullfører vidaregåande opplæring: Tal elevar som fullfører vidaregåande innan fem år har auka på nasjonalt nivå dei siste åra. Snittet er på 76,24%. I Kvam er det 83,5% av elevane som fullfører vidaregåande opplæring innan fem år.
- Kompetansekrav: På nasjonalt nivå oppfyller 76,7% av norsk, matematikk og engelsklærarane kompetansekrava på barnetrinnet. I Kvam innfrir heile 88,62% kompetansekrava. På ungdomstrinnet oppfyller 84,85% kompetansekrava mot nasjonalsnitt som er på 75,56%.
- Nasjonaleprøvar: På nasjonaleprøvar har Kvam litt for mange elevar på dei lågaste meistringsnivåa både på 5.trinn og på 8. og 9 trinn.
- Trivsel: I følge elevundersøkinga på 7.trinn viser tilbakemeldingane at 91% av elevane trivst godt. Snittet nasjonalt ligg på 85,76%.
- Spesialundervisning. Snittal knytt til spesialundervisning viser at Kvam dei siste åra stort sett har helde seg rundt nasjonalt nivå, men me ser ein stigande tendens det siste året.

Kostratal 2019

Nøkkeltall	Enhet	Kvam		Kostragruppe 11		Landet uten Oslo	
		2019	+	2019	+	2019	+
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring (antall)	antall	35,0		53,0		36,3	
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	antall	158,6		148,7		139,9	
Elever i kommunale og private grunnskoler som får særskilt norskopplæring (prosent) ¹	prosent	7,8		3,9		4,9	
Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (prosent)	prosent	10,3		8,4		7,8	
Elever på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	prosent	72,4		73,6		75,0	
Elever på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)	prosent	64,4		67,5		68,7	
Gruppestørrelse 2 (antall)	antall	14,8		14,8		15,8	
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	antall	42,6		41,3		41,7	
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samlede netto driftsutgifter (prosent)	prosent	23,8		23,1		23,0	
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år (kr)	kr	136 251,9		129 236,8		117 307,7	

¹ Fra og med 2010, er driftsansvar privat inkludert i indikatoren.

[Statistikkbanktabeller for området](#)

[↓ Last ned tabellen i Excel](#) [↓ Last ned som CSV-fil](#)

- Elevar som får spesialundervisning ligg på 10,3. Dette er ei lita auke frå tidlagare år, då me har helde oss stabilt under 9 % sidan 2015.
- Det er gode resultat på gjennomsnittleg grunnskulepoeng.
- Tala viser også at Kvam har same tal elevar pr. lærar som Kostragruppe 11, men litt færre enn landet.
- Netto driftsutgifter til grunnskulesektoren pr. innbyggjar ligg over kostragruppe 11. Dette kan forklarast med skulestruktur (2 små skular), over gjennomsnittet mange fleispråklege elevar i forhold til elevtal og andel elevar med omfattande ressursbehov.

- Kvam har høg andel elevar som får særskild norsk i høve samanliknande kommunar, men kvar elev får vesentleg færre årstimar særskildt norsk enn elevar i samanliknande kommunar.

4. Konklusjon

Kvalitetsrapporten skal gi eit oversiktleg bilete av situasjonen i skulane i Kvam, både det me er nøgde med, og det me bør forbetra. Me er nøgde med at elevane frå grunnskulen startar vidaregåande skular, at dei fullfører vidaregåande, har gode grunnskulepoeng og at me har godt kvalifiserte tilsette, som og søker vidareutdanning for å møta kompetansekrava i 2025. Nasjonale prøvar gir oss ikkje dei store overraskande resultatata, og er ikkje langt frå det nasjonale resultatet og lokale mål. Resultat frå elevundersøkinga om mobbing er ikkje på noko måte tilfredstillande, og vert høgt prioritert område vidare dette skuleåret.

Kvam herad har tilsette som jobbar godt og samvitsfullt, og dei har særleg siste skuleår vist endringsvilje og kapasitet i samband med nedstenginga grunna Covid 19. Situasjonen har lært oss noko om kollektiv kapasitet og kva me saman kan få til om me lyftar i flokk, på tvers av klasserom, team, trinn og skular. Dette må me ta med når me jobbar med implementeringa av Kunnskapsløftet 2020- Fagfornyinga, digital kompetanseheving av tilsette og rutinar og planar kring resultat frå nasjonale prøvar og elevundersøkinga.

I dei ulike skulane skjer det mykje godt arbeid med undervisning, sosiale tilstellingar, førebyggjande arbeid mot mobbing, kompetanseheving, planar og rutinar for faglege og sosiale utfordringar i skulane. Men me må verta betre på å tenkja at me er ein del av Kvammaskulen, og sjå at me må ha ein felles grunnmur. Dette krev tid og tolmod.

Skulesektoren ynskjer å ha fokus på fylgjande område i tida som kjem, der ein mellom anna skal få på plass gode system som er felles for skulane i Kvam:

- § 9A Trygt og godt skulemiljø; planar for førebygging, rutinar, system for oppfylgjing
- Styrka den ordinære opplæringa; fagleg trivsel, arbeid med nasjonale prøvar
- Kunnskapsløftet 2020 – Fagfornyinga; implementering og kompetanseheving for tilsette
- Vidareutvikla støttesystemet ved skulane; eit støttesystem som del av den ordinære undervisninga
- Digitalisering; plan for kompetanse og progresjon for elevane, kompetanseheving for lærarane og digitalt utstyr og lisensar som samsvarar med behovet
- Fullføra og vedlikehalda dei områda me har hatt fokus på: vurdering for læring, læringsmiljø og **pedagogisk analyse og "barn er ikkje vanskelege- dei har det vanskeleg"**

Kvart av punkta er i seg sjølv omfattande og har mange underpunkt enn her nemnt. I tillegg til å utarbeida system, skal det implementeast i alle nivå.

Målet vårt er at alle tilsette, elevar, føresette og innbyggjarar skal kjenna Kvammaskulen som ei eining.

“

TILSTANDSRAPPORT BARNEHAGE 2020



Barnehageåret 2019/2020

Innhold

Bakgrunn	4
Kommuneplan for Kvam – samfunnsdel.....	4
Brukarmedverknad	4
Informasjonsflyt	4
NASJONALE BARNEHAGESATSINGAR	6
Samfunnsmandatet	6
KOMPETANSE	7
LP – Læringsmiljø og pedagogisk analyse. LP-modellen.....	7
Nasjonal kompetanseheving i regi av Udir/ vidareutdanning.....	7
Regional ordning for kompetanseutvikling. «REKOMP»	7
Kommunal kompetanseheving i regi av Kvam herad	7
Rekruttering av barnehagelærarar	7
OVERSIKT OVER BARNEHAGANE I KVAM HERAD.....	8
Ålvik barnehage.....	8
Øystese barnhage, avd. Bjørketeigen	9
Øystese barnehage avd. Sjydnahaugen	10
Norheimsund barnehage	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Tørvikbygd barnehage	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Strandebarm barnehage	15
INKLUDERANDE BARNEHAGAR	16
Felles barnesyn.....	16
Fleirspråklege born i barnehage.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Støttetiltak	16
Pedagogisk psykologisk teneste (PPT):	16
Tidleg innsats:.....	16
Lågterskeltilbod	17
Støtteteam barnehagar.....	17
Barnehagelova § 19a spesialpedagogisk hjelp	17
Barnehagelova § 19g barn med funksjonsnedsetjing og behov for tilrettelegging.....	17
LOKALE TILTAK SISTE ÅRA	19
SÆRLEGE UTFORDRINGAR I BARNEHAGESEKTOREN	19
Vikarsituasjon	
Bemanning	
Barnehageplass utanom søknadsfristen	

Praktiske utfordringar	
Covid 19	Feil! Bokmerke er ikke definert.
KOMMUNEBAROMETER 2019.....	21
OPPSUMMERING.....	22

Bakgrunn

Tilstandsrapporten er ikkje lovpålagt for barnehage, men Kvam laga sin fyrste rapport i 2018, då barnehageeigar meiner det er viktig at politikarane får ein årleg rapport om tilstanden i barnehagesektoren. På den måten kan politikarane sjå heilskapen frå 0-16 år. Rapporten er ikkje uttømande, men gjev eit innblikk i sektoren.

Rapporten har tidlegare hatt tittelen Kvalitetsrapport. Då rapporten for skule har endra tittel til Tilstandsrapport, då det er dette som er nytta i lovkravet, gjer ein no det same for barnehage.

Kvam har fem kommunale barnehagar, og ein privat, kor alle har flotte og moderne bygg og leikeplassar. Alle barnehagane vart godkjende etter forskrift for miljøretta helsevern (MHVB) våren 2018. Barnehagane rapporterer årleg i Basil.

Totalt har Kvam herad pr. 1 desember 2019 (kjelde Basil) 345 born i sine barnehagar, og 126 tilsette (mange i deltidstillingar). FUS, den private barnehagen med kommunalt driftstilskot, har 87 born. Rapporten handlar om dei kommunale barnehagane, Kostratal og Kommunebarometer 2019, samt oppdatert informasjon frå barnehageleiinga/styrargruppa.

Kvam har felles leiar for barnehagar og skular. For barnehagane gjeld stillinga:

- Kvam herad som barnehagemynd, med ansvar for godkjenning, tilsyn og å ivareta og rapportera alle statlege føringar både for kommunale og private barnehagar.
- Kvam herad som barnehageeigar med ansvar for leing av kommunale barnehagane.

Kommuneplan for Kvam – samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel er ein styrande plan for all verksemd i kommunen, og det viktigaste dokumentet for kommunen si utvikling og styring fram mot 2030. Planen viser korleis kommunen kan realisera moglegheiter for å skapa ei positiv utvikling i kommunen.

Visjonen til Kvam herad er å *"Skapa ei oppsiktsvekkjande framtid"*, og reflekterer at me føl med i tida, at me er kreative og viser innovasjonsvilje. *« Dei samfunna som klarer å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid er dei som oppmodar til eksperimentering, dyrkar risikovilje, pleier sine innovatorar, set pris på kreativitet og fremmar det særeigne »* (Kommuneplan for Kvam herad 2015-2030, samfunnsdel s.12).

Kommuneplanen skal leggja til rette for å skapa god helse og trivsel for kvemmingane gjennom direkte og indirekte påverknad heile livet. Tenestetilbodet skal leggja til rette for at innbyggjarane på ein enkel måte kan gjera val som er tenlege for eiga helse. Det er i kommunen mykje av velferdstenestene blir skapt, og det er forventet vekst i behovet for kommunale tenester framover. I kommuneplanen sin samfunnsdel er det skissert at me vil få fleire barn i barnehage- og skulealder dei næraste år, og at auka privat kjøpekraft også vil påverka auka forventningar om kvalitet og omfang av det kommunale tenestetilbodet.

Brukarmedverknad

Samarbeidsutvalet (SU)

Alle barnehagar har valde foreldrerepresentantar som sit i SU. Her kan foreldra ta opp aktuelle tema.

Brukarundersøking

Frå hausten 2020 skal alle barnehagane gjennomføra «Foreldreundersøkinga» som Udir gjev ut nasjonalt. I tillegg til å få inn brukarane si stemme kan me også samanlikna oss nasjonalt. Kvalitet i alle ledd

I kvardagen er det viktig for oss å lytta til innspel frå born og føresette. Det kan vera reaksjonar på innhald, misnøye på maten eller måten dei vert møtt på. Me arbeider med «kvalitet i alle ledd» på styrarnivå, og målet er at alle våre tilsette skal sjå at deira rolle overfor foreldra er viktig. Me ynskjer at alle skal møta foreldra med desse orda: *«Takk for at du seier ifrå til oss som kan gjera noko med dette. Me kan alltid verta betre, og dykkar innspel er verdifulle for oss.»*

Informasjonsflyt

Informasjon og synleggjering av barnehagane som kvalitativt gode pedagogiske verksemder_

- Felles informasjon ligg på www.kvam.no.
- Alle barnehagar har ei heimeside som skal ivareta kontaktinformasjon til foreldra og andre interessentar. På denne sida vil ein og kunne finna årsplan for den aktuelle

barnehage. Anna informasjon som månadsbrev og liknande, vil føresette finna på MyKid frå hausten 2020. Grunna Covid 19, vart innføringa av My Kid forseinka.

Alle dei kommunale barnhagane tok i bruk MyKid kommunikasjonsløysing august 2020. MyKid gjev barnehagane smarte og enkle funksjonar for frammøtereregistrering, sovelister, ferie og fråvær, aktivitetar og påmelding, oppteljing av barn, ulike løyve og beskjedar knytt til det einskilde barnet mm.

- Facebook-sida «Barn og unge i Kvam» har delt bilete og tekst frå det daglege livet i barnehagane, samt gitt informasjon og gode råd/tema til foreldre, tilsette og andre.
- Internt i barnehagane ynskjer me å bruka meir digitale info ut mot foreldra, som f.eks. informasjonsskjerm i garderoben. Desse vart kjøpt inn til nokre barnehagar i fjor, men er ikkje teke i bruk enno.

NASJONALE BARNEHAGESATSINGAR

Samfunnsmandatet

- Det er lovfesta rett til plass for alle barn i Noreg over 1 år. Gjeld dei som søker innan fristen 1.februar.
- Alle barn fødd i august, sept, okt, nov har rett på plass den månaden dei fyller 1 år.
- Pedagognorm frå 01.08.18. Barnehagen skal ha minst éin pedagogisk leiar pr. 7 små barn under 3 år, og ein pedagogisk leiar pr. 14 barn over 3 år. Eit ekstra barn utløyser krav om ny heiltidsstilling som pedagogisk leiar. Barn tel som 3 år frå og med august det året dei fyller 3 år.
- Bemanningsnorm frå 01.08.18. Norma stiller eit minimumskrav til grunnbemanning i ein ordinær barnehage: minst ein tilsett per 3 barn når borna er under 3 år, og ein tilsett pr. 6 barn når borna er over 3 år.
- Sikra likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar. Det er ulik kvalitet mellom kommunar, **mellom barnehagar i kommunar og mellom avdelingar i barnehagar. Denne "strekken" ser me i Kvam også.** Staten har utvikla ein ny strategi for kompetanseutvikling REKOMP, for å sikra meir lik kvalitet i alle barnehagar. Meir info s. 6.
- Barnehagen som trygg og god læringsarena. Staten gjev føringar som må oppfyllest for at kommunen skal tilfredsstilla krava som gjeld for barnehagar i Noreg.
- Alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap. Å gå i barnehage skal gje det einskilde barn det barnet treng for å kjenna seg inkludert i eit fellesskap. Frå 1.januar 2021 kjem det strengare og tydlegare reglar som skal sikre at alle barn har det trygt og godt i barnehagen.
- Rammeplan. Sentrale tema i nasjonal Rammeplan er berekraftig utvikling og livsmeistring. Tema frå Rammeplanen skal påverka barnehagane sine årsplanar.

KOMPETANSE

LP – Læringsmiljø og pedagogisk analyse. LP-modellen.

LP var ei felles satsing for barnehage og skule 2016-19. Hovudmåla handla om å læra analyseferdigheiter og refleksjon over eigen praksis, og utarbeida kvalitet i rutinesituasjonar. Barnehagane brukar analyseverktøyet samanhengsirkelen for å få eit klart bilete av ulike situasjonar, slik at ein kan reflektera saman og koma fram til best mogeleg tiltak for å betra situasjonen. Inneverande år og fleire år vidare vil LP ha fokus, då implementeringsarbeid tek tid.

Nasjonal kompetanseheving i regi av Udir/ vidareutdanning

Vidareutdanning 17/18: ingen barnehagelærarar deltok.

Vidareutdanning 18/19: 6 barnehagelærarar deltok.

Vidareutdanning 19/20: 3 barnehagelærarar deltek.

Udir gjev støtte for kvar student, som skal dekkja alle utgifter og 12 dagar vikar.

Regional ordning for kompetanseutvikling. «REKOMP»

Alle barn skal få eit godt barnehagetilbod, uansett kor dei bur og kva barnehage dei går i.

Regjeringa sin kompetansestrategi 2018-2022 skal støtta opp om arbeidet med rekruttering og kompetanseutvikling. Med revidert kompetansestrategi ynskjer regjeringa å tydeleggjera dei ulike aktørane sine roller og ansvar for kompetanseutvikling og legg til grunn eit godt samarbeid mellom sektorane for å nå måla i strategien. I praksis betyr dette at Kvam i samråd med Hardanger/Voss kompetanseregion, kan søkja Fylkesmannen om kompetansemidlar for å heva kvaliteten i dei barnehagane som ein vurderer treng eit løft.

Hausten 2019 starta Norheimsund barnehage med denne kompetansehevinga, saman med høgskulen på Vestlandet. **Vurderingstemaet er: " Norheimsund barnehage legg vekt på mangfald som ein ressurs i møte med barn og vaksne."**

Hausten 2020 startar Ålvik og Tørvikbygd barnehage. Det er sett opp ein turnus for dette arbeidet, slik at alle dei kommunale barnehagane skal delta i denne kompetansehevinga i løpet av nokre år.

Det vert gjennomført ein ståstadanalyse, for vidare å fylgja opp med ekstern vurdering.

Ståstadanalysen skal bidra til gode refleksjonsprosessar, og er eit hjelpemiddel for barnehagebasert vurdering. Målet er å skapa felles refleksjon kring barnehagen sin praksis mellom dei tilsette, og å peika ut område barnehagen vil prioritera i vidare endrings- og utviklingsarbeid. Ut frå resultatata vert det utarbeidd ein handlingsplan som skal jobbast med i den enkelte barnehage saman med representantar frå Høgskulen på Vestlandet og i samarbeid med barnehageeigar.

Kommunal kompetanseheving i regi av Kvam herad

Planleggingsdagar

- Rettleiing nyutdanna barnehagelærarar. Alle nyutdanna barnehagelærarar får oppfølging i 2 år av våre faste rettleiarar, både individuelt og i faggrupper.
- Tverrfaglege minikurs i regi av tenestene i Kvam Familie og Læringscenter. Desse gjekk delvis ut grunna koronasituasjonen våren 2020.
- Leikbasert læring. Frå august 2019 fekk alle tilsette opplæring i det forskingsbaserte pedagogiske opplegget leikbasert læring (www.leikbasert.no), og dette opplegget hald fram i 2020.
- Leiaropplæring i regi av Kvam herad.

Rekruttering av barnehagelærarar

Kvam herad slit enkelte år med å få tak i nok kvalifiserte barnehagelærarar til å oppfylla pedagognorma. Pr. i desember 2019 hadde me 3,5 stillingar med dispensasjon frå pedagogkravet.

OVERSIKT OVER BARNEHAGANE I KVAM HERAD

Ålvik barnehage



Rammetal frå barnehagen 01.12.19		Personalressursar 01.12.19	
Barnehagen starta, vart kommunal	1985	Pedagogar inkl styrar (årsverk)	2
Sist renovert/nybygd	2012	Barnehagelærar på disp (årsverk)	1
Tal avdelingar / base	2 avd.	Tal born pr. vaksen	3 og 6
Tal born	21 born	Tal menn / kvinner	8 kvinner

Visjon: Me skapar gode barndomsminne og livsglede

Hovudmål: Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring

Satsingsområde for barnehagen: Språk og sosial kompetanse. Hovudmålsetjinga: Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring.

Barnehagen som pedagogisk arena: Barnehagen er liten og oversiktleg, med berre born som bur i bygda. Personalet har stort fokus på å sjå kvart einskilde barn og kva behov dei har. Når me delar borna i grupper, er det få born i kvar gruppe, og dei vaksne får ekstra god tid til å ha fokus på kvart einskilde barn. Borna har god innverknad på eigen kvardag i barnehagen. Sjølv om det er ein del styrte aktivitetar, har borna stor rett til medverknad i høve til ulike aktivitetar og interesser. Personalet har og fokus på at alle aktivitetar i barnehagen er pedagogiske og er gode på å utnytta «her-og-no-situasjonar».

Kompetansen me har: Personale med god kompetanse og kunnskap. To av personalet har teke spesialpedagogisk utdanning, og styrar har styrarutdanning. I år skal me ha ekstern vurdering, og me har fått rekomp midlar.

Kompetanse me treng: Me ønskjer å bli betre på gode leikemiljø som inspirerer til god leik.

Uteområde/nærmiljø: Uteleikeplassen er oversiktleg, men lite utfordrande for dei eldste borna. Barnehagen har eit skogsområde like i nærleiken, som vert brukt ein del. Der har foreldra laga eit flott overbygg, og det er ein plass borna likar godt å vera.

Stolt over: Eit personale som er løysingsorienterte, fleksible og som ser kvart einskilde barn.

Personale som er gode rollemodellar for borna. Godt samarbeid med foreldra.

Øystese barnhage



Rammetal frå barnehagen 1/12-19		Personalressursar 01.12.19	
Barnehagen starta opprinneleg	1989	Pedagogar inkl. Styrar (årsverk)	18,4
Sist renovert/nybygd	2011	Barnehagelærar på disp (årsverk)	0
Tal avdelingar / base	6 avd.	Tal born pr. vaksen	3 og 6
Tal born	159	Tal menn / kvinner	2/50

Avd. Bjørketeigen

Visjon: Me skapar gode barndomsminne og livsglede!

Hovudmål: Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring

Satsingsområde for barnehagen: Språk, sosial kompetanse, natur og uteliv.

Barnehagen som pedagogisk arena: Kvardagen til borna er prega av godt planlagde aktivitetar ut i frå styringsdokumentet vårt «Rammeplanen». Borna får oppleva, leika og erfarar ulike fagområde. Dei vaksne er tett på og kan hjelpa, støtta og utforska i lag med borna.

Kompetansen me har: God oppdekking på både barnehagelærarar og fagarbeidarar. Ein del av desse har og tilleggsutdanning innan spesialpedagogikk, utvikling av språk og sosial kompetanse og rettleiing. Styrar har styrarutdanning.

Kompetansen me treng: Det er ynskjeleg at alle tilsette får ei fagutdanning på sikt. Me ser at meir kompetanse om urolege barn er eit behov, og endå meir fokus på tidleg innsats. Det er eit stort behov for vikarar. Å få fast tilsette med fagarbeidarutdanning, hadde vore ei kvalitetsheving i kvardagen.

Uteområde/nærmiljø : Barnehagen på Bjørketeigen ligg flott til med mykje natur rett utanfor gjerde. Det er kome opp tre lavvoar som er mykje i bruk. Barnehagen vektlegg bruk av natur og uteliv, og med slike områder rundt, gjer det kvardagen vår lettare. Men me treng meir takoverbygg på leikeplassen, og håpar at me kan få dette til på dugnad.

Barnehagen har eit godt samarbeid med Kabuso. Barnehagen brukar Storeteigen, og har vore med på aktivitetar der arrangert av AK Teigland i samarbeid med Kabuso. Elles går me på turar rundt i nærområdet, der lengda på turane vert litt styrt etter alderen på borna. Bjørketeigen har ein fantastisk skog å boltra seg i, og mange turmoglegheiter.

Stolt over: Barnehagen har svært mange flinke, løysingsorienterte og kreative tilsette som gjer ein god jobb. Dei er engasjerte i jobben sin, og stadfestar ofte at me har den beste jobben i verda.

Område me ynskjer å utvikla vidare: Fremja barnehagen som pedagogisk dannelsings- og læringsarena til politikarar og andre innbyggjarar i Kvam herad. Halda fram med samarbeid mellom dei to barnehagane i Øystese etter at dei vart delt hausten 2020, og utvikla det samarbeidet vidare når me etter kvart får lov å møtast etter Covid 19.



Avd. Sjydnahaugen

Visjon: Me skapar gode barndomsminne og livsglede

Hovudmål: Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring

Satsingsområde: Språk, sosial kompetanse, natur og uteliv.

Barnehagen som pedagogisk arena: Kvardagen til borna er prega av godt planlagde aktivitetar ut i frå styringsdokumentet vårt «Rammeplanen». Borna får oppleva, leika og erfara ulike fagområde. Dei vaksne er tett på og kan hjelpa, støtte og utforska i lag med borna.

Kompetansen me har: Me har mest barnehagelærarar og fagarbeidarar, og nokre assistentar. Ein del av desse har og tilleggsutdanning innan spesialpedagogikk, utvikling av språk og sosial kompetanse og rettleiing. Styrar har styrarutdanning og anna vidareutdanning i spesialpedagogiske fag og leiing.

Kompetansen me treng: Det er ynskjeleg at alle tilsette får ei fagutdanning på sikt. Me ser at meir kompetanse om minoritetsspråklege barn er eit behov og endå meir fokus på tidleg innsats. Det er eit stort behov for vikarar, og få fast tilsette med fagarbeidarutdanning hadde vore ei kvalitetsheving i kvardagen.

Uteområde/nærmiljø: I Sjydnahaugen har me to leikeoråder, ein naturleikeplass og ein ordinær leikeplass med leikeapparat. Her gjer foreldra hausten 2019 ein kjempejobb ved å setja opp gapahuk og redskapsbod på dugnad, slik at leikeområdet vert heilt ferdig. Barnehagen har eit godt samarbeid med Kabuso. Barnehagen har no meir tilgang til bruk at Storeteigen. Me nyttar Busdalen og Steinhus, der me etablert nokon faste basar, men det er langt å gå for dei minste.

Stolt over: Ny barnehage og svært mange flinke, løysingsorienterte og kreative tilsette som gjer ein god jobb. I Sjydnahaugen er me engasjerte i jobben, og stadfestar ofte at me har den beste jobben i verda.

Område me ynskjer å utvikla vidare: Fremja barnehagen som pedagogisk dannelsings- og læringsarena til politikarar og andre innbyggjarar i Kvam herad.

Norheimsund barnehage



Rammetal frå barnehagen 01.12.19		Personalressursar 01.12.19	
Barnehagen starta opprinneleg	1977	Pedagogar inkl.styrar (årsverk)	9,6
Sist renovert/nybygd	2017	Barnehagelærar på disp (årsverk)	2
Tal avdelingar / base	6	Tal born pr. vaksen	3 og 6
Tal born	92	Tal menn / kvinner	5/36

Visjon: Me skapar gode barndomsminne og livsglede

Hovudmål: Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring

Satsingsområde for barnehagen: Språk: Me ynskjer at alle barn skal få eit rikt og variert språkmiljø i Norheimsund barnehage, gjennom høgtlesing, bruk av konkretar og dramatisering når me fortel eventyr og forteljingar. Me legg vekt på den daglege samtalen. Me bruker mykje song og musikk. Me observerer jamleg, og gjennomfører språkgrupper der det er behov. Sosial kompetanse: Gjennom sosialt samspel lærer barna å ta og oppretthalda kontakt med andre, fylgja enkle reglar og visa omsorg. Me bruker lang tid på tilvenning og tryggleik. Me tenkjer at det er noko av det viktigaste for at borna skal fungera sosialt og utvikla dei sosiale ferdigheitene sine. I tillegg satsar me på natur og det maritime. Me går daglege turar i nærmiljøet. Frå mai til oktober får me nytta robåtane til Fartøyvernsenteret. Då ror me til Sandvenholmen, Nyatre eller andre fine stader.

Barnehagen som pedagogisk arena: Rammeplanen er eit styringsdokument som ligg til grunn for godt planlagte kvardagar for barnehagebarna. Dei får delta i lek, erfaring og meistring i rett progresjon til deira alderstrinn. Det er særskild sjø og skog og variert nærområdet generelt, me nyttar året rundt.

Kompetansen me har: Me har barnehagelærarar, barne-og ungdomsarbeidarar og assistentar. Alle har sine felt som dei er gode på. Me ynskjer å få fram at me har god kompetanse på natur og friluftsliv. Me har vaksne som likar å vera ute og ser verdien av at borna får gode opplevingar i naturen. Det kan vera på tur i sentrum, langs strendene, i båt eller til skogs.

Kompetansen me treng: Me har og vaksne som likar song og musikk. Gleda og samhaldet musikk skapar er av stor verdi. Me ser at me hadde hatt stor glede av å få inn ein songpedagog. Ein person som kunne vore drivkrafta til å skapa eit endå betre miljø for song og musikk i Norheimsund barnehage.

Uteområde/nærmiljø: Me har eit stort uteområde innanfor gjerde som inneheld dissestativ, båtar, klatrestativ, sandkassar, sklibanar, grue, to gapahukar og ei grillhytte. Store grøntområder og ein del asfalt.

Utanfor gjerdet finn me sentrum, parkar, strender og båtliv. Me nyttar Orrehaugen, grusbanen/trialbanen, fotballbanen, området rundt kyrkja, dei ulike kommunale leikeplassane, Movatnet, Steinsdalsfossen, Sandvenlia, gapahuken og lavvoen.

Stolt over: Me er stolte over eit nytt barnehagebygg som ligg fint til. Me har gode tilsette og mange nøgde born og foreldre. Me er stolt over at den eksterne vurderinga konkluderer med at me er gode på å sjå kvart barn, at me skapar trygge og gode kvardagar for borna, og at me tek oss tid

til å lytta, samtala og anerkjenna kvart barn.

Område me ynskjer å utvikla vidare: Me ynskjer å jobba vidare med å vidareutvikla satsingsområda våre. I det arbeidet ligg det og å utarbeida ein god progresjonsplan.

Me ser at me treng å verta betre på å få ein «Me»-kultur i barnehagen. Med det meiner me at me treng bruka tid på at alle dei tilsette får ei felles haldning til og oppfatning av kva me står for, og kva legg me vekt på, eit felles barnesyn og rutinar.

Praksisforteljing:

Me er glade i å gå på tur i Norheimsund barnehage. Me går på tur fordi det er kjekt og fordi me meiner at borna lærer så utruleg mykje:

- **Førebuinga:** samtalen om turmålet, kva må me ha på oss og kva skal vera i sekken?
- **Gjennomføringa:** me skal kle oss, men fyrst må me gå på do. Då står me fint i kø, lærer at me skal stå fint og ikkje pirka i sidemannen. Vasking av hender i etterkant. Påkleding viser meistring, eller trong for treng trening og støtte. Det kan vera vanskeleg med strikk under skoa, glidelås, knyting. Alt må lærast. Sekken på ryggen. Har me alt med?
- **Trafikkreglar:** Me må halda hender. Gå to og to. Sjå, lytta og observera før me går over ein veg. Er det andre farar i nærleiken?
- **Opplevingar** Ei daud mus, ein snigle, padde/frosk, kyr, sauer og andre kjekke mennesker som er ute og går. Me stoppar opp, har god tid. Borna har mange spørsmål og dei vaksne svarar så godt dei kan. Me nyttar høve til å snakka med dei som kanskje ikkje seier så mykje, har vanskar med språket o.l. Det er lettare å snakka om det me ser og det som er konkret her og no.
- **Framme med turmålet:** Gapahuken i Sandvenlia. Me leikar i bekken, flyttar på steinar, lagar demningar og nye vegar til vatnet. Me dissar i slengdissene, står i kø. Klatrar i tau og tre. Sagar ved og ryddar skog. Lærer å gå på do ute, i regn og sol.
- **Måltidet:** Me benkar oss rundt grua. Kanskje me kan fyra i? Nokon hjelper med å laga bål, andre hjelper å tenna fyrstikka. Me kjenner varmen og lukta av røyk. Ei har gløymt skei til yoghurten. Ein vaksen spikkar ei skei, ingenting er umogleg.
- **Tilbake i barnehagen:** Kleskift og dogåing. Det er vanskeleg å ta av våte kle. Me må leggja dei i pose. Alle må passa på sine ting. Alt må lærast og erfarast. Borna er glade, har mykje og snakka om, og energien er på topp! Dette har vore ein fin tur.



Tørvikbygd barnehage

Rammetal frå barnehagen 01.12.19		Personalressursar 01.08.19	
Barnehagen starta opprinneleg	1985 i Ståvikjå	Pedagogar inkl.styrar (årsverk)	3,6
Sist renovert/nybygd	Nybygg aug.16	Barnehagelærar på disp (årsverk)	0
Tal avdelingar / base	3 avd, 2 i drift	Tal born pr. vaksen	3 og 6
Tal born	24 barn	Tal menn / kvinner	1 / 8

Visjon: Gode barndomsminne, livsglede! Verdifull bagasje på livsreisa.

Hovudmål: Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring.

Satsingsområde: Leikbasert læring, språk og sosial kompetanse.

Barnehagen som pedagogisk arena: Me brukar LP som verktøy til å verta ein betre barnehage, både relasjonelt, men også kvalitetsmessig inn i rutinesituasjonar. Barnehagen skal vera ein lærande organisasjon, det betyr at me planlegg det pedagogiske innhaldet, me gjennomfører og evaluerer og reflekterer over det me har gjort. Me reflekterer også over eigen praksis. Barnehagen jobbar kontinuerleg med refleksjon for utvida kompetansen sin. Verktøy me brukar for å jobba med barnehagen som lærande organisasjon er praksisforteljingar.

Kompetanse me har: Barnehagen har god leiarkompetanse. Barnehagen har tilsette som har god kunnskap om kosthald og sunn mat. Barnehagen har kompetanse på avspenning og yoga. Det er god kompetanse på planting og dyrking av både grønsaker og bær. Me har vaksne som er glad i å syngja noko borna har stor glede av-å syngja er noko me alltid har lyst å gjera meir av !

Kompetanse me treng: Me treng å utvida kompetanse og gje oss sjølve handlingsrom til å utvikla språkmiljø og det fysiske miljø som den tredje pedagogen – korleis utnytta den mogelegheita meir? Me treng utvida kompetanse på korleis me skal jobba med å forstå «atferd som språk». «All atferd er eit språk» seiast det, og det er vaksne si oppgåva å tolka dette språket. Dette treng me å verta betre på.

Uteområde/nærmiljø . Me har variert uteområde med skog, natur, asfalt og bakkar med lett tilgjengeleg turområde.

Stolt over: At barnehagen er ny og fin og har ein fantastisk uteleikeplass. At personalet er fleksible og tilpassingsdyktige, og det er føresette også. At me for det meste ser på utfordringar som ein moglegheit meir enn eit problem. At dei pedagogiske leiarane er fagleg gode og er lette å få til å halda faglege innlegg. At me har eit vannleikerom og ei smarttavle.

Område me ynskjer å utvikla vidare: Barnetalet i Tørvikbygd har gått ned og ned dei siste åra.

Tema som inspirerer til leik gjev også mange muligheiter for å jobba med språk og språkstimulering – kva er ein tannlege ? Kva er loff? Kva er sirup?
Det gjer også rom for masse undring og samtale mellom vaksne og barn, barn og barn – og det vert masse refleksjon hos dei vaksne over haldningar og verdiar? Kva betyr det å gjera rampestrekar? Er Emil berre slem? Korleis skal me bringa dette fram til barna? Kva meiner me sjølve om Emil sin veremåte og faren hans sin veremåte? Og korleis kan me bruka dette i arbeidet med sosial kompetanse?

Å organisera barnegruppa på ein god måte er utfordrande og me skiftar stadig på kva avdeling det er mest hensiktsmessig å bruka. Dette krev høg grad av fleksibilitet hos tilsette, men også av føresette – noko me er veldig glad for at det er. Bakdelen er at me får ikkje bygd opp avdelingane til å verta inspirerande og estetiske, då me skiftar ofte på kva aldersgruppa som skal vera i dei ulike romma. Tilsette får heller ikkje «eigarforhold» til «sin avdeling» - slik at det blir litt tilfeldig kva me lagar til løpet av eit barnehageår.

Ein ide som kjem opp innimellom er; kunne me ha spesialisert oss på ein pedagogisk retning td Steinerbarnehage eller Montessorri barnehage, slik at me kunne trekt til oss fleire barn/føresette som ynskte noko særskilt.

Barnehagen er ny og har mange mogelegheiter til utvikla seg på og verta ein supergod barnehage med høg kvalitet, men me treng fleire born! Fleire born gjev også fleire vaksne, då vert fagmiljøet større og me får fleire perspektiv på kva som er den beste kvaliteten – som igjen gjev oss best mogelegheit for å utvikla oss som ein lærande organisasjon!

Leiken i barnehagen er den viktigaste aktiviteten eit barn har i løpet av ein dag. Å få vera med å leika, verta inkludert er ein av dei tinga som er viktigast for eit barn sin trivsel i barnehagen. Å leika «berre for å leika» er viktig. Nokon gonger har dei vaksne ein plan med leiken – at barna skal læra spesielle ferdigheiter – ikkje alltid dei lærer det me vaksne har planlagt , men dei lærer gjennom leiken!
Tørvikbygd barnehage legg vekt på å ha nokon prosjekt i løpet av eit barnehageår der me går djupt inn i eit tema, ei spesiell bok eller historie . Bhgåret 2019 var det Karius og Baktus og Emil i Lønneberget. For oss er dette ein måte å skapa felles leiketema , slik at alle kan vera med i leiken og alle veit kva det handlar om, samtidig vert også det laga små eller større møteplassar og leikestasjonar der ein finn rekvisita til tema. Dette er med å inspirera til leik.



Strandebarm barnehage

Rammetal frå barnehagen 01.12.19		Personalressursar 01.12.19	
Barnehagen starta opprinneleg	16.10.1979	Pedagogar inkl styrar (årsvrek)	5,5
Sist renovert/hybygd	2017	Barnehagelærar på disp (årsverk)	0,5
Tal avdelingar / base	4 avd.	Tal born pr. vaksen	3 og 6
Tal born	49	Tal menn / kvinner	1 / 15

Visjon: Me skaper gode barndomsminne og livsglede.

Hovudmål: Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring.

Satsingsområde for barnehagen : **Me vil jobba med gode leikemiljø som inspirera til leik. "Her vil eg vera, her vil eg leika"**. Leik er livskvalitet, meistring, glede og det viktigaste i borna sin liv.

For dei eldste borna er det satsingsområde: Leikbasert læring, med fokus på trygge, varme relasjonar i arbeid med fire område: sosialkompetanse, sjølvregulering, språk og matematikk.

(www.leikbasertlæring.no)

Me jobbar med fokus på relasjonen mellom vaksne og barn. Det er alltid dei vaksne sitt ansvar at relasjonen er god- at dei vert sett, høyrte, anerkjent og få den omsorga dei treng.

Barnehagen vil vera med å bidra til at dei kan utvikla tillit til seg sjølv og omverda. Me vil ha vaksne som er tett på borna.

Barnehagen som pedagogisk arena: Blåhaugen er ein del av uteområdet vårt, kor det er naturleikeplass for born i alle aldrar.

Barnehagen ligg på Tangerås, med nærleik til både skog og sjø, naust, skule, bibliotek, idrettspark og basseng. Borna som går i barnehage bur i område: Mundheim- Ljones.

Kompetanse me har/treng: Me vil bli betre på gode leikemiljø som inspirerer til god leik.

Stolt over: Eit godt arbeidsmiljø og eit godt samarbeid i personalet med løysingsfokus, kor me hjelper kvarandre og gjer kvarandre gode.

Praksisforteljing :Tilsett bytter bleie på gut, 3 år. Etter litt småprat vert det stille medan guten tenkjer seg om. "Eg liker deg!", kjem det frå guten. "Eg liker deg, og vert glad når du seier det til meg." Dei smiler til kvarandre.

Praksisforteljing: Ein haustdag i barnehagen.

Det er tid for uteleik på småbarnsavdelinga, ein tilsett går ut med nokre born. Den tilsette tek med seg ein høgtalar og lpad. Borna byrjar å leika med dukkevogner. Den vaksne set på "Bli med dansen 2020", etter ei kort stund blir musikken oppdaga. Her kjem det to born bort og byrjar å dansa til sangen, og dei har nett same rørlene som videoen på NRK Super. Etter kvart kjem defleire born som også vil vera med å dansq. Også dei to toråringane prøver å læra dei andre borna dansen.

INKLUDERANDE BARNEHAGAR

God allmennpedagogikk: Barnehagen skal inkludera alle barn med fokus på livsglede, leik og læring for alle. Viser til Rammeplan for barnehagar.

Felles barnesyn

Me jobbar kontinuerleg med korleis me møter borna våre, uansett kva kulturell bakgrunn, språk, utfordringar, evner, interesser og den bagasjen dei evt. har. Det skal vera plass til mangfald i barnehagane våre. Nyare forskning fokuserer meir og meir på konteksten/miljøet barnet er ein del av.

Dette har me teke konsekvensen av, og jobbar difor både med språket/omgrepa me brukar når me omtalar borna, samt med kompetanseheving for alle tilsette for å ha eit felles barnesyn.

Fleirspråklege barn. Kvam har stor del fleirspråklege barn frå mange ulike nasjonalitetar, jamfør kostratal; 10 %, som er vesentleg større enn kostragruppe 11. Desse borna ynskjer i hovudsak plass i sentrumsnære barnehagar, og det kan verta vanskeleg å fordela borna på fleire barnehagar/avdelingar. Borna startar tidleg i barnehagen, noko som gjev god utteljing når dei byrjar på skulen. I dag vil dei fleste flyktningar ha borna inn når dei er 1 år, grunna at dei sjølve vil gjennomføra pålagt språkopplæring. Sertifikat til foreldre finansiert via NAV har gjeve fleire foreldre høve til å busetja seg utanom sentrum, og køyra til barnehagar utanom sentrum. Borna skal få delta i språkgrupper innan ordinært barnehagetilbod, der leik og språkdusjing er hovudfokus. Barnehagane har det pedagogiske språktiltaket «*Språkkista*», som skal nyttast. Barnehagane rapportere til staten (Basil) årleg om borna får hjelp i språkgrupper.

Nytilflytta flyktningborn får morsmålsassistent deltid første månadane i barnehagen om me lukkast å finna kompetanse, for å gjera starten best mogeleg for både foreldra og barnet. Innsatsen vert gjeve i form av ein trappetrinnsmodell, med flest timar første vekene, og så reduserer ein timetalet til ein rundar av etter 2-3 mnd., alt etter alder og behov hjå barnet.

Støtte til barnehage:

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT):

PPT rettleier barnehagane på individ- og systemnivå. Ved tilvising til PPT vert det i samarbeid med barnehage og foreldre gjort ei sakkunnig vurdering (kartlegging/utgreiing) av barnet si utvikling og behov. PPT kjem med ei tilråding om vidare oppfølging og hjelp for å få ei god utvikling. Det kan vera tiltak innan det allmennpedagogiske tilbodet i barnehagen eller tilråding om spesialpedagogisk hjelp (§ 19a) når behovet tilseier dette.

Tidleg innsats:

Tidleg innsats handlar både om å oppdaga tidleg og å gje tidleg hjelp i barnet sitt liv når utviklinga ikkje går som forventa. Dette er både ei nasjonal satsing (Stortingsmelding 18), og viktig del av Kvam herad sine overordna målsetjingar innan barnehagefeltet.

Barnehagane arbeidar førebyggjande i alt sitt pedagogiske arbeid. Dei har interne rutinar for å fanga opp born som treng ekstra fokus og hjelp, og set i gang med aktuelle stimulerande tiltak i samråd med foreldre. Dette er i tråd med Rammeplanen (2017), som vektlegg tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for born som treng ekstra støtte. Støttesystemet for barnehagane i Kvam skal hjelpa barnehagane i dette arbeidet.

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke korleis Kvam herad arbeidar for å redusere og følgje opp sjukefråvær i barnehagane, og korleis dei sikrar tilstrekkeleg kvalitet og kompetanse i barnehagane. I tillegg vil det vere eit føremål å undersøke kva rutinar Kvam har for tilsyn med private barnehagar i heradet.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. *I kva grad har barnehagane utarbeidd ein årsplan for arbeidet i barnehagane, og i kva grad blir arbeidet med oppfølging av planen jamleg vurdert?*
2. *I kva grad har heradet tilstrekkeleg oversikt over arbeidsmiljøet i dei kommunale barnehagane? Under dette:*
 - a) *Blir det gjennomført trivselsundersøkingar i barnehagane?*
 - b) *Kva forbettringsområde er eventuelt identifisert?*
 - c) *Er det ulikskap mellom barnehagane og korleis blir eventuelle forbettringsområde følgt opp?*
3. *I kva grad har heradet sikra ei grunnbemanning i dei kommunale barnehagane som er i samsvar med talet på born i ulike aldersgrupper?*
4. *Er det utarbeidd tydelege mål for sjukefråværet i dei kommunale barnehagane i Kvam herad, og i kva grad blir måla nådde?*
5. *Har heradet tilstrekkeleg oversikt over årsaker til sjukefråværet i dei kommunale barnehagane? Under dette:*
 - a) *I kva grad har heradet oversikt over*
 - i. *om årsaker til sjukefråværet i dei kommunale barnehagane er arbeidsrelatert?*
 - ii. *årsaker til eventuelle variasjonar i sjukefråvær i barnehagane?*
 - b) *Har det vore endringar i sjukefråværet i dei kommunale barnehagane som følgje av Covid-19 pandemien?*
6. *Har heradet sett i verk systematiske tiltak for å førebyggje og redusere sjukefråværet i dei kommunale barnehagane? Under dette:*
 - a) *Kva tiltak er sett i verk, og korleis blir tiltaka eventuelt følgt opp og evaluert?*
 - b) *I kva grad er det etablert tiltak for å sikre erfaringsdeling på tvers av barnehagane knytt til sjukefråværsrelatert arbeid?*

- c) *I kva grad blir dei tilsette i dei kommunale barnehagane involvert i å kartlegge eventuelle utfordringar på arbeidsplassane som kan føre til sjukefråvær?*
7. *I kva grad legg Kvam herad til rette for kompetanseutvikling for tilsette i barnehagane i kommunen? Under dette:*
- a) *Har heradet tilstrekkeleg oversikt over kompetansebehovet i barnehagane, og ein plan for å sikre nødvendig kompetanse?*
8. *Kva konsekvensar har sjukefråvær for bemanning og vikarbruk i dei kommunale barnehagane? Under dette:*
- a) *I kva grad klarar barnehagane å sikre tilstrekkeleg og kvalifisert arbeidskraft ved sjukefråvær?*
- b) *I kva grad blir det henta inn vikar i samband med sjukefråvær i barnehagane?*
9. *I kva grad har sjukefråvær i dei kommunale barnehagane konsekvensar for det pedagogiske tilbodet til barna?*
- a) *Er sjukefråvær til hinder for barnehagedrift i samsvar med nasjonale føringar for barnehagen sitt innhald og oppgåver (rammeplanen) og for planmessig pedagogisk arbeid?*
10. *I kva grad sikrar Kvam herad tilstrekkeleg med tilsyn av dei private barnehagane i heradet?*
- a) *Er det etablert tilreidsstillande rutinar for gjennomføring av tilsyn, inkludert risikovurderingar?*
- b) *Blir det gjennomført tilsyn i samvar med krav og rutinar for dette?*
- c) *Blir eventuelle avvik som blir avdekka i tilsyn dokumentert og følgt opp?*
11. *Korleis sikrar heradet ein tilstrekkeleg opptaksprosess i barnehagane?*
- a) *Korleis legg heradet til rette for ein samordna opptaksprosess for barnehagane i heradet?*
- b) *Korleis blir likehandsaming av barn og likehandsaming av kommunale og private barnehagar sikra i opptaksprosessen?*

Av prosjektplanen går det vidare fram at det er lagt inn slike avgrensingar i revisjonen:

Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å omhandle heradet si oppfølging av sjukefråvær i kommunale barnehagar. Private barnehagar, NAV og sjukemeldar (til dømes fastlege) er såleis ikkje omfatta av denne tematikken i prosjektet. Det går fram av forskrift om statistikk over sjukefråvær og fråvær ved barn sin sjukdom § 6 at det i hovudsak er arbeidstilsynet og NAV som kan krevje at ei verksemd legg fram sjukefråværsstatistikk. Kommunen kan dermed ikkje krevje denne oversikta frå private barnehagar.

Målet med heradet sitt tilsyn med private barnehagar er avgrensa til å sikre at dei etterlever lovar og forskrifter og å sikre at barna får eit tilbod med god kvalitet. Det er barnehageeigar sjølv som har ansvar for å mellom anna tilsette tilstrekkeleg og kompetent personale og å følgje opp tilsette ved sjukefråvær.

Vedtakskompetanse


Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å gjennomføre forvaltningsrevisjonen. Når revisjonsrapport er levert og behandla i kontrollutvalet, skal utvalet innstille til heradsstyret, som gjer vedtak, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift så langt i prosjektet. Deloitte vert også utfordra på å ta opp med kontrollutvalet dersom dei ser tilhøve (raude eller gule flagg) som gjer at det bør gjerast endringar i bestillinga.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



Forvaltningsrevisjon | Kvam herad Kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar Prosjektplan

Oktober 2020

«Forvaltningsrevisjon av kvalitet,
kompetanse og sjukefråvær i
barnehagar - prosjektplan»

Oktober 2020

Prosjektplan utarbeidet for Kvam
herad av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1.	Føremål og problemstillingar	4
2.	Revisjonskriterium	6
3.	Metode	10
4.	Tid og ressursbruk	11

1. Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet 21.09.2020 i PS 26/20 utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar i Kvam herad.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke korleis Kvam herad arbeidar for å redusere og følgje opp sjukefråvær i barnehagane, og korleis dei sikrar tilstrekkeleg kvalitet og kompetanse i barnehagane. I tillegg vil det vere eit føremål å undersøke kva rutinar Kvam har for tilsyn med private barnehagar i heradet.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. I kva grad har barnehagane utarbeidd ein årsplan for arbeidet i barnehagane, og i kva grad blir arbeidet med oppfølging av planen jamleg vurdert?
2. I kva grad har heradet tilstrekkeleg oversikt over arbeidsmiljøet i dei kommunale barnehagane? Under dette:
 - a) Blir det gjennomført trivselsundersøkingar i barnehagane?
 - b) Kva forbetningsområde er eventuelt identifisert?
 - c) Er det ulikskap mellom barnehagane og korleis blir eventuelle forbetningsområde følgt opp?
3. I kva grad har heradet sikra ei grunnbemanning i dei kommunale barnehagane som er i samsvar med talet på born i ulike aldersgrupper?
4. Er det utarbeidd tydelege mål for sjukefråværet i dei kommunale barnehagane i Kvam herad, og i kva grad blir måla nådde?
5. Har heradet tilstrekkeleg oversikt over årsaker til sjukefråværet i dei kommunale barnehagane? Under dette:
 - a) I kva grad har heradet oversikt over
 - i) om årsaker til sjukefråværet i dei kommunale barnehagane er arbeidsrelatert?
 - ii) årsaker til eventuelle variasjonar i sjukefråvær i barnehagane?
 - b) Har det vore endringar i sjukefråværet i dei kommunale barnehagane som følgje av Covid-19 pandemien?
6. Har heradet sett i verk systematiske tiltak for å førebyggje og redusere sjukefråværet i dei kommunale barnehagane? Under dette:
 - a) Kva tiltak er sett i verk, og korleis blir tiltaka eventuelt følgt opp og evaluert?
 - b) I kva grad er det etablert tiltak for å sikre erfaringsdeling på tvers av barnehagane knytt til sjukefråværsrelatert arbeid?
 - c) I kva grad blir dei tilsette i dei kommunale barnehagane involvert i å kartlegge eventuelle utfordringar på arbeidsplassane som kan føre til sjukefråvær?
7. I kva grad legg Kvam herad til rette for kompetanseutvikling for tilsette i barnehagane i kommunen? Under dette:
 - a) Har heradet tilstrekkeleg oversikt over kompetansebehovet i barnehagane, og ein plan for å sikre nødvendig kompetanse?
8. Kva konsekvensar har sjukefråvær for bemanning og vikarbruk i dei kommunale barnehagane? Under dette:

- a) I kva grad klarar barnehagane å sikre tilstrekkeleg og kvalifisert arbeidskraft ved sjukefråvær?
 - b) I kva grad blir det henta inn vikar i samband med sjukefråvær i barnehagane?
9. I kva grad har sjukefråvær i dei kommunale barnehagane konsekvensar for det pedagogiske tilbodet til barna?
- a) Er sjukefråvær til hinder for barnehagedrift i samsvar med nasjonale føringar for barnehagen sitt innhald og oppgåver (rammeplanen) og for planmessig pedagogisk arbeid?
10. I kva grad sikrar Kvam herad tilstrekkeleg med tilsyn av dei private barnehagane i heradet?
- a) Er det etablert tilreidsstillande rutinar for gjennomføring av tilsyn, inkludert risikovurderingar?
 - b) Blir det gjennomført tilsyn i samvar med krav og rutinar for dette?
 - c) Blir eventuelle avvik som blir avdekka i tilsyn dokumentert og følgt opp?

1.2.1 Opsjon på fleire aktuelle problemstillingar

I avsnittet nedanfor presenterer vi ein ytterlegare problemstilling som det er mogleg å undersøke dersom kontrollutvalet ønskjer det. Kontrollutvalet kan – om ønskjeleg – velje å utvide prosjektet ved å leggje til opsjonen som er presentert under.

Sjå vedlegg til prosjektplanen for informasjon om estimert ressursbruk i prosjektet basert på om prosjektet omfattar «grunnstamma» som er presentert over, eller om prosjektet også omfattar opsjonen.

Opsjon

11. Korleis sikrar heradet ein tilstrekkeleg opptaksprosess i barnehagane?
- a) Korleis legg heradet til rette for ein samordna opptaksprosess for barnehagane i heradet?
 - b) Korleis blir likehandsaming av barn og likehandsaming av kommunale og private barnehagar sikra i opptaksprosessen?

1.3 Avgrensingar

Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å omhandle heradet si oppfølging av sjukefråvær i kommunale barnehagar. Private barnehagar, NAV og sjukemeldar (til dømes fastlege) er såleis ikkje omfatta av denne tematikken i prosjektet. Det går fram av forskrift om statistikk over sjukefråvær og fråvær ved barn sin sjukdom § 6 at det i hovudsak er arbeidstilsynet og NAV som kan krevje at ei verksemd legg fram sjukefråværsstatistikk. Kommunen kan dermed ikkje krevje denne oversikta frå private barnehagar.

Målet med heradet sitt tilsyn med private barnehagar er avgrensa til å sikre at dei etterlever lovar og forskrifter og å sikre at barna får eit tilbod med god kvalitet. Det er barnehageeigar sjølv som har ansvar for å mellom anna tilsette tilstrekkeleg og kompetent personale og å følgje opp tilsette ved sjukefråvær.

2. Revisjonskriterium

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje uttømande for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Overordna oppfølging

Arbeidsgivar har etter arbeidsmiljølova § 3-1 første ledd eit ansvar for å sikre at det er tatt omsyn til arbeidstakarane si helse, miljø og tryggleik, og for å syte for at det blir utført systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid (HMT) på alle plan i verksemda.

Etter internkontrollforskrifta § 3 har arbeidsgivar også eit ansvar for å sikre at verksemda sine aktivitetar blir planlagt, organisert, utført og haldt ved like i samsvar med krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslovgevinga.

Det blir i § 3-1 andre ledd i arbeidsmiljølova særskilt satt krav til systematisk arbeid med oppfølging av sjukefråvær. Etter regelverket skal helse- miljø- og tryggleiksarbeidet omfatte følgende:

- a) fastsette mål for helse, miljø og sikkerhet,
- b) ha oversikt over virksomhetens organisasjon, herunder hvordan ansvar, oppgaver og myndighet for arbeidet med helse, miljø og sikkerhet er fordelt,
- c) kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risikoforholdene i virksomheten, utarbeide planer og iverksette tiltak for å redusere risikoen,
- d) under planlegging og gjennomføring av endringer i virksomheten, vurdere om arbeidsmiljøet vil være i samsvar med lovens krav, og iverksette de nødvendige tiltak,
- e) iverksette rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelser av krav fastsatt i eller i medhold av denne lov,
- f) sørge for systematisk arbeid med forebygging og oppfølging av sykefråvær,
- g) sørge for løpende kontroll med arbeidsmiljøet og arbeidstakernes helse når risikoforholdene i virksomheten tilsier det, jf. bokstav c,
- h) foreta systematisk overvåking og gjennomgang av det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet for å sikre at det fungerer som forutsatt.

Både arbeidsmiljølova og internkontrollforskrifta peiker på at HMS-arbeidet skal gjerast i samarbeid med arbeidstakarane og deira representantar.¹

Videre skal arbeidsgivar i følgje arbeidsmiljølova § 5-1 og folketrygdlova § 25-2 føre statistikk over sjukefråvær og fråvær ved barn sin sjukdom. Arbeidsgivar skal også føre statistikk over alle personskadar som oppstår under utføring av arbeid, samt sjukdom som ein antar er eit resultat av arbeidet eller tilhøva på arbeidsplassen. Fråvær i samband med barn sin sjukdom skal ikkje reknast med som sjukefråværsdagar i statistikken.²

I forskrift om føring av statistikk over sjukefråvær og fråvær ved barn sin sjukdom § 2 står det vidare at:

¹ I en kommentar til Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter § 4 annet ledd blir det vist til at dette både er en rett og en plikt som arbeidstaker har.

² NAV: Veiledning for føring av statistikk over sykefråvær og fråvær ved barns sykdom. Dato 16.01.07. Versjon frå RTV sist endra januar 2002. Korrigert versjon 15.02.2007. Notat.

Formålet med føring av sykefraværstatistikk er å sette søkelyset på sykefraværet på arbeidsplassen. Sykefraværstatistikken skal bidra til at arbeidsgiveren og arbeidstakeren i samarbeid kan iverksette og evaluere tiltak for å redusere sykefraværet.

I forskrifta § 6 heiter det også at:

Sykefraværstatistikken skal for øvrig brukes på arbeidsplassen.

2.3 Om kvalitet og bemanning i barnehagar

Det går fram i § 17 i barnehagelova at barnehagen skal ha ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leiling. Når det gjeld grunnbemanninga i barnehagen blir det slått fast følgande i § 18 andre og tredje ledd:

Barnehagen skal minst ha én ansatt per tre barn når barna er under tre år og én ansatt per seks barn når barna er over tre år. Barn skal regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.

Kommunen kan gi dispensasjon fra kravet til grunnbemanning i andre ledd første punktum for inntil ett år av gangen når særlige hensyn tilsier det. Barnehageeieren skal legge uttalelse fra barnehagens samarbeidsutvalg ved søknaden

I kapittel 7 i forskrift om rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver står det følgande om planlegging og vurdering i barnehagen:

Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet som skal planlegges og vurderes.

Planleggingen synleggjør hvordan barnehagen fortolker og realiserer rammeplanen og skal være utgangspunkt for refleksjon og utvikling av virksomheten

Barnehagen skal utarbeide en årsplan. I tillegg skal det utarbeides planer for kortere og lengre tidsrom og for ulike barnegrupper etter behov. Årsplanen er et arbeidsredskap for barnehagepersonalet og dokumenterer barnehagens valg og begrunnelser. Årsplanen kan gi informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndighetsnivåene, barnehagens samarbeidsparter og andre interesserte

Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen

Dokumentasjon av personalets arbeid synleggjør hvordan personalet arbeider for å oppfylle kravene i barnehageloven og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagens arbeid med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske virksomheten. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldre, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndighet informasjon om hva barn opplever, lærer og gjør i barnehagen, og om hvordan barnehagen oppfyller kravene i barnehageloven og rammeplanen

2.4 Kompetanse i barnehagen

Eit av føremåla i barnehagelova er at barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, skal ivareta barn sitt behov for omsorg og lek og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling (§ 1).

I Regjeringa sin reviderte strategi for kompetanse og rekruttering 2018-2022 *Kompetanse for fremtidens barnehage* blir det sett mål om å sikre alle barn eit barnehagetilbod av høg kvalitet. Det blir vidare vist til at ei oppfylling av samfunnsmandatet i tråd med barnehagelova og rammeplanen set krav om kompetente tilsette i alle ledd.

Det er barnehageeiers ansvar å sørge for at personalet har riktig og nødvendig kompetanse. Klarere forpliktelser og konkretisering av barnehagens arbeid innebærer økte krav til ledelse og til kompetanse.³

Delmåla er at strategien skal bidra til at

³ Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018-2022. Kunnskapsdepartementet. S. 7

- andelen barnehagelærere i barnehagen øker
- andelen barne- og ungdomsarbeidere i barnehagen øker
- alle ansatte i barnehagen får mulighet til videreutdanning
- flere barnehagelærere i barnehagen har kompetanse på mastergradsnivå
- alle barnehager utvikler sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling

Strategien viser vidare til følgande krav til kommunen som barnehagemyndighet:

- skal påse at barna får et pedagogisk og trygt barnehage tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen
- utvikler kompetanseplaner for alle ansattgrupper som omfatter både kommunale og private barnehager, og som ivaretar nasjonale føringer og lokale behov som en forutsetning for tildeling av statlige midler
- prioriterer og tildeler kompetansemidler for å ivareta kompetansebehov i kommunale og private barnehager
- deltar i regionale kompetansenettverk om utvikling og gjennomføring av kompetanseutviklingstiltak
- tilrettelegger for samiskspråklige barnehage tilbud.

2.5 Tilsyn

§ 8 i barnehagelova viser til heradet sitt ansvar for barnehagar. I første og femte ledd blir det slått fast at

Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk

Kommunen har rett til innsyn i dokumenter og adgang til barnehagelokaler i den utstrekning dette anses nødvendig for å ivareta kommunens oppgaver

Heradet skal, etter § 16 i barnehagelova, føre tilsyn med alle barnehagar i kommunen, både private og kommunale. Det går vidare fram av § 16 at heradet kan gi pålegg om retting av uforsvarlege og ulovlege tilhøve ved godkjende eller godkjenningspliktige verksemdar. Det går fram av § 16 andre og tredje ledd at

Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten. Kommunens stengingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering.

I stedet for eller i tillegg til stenging av virksomheten, kan kommunen bruke økonomiske reaksjoner overfor ikke-kommunale barnehager dersom krav etter § 14 a, eller forskrift i medhold av samme bestemmelse, ikke er overholdt

Utdanningsdirektoratet sin rettleiar om *Kommunens rolle som barnehagemyndighet*⁴ gjer i kapittel 4 vidare greie for kva som ligg til kommunane sitt ansvar for å føre tilsyn med barnehagane. Her går det mellom anna fram at

Tilsyn er kontroll av om barnehageeieren oppfyller eierpliktene i barnehageloven med forskrifter. Dette innebærer at barnehagemyndigheten ikke kan føre tilsyn med forhold som ikke er regulert i barnehageloven med forskrifter. Tilsyn er utøvelse av offentlig myndighet, og innebærer å undersøke praksis og pålegge endring av lovstridig praksis. I motsetning til veiledning kan barnehagemyndigheten gjennomføre tilsyn mot barnehageeiers vilje.

Det går vidare fram at vurderingen av om det er nødvendig med tilsyn, skal baserast på barnehagemyndigheita si risikovurdering.

Risikovurderingar er løpende vurderingar av sannsynlighet for og konsekvensen av brudd på barnehageeiers plikter i barnehageloven, både på bakgrunn av informasjon om regelverksetterlevelse i den enkelte barnehagen og samlet for alle barnehagane. I de tilfellene barnehagemyndigheten har valgt å bruke veiledning som virkemiddel, og dette ikke fører til regelverksetterlevelse, er det nødvendig å bruke

tilsyn som virkemiddel. Det er imidlertid ikke en forutsetning for tilsyn at barnehagemyndigheten først har prøvd veiledning.

2.6 Opptaksprosess

§ 12 i barnehagelova set krav til at alle godkjende barnehagar i heradet skal samarbeide om opptak av barn, og at heradet skal legge til rette for ein samordna opptaksprosess der det blir tatt omsyn til barnehagane sitt mangfald og eigenart. Det går vidare fram at brukarane sine ønskjer og behov skal tilleggjast stor vekt ved sjølve opptaket og at likehandsaming av kommunale og private barnehagar skal sikrast i ein samordna opptaksprosess.

I barnehagelova § 12 a. første og andre ledd blir barn sin rett til plass i barnehage omtala:

Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter

Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter

Tredje og fjerde ledd i § 12 a. omtalar vidare at barn har rett på plass i barnehage i det heradet der dei er busett og at der er heradet som fastset frist for opptaket.

2.7 Kommunale styringsdokument og vedtak

Relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium.

3. Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervjuje utvalde personar som har oppgåver knytt til arbeid med kvalitet, sjukefråvær og vikarbruk i barnehagane i Kvam herad. Vi ser det som føremålstenleg å gjennomføre intervju med verneombod og tillitsvalde for barnehagane. Vidare ønskjer vi å gjennomføre intervju med ein til to representantar frå HR for å kartlegge korleis heradet arbeider med sjukefråvær/nærvær på overordna nivå. Vidare ønsker vi å intervjuje kommunalsjef og styrarane i dei seks kommunale barnehagane. Vi tar sikte på å gjennomføre ca. 10-12 intervju

Ved val av opsjon som nemnt i avsnitt 1.2.1, vil det vere ønskeleg å gjennomføre om lag tre ekstra intervju med tilsette i heradet og i barnehagane med særskild ansvar for opptaksprosessen i barnehagane.

3.3 Statistikk

Revisjonen vil nytte statistikk frå PAI/KS for å sjå på utviklinga av sjukefråvær over tid, og gjere samanlikningar med barnehagesektoren i Kvam herad med relevante samanlikningskommunar. Vi vil også gjennomgå sjukefråværsstatistikk frå Kvam herad dersom dette ligg føre.

3.4 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuja for verifisering. Det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Faktadelen i rapporten vil bli sendt til kommunen for verifisering. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdel og forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4. Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Kjersti Gjuvsland (senior konsulent) og Annbjørg Ryssdal (konsulent). Ingrid Kalsnes (senior konsulent) vil bistå teamet med råd og rettleiing ved behov. Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 300 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Som nemnt over inkluderer ikkje timeestimatet undersøking av problemstillinga som inngår i opsjonen. 30 timar vil kome i tillegg ved val av opsjonen.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.


Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere oktober 2020 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av april 2021. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale om revisjon mellom Kvam herad og Deloitte.

Bergen, 4. oktober 2020



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner

Deloitte.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2020 Deloitte AS



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2018/21-22
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	33/20	07.12.2020

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon internkontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet seier seg nøgd med at fleire av punkta i forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført etter forvaltningsrevisjon av internkontroll, sidan førre rapportering.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til siste møte i utvalet før sumaren 2021.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariat 3 veker før møtedato.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si tredje oppfølging av vedtak gjort i heradsstyret 26.03.2019 av forvaltningsrevisjon innan «Internkontroll».

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Oppfølging forvaltningsrevisjon - internkontroll
- 2 Prioritert handlingsplan internkontroll

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Heradsstyret i Kvam herad handsama forvaltningsrevisjonsrapporten internkontroll i møte 26.03.2019, sak 019/19 og gjorde slikt vedtak samrøystes:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Internkontroll» ber heradsstyret rådmannen syta for:

1. Ferdigstille arbeidet med å
 - a. etablere eit felles internkontrollsystemet
 - a. utarbeide det overordna internkontrolldokumentet, og gjere det kjend blant tilsette og leiarar
 - b. ytterlegare konkretisere måla for einingane
 - c. etablere rutine som sikrar at dei etiske retningslinene årleg blir drøfta av alle tilsette i heradet
 - d. utarbeide skriftlege rutinar for arbeidsprosessar som manglar dette
 - e. ta i bruk dokumentsytringsmodulen i kvalitetssystemet, slik at rutinar blir haldne oppdaterte og blir gjort tilgjengelege på ein føremålstenleg måte
2. Etablere system for å
 - a. gjennomføre risikovurderingar på både overordna og operasjonelt nivå
 - b. kontrollere at rutinar og retningsliner blir etterlevd
 - c. jamleg gjennomgå og evaluere internkontrollen
 - d. halde oversikt over kompetanse- og bemanningsbehov
3. Vurdere tiltak for å
 - a. sikre at ansvar og myndigheit er tydeleg fordelt, blant anna gjennom at det administrative delegeringsreglementet blir gjort kjend
 - b. auke fokus på å førebyggje korrupsjon og misleghald
 - c. sikre tidsriktig og effektiv kommunikasjon og informasjon
 - d. sikre at rapporteringa gir leiinga god oversikt og kontroll på heile verksemda
 - e. sikre at rutinar for varsling og oppfølging av varsel blir gjort kjende
 - f. vidareutvikle kulturen for å melde og følgje opp avvik
4. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.08.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at heradsstyret sine vedtak i samband med rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgd opp, jf. kommunelova § 23-2, e der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at:

e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

Rapportering til heradsstyret i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årleg legg fram si årsmelding for heradsstyret til godkjenning.

Kontrollutvalet har handsama oppfølging av denne saka 2 gonger tidlegare og det vart slikt vedtak i møte 09.03.2020:

1. *Kontrollutvalet har merka seg som positivt at det no er gjort enno meir for å få på plass forbetringar som gjeld punkta i forvaltningsrevisjon av internkontroll sidan førre rapportering.*
2. *Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til møte i utvalet 14.09.2020. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 31.08.2020.*

Det vart vidare gjort slikt vedtak i saka i møte 27.05.2020 på førespurnad frå rådmannen:

«Tilbakemelding frå rådmannen på oppfølging av forvaltningsrevisjon internkontroll vert utsett til 02.11.2020 grunna ekstra utfordringar med driftssituasjonen i samband med koronapandemien.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følge opp heradsstyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av vedtaket over er tilbakemelding, dagsett 09.11.2020, motteke i sekretariatet. Tilbakemeldinga m/vedlegg ligg ved.

Av tilbakemeldinga er det verdt å merka seg at rådmannen skriv m.a. dette:

«I hovudtrekk har mykje av arbeidet vorte utsett på grunn av den ressurskrevjande pandemi-situasjonen. Nokre av tiltaka har likevel vorte gjennomført, medan andre har vorte endra. Eit av tiltaka som er utsett, er å få integrert plan- og målarbeid i den nye verksemdsystemet Framsikt. Dette lot seg ikkje gjennomføra i samband med budsjettarbeidet i haust, og på grunn av komande pandemi-arbeid i 2021, er det ikkje realistisk å få dette på plass før tidlegast hausten 2021.»

Likevel registrerer sekretariatet at fleire punkt i forbetningsrabeidet er ferdig gjennomført. Som organisasjon vert ein aldri «ferdig» med internkontrollarbeidet, men det som står att er eit viktig og relativt omfattande arbeid som truleg ikkje vil vera heilt ferdig gjennomført før hausten 2021. Vi vonar likevel at noko av arbeidet vil vera ferdig før dette tidspunktet. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til siste møte før sumarferien 2021.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon internkontroll. Vidare vert det likevel tilrådd at kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til siste møte i utvalet før sumaren 2021.



Vestland fylkeskommune

v/Roald Breistein

Vår ref.

16/396-81/N-0/ANHE

Dykkar ref.

Dato:

09.11.2020

Oppfølging forvaltningsrevisjon - internkontroll

Viser til tidlegare forvaltningsrevisjon vedr. internkontroll. Vedlagt er oversikt på status per november 2020. I hovudtrekk har mykje av arbeidet vorte utsett på grunn av den ressurskrevjande pandemi-situasjonen. Nokre av tiltaka har likevel vorte gjennomført, medan andre har vorte endra. Eit av tiltaka som er utsett, er å få integrert plan- og målarbeid i den nye verksemdsystemet Framsikt. Dette lot seg ikkje gjennomføra i samband med budsjettarbeidet i haust, og på grunn av komande pandemi-arbeid i 2021, er det ikkje realistisk å få dette på plass før tidlegast hausten 2021.

Nokre tiltak er endra. Alle leiarar i kommunen er for tida i gang med kompetanseplanar, og bruk av kompetansepakkar i KS Læring. Opplæring og oppfølging av etiske retningslinjer vil skje i dette systemet, og ikkje i kvalitetssystemet Compilo. Det viste seg at ROS-modulen i Compilo var for tung å ta i bruk. Her vil kommunen i staden bruka excel-verktøy utvikla av bedriftshelsetenesta til kommunen, og tilpassa dette til Kvam herad. Årshjul-modulen i Compilo svara heller ikkje til forventningane, og me kjem i staden til å bruka Framsikt til oppfølging.

Frå hausten 2020 er det omdisponert ressursar internt, slik at arbeid med internkontroll og HMS er styrka med 30 % koordinatorstilling. I løpet av 2021 vert stillinga auka til 50 %. Rådmannen forventar difor at kommunen kan få betre framdrift på arbeidet med internkontroll, men det vil avhenga av kor mykje leiarressursar pandemien vil krevja til neste år.

Helsing

Anita Hesthamar

Rådmann

Telefon: 56553035

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Mottakarliste:

Vestland fylkeskommune v/Roald Breistein

Vedlegg	Tittel
09.11.2020	Prioritert handlingsplan internkontroll

Tema	Oppgåva	Tiltak	Ansvar	Revidert frist	Frist per nov 20	Status
1. Ferdigstille arbeidet med å a. etablere eit felles internkontrollsystemet	a. utarbeide det overordna internkontrolldokumentet, og gjere det kjend blant tilsette og leiarar					
		Nytt utkast internkontrolldokument	Rådmann	aug.19		Utført
		Intern høyring	Rådmann	aug-sept. 19		Utført
		Ferdigstilla internkontrolldokument	Rådmann	mar.20		Utført
		Gjera dokument kjent	Rådmann	mar.20		Utført
	b. ytterlegare konkretisere måla for einingane					
		Vurdera verksemdstyringsprogram	Økonomisjef	haust 19		Utført
		Ta i bruk verksemdstyringsprogram	Økonomisjef	haust 19		Utført
		Fastsetja mål i samband med budsjettarbeid	Økonomisjef	haust 19	haust 21	i gang
	c. etablere rutine som sikrar at dei etiske retningslinene årleg blir drøfta av alle tilsette i heradet					
		Legg etiske retningslinjer på leseliste i Compilo	HR-sjef	vår 21		endra/utført
		Laga kurs etisk dilemma i KS Læring	Opplæringskoordinator	haust 19		Utført
		Distribuera kurs i etisk dilemma i KS Læring	Opplæringskoordinator	haust 19		Utført
		Følgja opp gjennomgang av etiske retningslinjer og kurs	Alle leiarar	frå haust 19		Utført
	d. utarbeide skriftlege rutinar for arbeidsprosessar som manglar dette					
		Halda fram arbeidet med å leggja inn frå filstruktur o.a.	Prosjektgruppa	haust 19	haust 21	i gang
		Gjennomføra ROS-analyse for kartleggja ev. manglande rutinar	Prosjektgruppa	haust 19	haust 21	i gang
		Utarbeida manglande rutinar	Aktuelle leiarar	haust 19/vår 20	haust 21	i gang
	e. ta i bruk dokumentstyringsmodulen i kvalitetssystemet, slik at rutinar blir haldne oppdaterte og blir gjort tilgjengelege på ein føremålstenleg måte					
		Sjekka at det ligg inne revisjonsvarsel på rutinar	Prosjektgruppa	haust 19	haust 21	i gang
		kontrollera oppdatering	HR-sjef	frå haust 19	haust 21	i gang
	Tilgjengeleg på føremålstenleg måte	HR-sjef	frå haust 19	haust 21	i gang	
2. Etablere system for å	a. gjennomføre risikovurderingar på både overordna og operasjonelt nivå					
		Opplæring i system - leiarar på leiarsamling i mars 19				Utført
		Sannsyn x konsekvens-skala	Plan- og byggesaksjef			Utført
		Laga struktur og plan for å ta i bruk ROS i kvalitetssystem	Prosjektgruppa	haust 19	haust 21	endra/i gang
		Laga ROS-vurderingar i kvalitetssystem	Aktuelle leiarar	haust 19/vår 20	haust 21	endra/i gang
	b. kontrollere at rutinar og retningsliner blir etterlevd					
		Laga system for rapportering av gjennomført internkontroll	Økonomisjef	vår 20	haust 21	utsett
		Laga system for stikkontrollar	Økonomisjef	vår 20	haust 21	utsett
	c. jamleg gjennomgå og evaluere internkontrollen					
		leggja inn årleg gjennomgang av internkontroll	Rådmann	frå vår 20	haust 21	Utsett
d. halde oversikt over kompetanse- og bemanningsbehov						
	vurdera kompetanseutviklingsplanar	HR-sjef	frå vår 20		Utført	

		vurdera om det skal lagast overordna bemanningsplanar	HR-sjef	haust 19		Utført
		ev. laga bemanningsplanar	Aktuelle leiarar	vår 20	haust 21	i gang
3. Vurdere tiltak for å						
	a. sikre at ansvar og myndigheit er tydeleg fordelt, blant anna gjennom at det administrative delegeringsreglementet blir gjort kjend					
		Publisera delegeringsreglement	Rådmann			Utført
		Gjera kjent delegeringsreglement	Rådmann			Utført
		Revidera delegeringsreglement	Adm. rådgjevar	etter val haust 19	vår 21	i gang
	b. auke fokus på å førebyggje korrupsjon og misleghald					
		tema i etikk-kurs i KS-Læring	Opplæringskoordinator			utført
		gjennomføra ROS-analyse for fare for korrupsjon og misleghald	Økonomisjef	vår 20	haust 21	utsett
		vurdera korrupsjon og misleghald som eige tema i revisjon av etis	Rådmann	haust 20	haust 21	utsett
	c. sikre tidsriktig og effektiv kommunikasjon og informasjon					
		Visma - kvittering lønskontering og dritsrekneskap	Økonomisjef			utført
		Internett - vidareutvikla informasjonstilbod	Info.rådgjevar	vidareføring		kontinuerleg
		Intranett - vidareutvikla informasjonstilbod	HR-sjef	vidareføring		kontinuerleg
		Interne nyhendebrev	Rådmann			kontinuerleg
		Ta bruk Teams som intern kommunikasjonsplattform	IT-leiar			utført
		Vidareutvikla bruk av Teams	IT-leiar			utført
		Leggja ut all nødvendig informasjon i dokumentmodulen i kvalitet	Prosjektgruppa			utført
	d. sikre at rapporteringa gir leiinga god oversikt og kontroll på heile verksemda					
		Ta i bruk verksemdstyringsprogram	Økonomisjef	haust 19/vår 20		utført
	e. sikre at rutinar for varsling og oppfølging av varsel blir gjort kjende					
		gjort kjent rutiner på leiarsamling	Rådmann			utført
		revidert varslingsrutiner	HR-sjef			utført
		gjera kjende nye varslingsrutiner	HR-sjef	haust 19		Utført
	f. vidareutvikle kulturen for å melde og følgje opp avvik					
		tema på leiarsamlingar og i leiarmøte	HR-sjef	vidareføring		kontinuerleg
		oppfølging i AMU	HR-sjef	vidareføring		kontinuerleg
		vidare opplæring i kvalitetssystem	Opplæringskoordinator	vidareføring		kontinuerleg



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/74-8
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	34/20	07.12.2020

Gjennomgang av møteprotokoller

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstilling til orientering.

Samandrag

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad som kan vera av interesse for utvalet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet 09.03.2020 vart kontrollutvalet samde om å fordele oppgåvene med å lese gjennom møteprotokollane slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Heradsstyret	Anita Sørnes
Formannskapet	Håvard Gjerde og Svanhild A. Botnen
Miljø, plan og bygningsutval	Gjermund Stuve og Michael Iversen

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad. Møteprotokollane kan lastast ned frå heimesida til heradet på denne lenkja: <https://www.kvam.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan/>

Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse i protokollane. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i heradet på, og kunne fange opp saker som no eller på eit seinere tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som er aktuell for gjennomgang:

- Heradsstyret 29.09. og 03.11.2020
- Formannskapet 23.09., 25.09. 28.10. og 25.11.2020
- Miljø, plan og bygningsutval 01.09., 22.09., 27.10. og 23.11.2020

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgangen av protokollane som kontrollutvalet bør vite meir om vert det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollene som går fram av saksfremstillinga over til orientering.



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/77-7
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	35/20	07.12.2020

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker eller gjera vedtak i saker som ikkje er på sakslista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalget 09.03.2020 i PS 10/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det vert teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessuten eventuelt å få orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.